



POLITIHØGSKOLEN

Norsk politi sin bruk av media som eit
etterforskningsverktøy: Vurderingar og samhandling

*«The media is therefore either a burden or an
investigative tool, depending on how it is handled.»
(Reid, 2009, s. 71)*

Solveig Sæther Skeidsvoll

Erfaringsbasert master i etterforskning

Kull 2020

Samandrag

I dette forskingsprosjektet har eg undersøkt korleis norsk politi brukar media som eit etterforskningsverktøy under etterforskning av grov vald og drap, ved å offentleggjere informasjon i media. Nærmare bestemt har eg undersøkt kva vurderingar polititilsette gjer knytt til om mediepresentasjonar er eit eigna verktøy, kva slike presentasjonar skal innehalde og korleis ulike roller i politiet samhandlar under førebuinga av presentasjonane. Formålet med prosjektet har vore å bidra til auka bevisstheit og kompetanse i politiet om formålsstyrt bruk av media som eit etterforskningsverktøy.

Temaet har eg undersøkt gjennom ei kvalitativ vignettundersøking, ved bruk av semistrukturerte intervju av påtalefaglege etterforskningsleiarar, politifaglege etterforskningsleiarar og ein kommunikasjonsrådgivar. Vidare har eg gjennomført ei tematisk analyse av materialet etter modellen til Braun og Clarke (2006). Hovudteorien brukt for å belyse materialet er Goffman (1959) sin rolleteori med omgrepa frontstage og backstage. I tillegg er det brukt teoriar om kommunikasjonsformer, tverrfagleg samhandling og hierarki.

Analysa av materialet viser at informantane sine ønsker om å bruke media avhenger av informasjonsbehov i etterforskinga, alvorlighetsgraden på lovbrøtet, ressursituasjonen og om politiet har behov for å kontrollere nyhendebiletet. Det kjem også fram at informantane balanserer etterforskingstaktiske, etiske og juridiske omsyn når dei utarbeider presentasjonar.

Vidare viser analysa at informantane ser på samhandlinga mellom påtalefaglege etterforskningsleiarar, politifaglege etterforskningsleiarar og kommunikasjonsrådgivarar som ein styrke i mediarbeidet. Det framstår som at samhandlinga hovudsakleg er prega av open perspektivdeling, forståing mellom rollene og situasjonstilpassa hierarki. Derimot underbygg analysa at informantane som er påtalefaglege og politifaglege etterforskningsleiarar opplev relasjonen til operasjonsleiarar og innsatsleiarar som meir utfordrande. Det framstår som at rollene i mindre grad verdsett forskjellane i perspektiv og tidvis er ueinige om kven som har avgjerdsmynde. Særleg er informantane misnøgde med kva informasjon innsatsleiar og operasjonsleiar deler, og når dei deler denne. For å løyse desse utfordringane tar informantane til orde for ei tettare og meir organisert samhandling med dei operative leiarane.

Abstract

The Norwegian police's use of the media as an investigative tool: Assessments and collaboration

In this research project, I have investigated how the Norwegian police service is using media as an investigative tool during the investigation of murder and other acts of serious violence, through publication of information in the media. More specifically, I have investigated how police employees assess whether media presentation is an appropriate tool, what such presentations should include, and how different roles in the police cooperate while preparing the presentations. The purpose of the project has been to increase the awareness and competence in the police about purpose-driven use of media as an investigative tool.

To investigate the topic, I have used qualitative vignette methodology, by conducting semi-structured interviews of prosecutors, senior investigative officers, and a media relations officer. Furthermore, I have conducted a thematic analysis of the material in accordance with the model of Braun and Clarke (2006). The main theory used to elucidate the material is the role theory of Goffman (1959) and the terms frontstage and backstage. Additionally, I have used theories of communication forms, interprofessional collaboration, and hierarchy.

The analysis of the material shows that the participants' willingness to share information through the media depends on the information needs of the investigation, the seriousness of the crime, the availability of resources, and whether the police need to control media depictions of the case. It is also revealed that the participants balance tactical, ethical, and juridical considerations when preparing the presentations.

Furthermore, the analysis shows that the participants view the collaboration between prosecutors, senior investigative officers, and media relations officers as beneficial when they prepare media presentations. It appears that the collaboration generally is characterized by an open sharing of perspectives, an understanding between the roles and a needs-based adaptation of hierarchy. On the other hand, the analysis substantiates that the prosecutor and senior investigator officer participants experience the relation to police leaders of field operations as more challenging. It appears that the roles to a lesser extent value the differences in perspective, and at times disagree about who has the decisive authority. In particular, the participants are dissatisfied with what information the leaders of the field operations share, and when they share it. To solve these challenges, the participants suggest a more tight-knit and organized collaboration with these leaders.

Forord

Tida er kome, eg skal levere masteroppgåva! Det har vore ein lang og utfordrande, men også lærerik og givande prosess. Det å vere i jobb, deltids masterstudent, kone, mamma og ven har til tider vore nær umogeleg. Likevel har mogelegheita til å grave seg ned i forskingsartiklar og faglege spørsmål vore ei glede og eit privilegium. Det er ei erfaring eg ikkje ville vore forutan.

Eg ønsker å rette ein stor takk alle som på ulike måtar har bidratt i arbeidet. Takk til arbeidsgivarar i Vest Politidistrikt som frå starten av har vore positive og støttande til gjennomføringa av mastergraden. Takk til kollegaer som har bidratt med oppmuntring og faglege tilbakemeldingar. Spesielt takk til Janne Ringset Heltne, Tore Salvesen og Sigurd Haga Malme. Heltne og Salvesen har gitt konkrete og gode tilbakemeldingar på vignetten og intervjuguiden, medan Malme deltok i pilotintervju.

Takk til faglærarar og medstudentar, særleg studiegruppa mi. Takk til familie som har stilt som barnevakt, slik at eg tidvis har fått studert meir enn ein time samanhengande. Ikkje minst takk til rettleiaren min Guro Flinterud. Du er fagleg sterk, motiverande og pedagogisk. Du har lest side opp og side ned med både uferdige og bearbeida tekstar, og du har gitt meg konstruktive råd og gode tilbakemeldingar.

Til slutt vil eg takke min kjære mann, Andreas, og nydelege, vesle Markus. Markus, du kom til oss som eit fyrverkeri midt i arbeidet med masteroppgåva. Du lyser opp kvardagen og eg er så glad i deg. Andreas, takk for alle kveldsstunder der vi saman har arbeida, du med din doktorgrad, og eg med mi masteroppgåve. På tross av at ditt fagfelt ikkje har nokre fellestrekk med mitt, har du vist ei ufråvikeleg interesse for arbeidet mitt. I tillegg har du korrekturlest heile oppgåva, gjentatte gonger. Takk! Det aller beste med å fullføre mastergraden, er at vi tre i familien får meir tid saman.

Bergen, november 2023

Solveig

Innhald

1 Innleiing	1
1.1 Tema og problemstilling	1
1.2 Avgrensingar	2
1.3 Politiet si organisering	3
1.4 Lovverk, retningslinjer og instruksar for etterforskingstaktisk informasjonsdeling i media	4
1.5 Tidlegare forskning.....	5
1.6 Oppbygging av oppgåva	9
2 Teori	10
2.1 Frontstage og backstage.....	10
2.2 Spontan og planlagt kommunikasjon	13
2.3 Tverrfagleg samhandling og hierarki	14
3 Metode.....	17
3.1 Bakgrunn for metodeval	17
3.2 Utval og rekruttering	19
3.3 Utforming av intervjuguide og vignett	21
3.4 Vignett	22
3.5 Materialinnsamling	24
3.6 Analyse	26
3.7 Forforståing og etiske omsyn	30
4 Grad av openheit i politiet sitt etterforskingstaktiske mediarbeid frontstage	33
4.1 Om politiet deler informasjons frontstage styrast av omstenda til saka og forsøk på kontroll.....	33
4.2 Innhaldet i mediepresentasjonar styrast av etterforskingstaktiske, etiske og juridiske omsyn.....	36
4.2.1 Etterforskingstaktiske refleksjonar	37
4.2.2 Etiske refleksjonar	41
4.2.3 Juridiske refleksjonar	45
4.3 Delavslutning.....	46
5 Organisering av politiet sitt etterforskingstaktiske mediarbeid backstage	47
5.1 Kommunikasjon og samhandling mellom PÅL, PEL og KOM.....	47
5.2 Kommunikasjon og samhandling mellom etterforskingsleiinga og dei operative leiarane	51
5.3 Form på møta mellom dei ulike rollane.....	56

5.4 Delavslutning.....	58
6 Konklusjon	59
6.1 Overordna funn.....	59
6.1 Forskinga sin relevans	61
6.2 Forslag til vidare forskning.....	62
7 Litteraturliste	64
8 Vedlegg	71
Vedlegg 1: Intervjuguide	71
Vedlegg 2: Informasjonsskriv til deltakarane og samtykkeskjema	75
Vedlegg 3: Retningslinjer for datainnsamlingssøknad til distrikta (Oslo politidistrikt)	79
Vedlegg 4: Døme på søknad til politidistrikt.....	80
Vedlegg 5: Søknad og godkjenning frå NSD	83
Vedlegg 6: Forklaring til forkortingar	88

1 Innleiing

1.1 Tema og problemstilling

Kvar dag, ofte fleire gonger til dagen, kan vi i ulike mediekanalar lese om drap, vald, sedskapslovbrot og andre alvorlege straffbare handlingar. Mediedekkinga av desse sakene er ofte kjenneteikna av store fontar og sjokkerande overskrifter, og dersom saka er ny og pågåande er den også ofte prega av hyppige oppdateringar med «siste nytt». I dette virvaret av nyhender og tabloide overskrifter, går politiet med jamne mellomrom ut i både tradisjonelle og sosiale media for å oppnå egne formål, herunder å skape framgang i pågåande etterforskingar.

Når politiet deler informasjon gjennom tradisjonelle media, entrar dei ein arena som på mange måtar er utanfor deira kontroll (Bennett, 2020; Feist, 1999; Huey & Broll, 2012; Innes, 1999). Sjølv om nyhendejournalistar ofte er villige til å vidareformidle informasjon, har dei andre formål enn politiet. Politiet sin jobb er i denne samanheng å legge til rette for innhenting av opplysingar som kan bidra til å avgjere spørsmålet om tiltale (Riksadvokaten, 1999; Straffeprosessloven, 1986, § 226). Nyhendemedia er derimot avhengige av å selje nyhender, og produserer derfor saker med mål om at publikum skal konsumere desse (Bennett, 2020; Innes, 1999). Vidare skal nyhendemedia opplyse publikum, vere sjølvstendige og ha ein kontrollfunksjon på samfunnet (Huey & Broll, 2012; Norsk presseforbund, u.å.). Dette samfunnsoppdraget inneber å vere kritiske (Norsk presseforbund, u.å.), og dei kan derfor ikkje blindt publisere informasjon frå politiet.

Når politiet deler informasjon gjennom egne mediekanalar, som politiet.no og kontoar på Twitter¹ og Facebook, kan dei oppleve auka kontroll ved å sjølv kunne tilpasse innhald og formuleringar (Boateng & Chenane, 2020; Colbran, 2020). Likevel finst det potensielle svakheiter ved desse mediekanalane, blant anna at innhald og formuleringar ofte er utvalt av enkeltpersonar (Boateng & Chenane, 2020). Vidare kan nokre innlegg bli omtalt i tradisjonelle media (Brunell et al., 2019), medan andre ikkje blir delt og slik berre når dei som oppsøker politiet sine mediekanalar.

På tross av utfordringar knytt til mediebruk finst det lite eksplisitte retningslinjer for korleis politiet kan bruke media som eit etterforskningsverktøy, og det er forska lite på dette temaet. I staden er arbeidet hovudsakleg vurderings- og erfaringsbasert. Følgeleg er det både interessant

¹ Twitter blir no kalla X. Sidan medieplattforma blei kalla Twitter under materialinnsamlinga, blir likevel namnet Twitter brukt i denne oppgåva.

og viktig å få innsyn i vurderingar som blir gjort. Derfor har eg valt å sjå nærmare på følgande problemstilling:

Korleis brukar politiet i Noreg media som eit verktøy under etterforsking av grov vald og drap?

For å belyse problemstillinga har eg formulert to forskingsspørsmål:

F1 Kva vurderingar gjer politiet knytt til om dei skal bruke mediepresentasjonar som eit etterforskningsverktøy og kva desse skal innehalde, og korleis blir vurderingane gjort?

F2 Kva vurderingar gjer politiet knytt til korleis ulike roller internt i etaten samhandlar når dei førebur mediepresentasjonar?

Formålet med F1 er å få innsyn i faktorar som kan påverke innhaldet i etterforskingstaktiske mediepresentasjonar i straffesaker om grov vald og drap, og korleis politiet veg desse mot kvarande. Formålet med F2 er å få innsyn i korleis roller i politiet samhandlar og kommuniserer i dette arbeidet. Samla ønsker eg gjennom avhandlinga å bidra til auka bevisstheit og kompetanse i politiet om formålsstyrt bruk av media som eit etterforskningsverktøy.

1.2 Avgrensingar

Denne oppgåva omhandlar politiet sin mediebruk gjennom offentleg informasjonsdeling for å skape framgang i pågåande etterforskingar, og ikkje i form av søk etter informasjon som allereie eksisterer i mediekanalar. Omgrepet “media” blir brukt om både tradisjonelle media som TV og nyhendeaviser, sosiale media som Twitter og Facebook og politiet si eiga internettside politiet.no. Denne vide definisjonen blir brukt fordi det i denne oppgåva er politiet sitt perspektiv på bruken av mediekanalane som er i fokus, framfor forskjellar mellom medietypene.

Avgrensinga til sakstypene grov vald og drap er først og fremst gjort for å betre samanlikningsgrunnlaget i materialet og fordi politiet jamleg brukar media som eit verktøy i desse sakene. På tross av avgrensinga innehar oppgåva moment som også kan vere relevante i etterforskinga av andre lovbrøt.

Vidare presenterer oppgåva erfaringar og perspektiv til påtalefaglege etterforskningsleiarar (PÅL), politifaglege etterforskningsleiarar (PEL) og ein kommunikasjonsrådgivar (KOM). Det hadde vore interessant å også belyse perspektiva til operasjonsleiarar og innsatsleiarar, men dette er utelate grunna ressursomsyn og er heller aktuelt å studere i eventuelle oppfølgande

studie. Som delkapittel 1.3 og 1.4 vil vise, er ovannemnte roller sentrale i politiet sitt mediearbeid i pågåande etterforskingar.

1.3 Politiet si organisering

Analysa i denne oppgåva forutset ei innsikt i politiet sin struktur og organisering. Dei delane av politiorganisasjonen som er sentrale for denne oppgåva blir presentert under.

I Noreg er det 12 politidistrikt og ei rekke særorgan (Politiet, u.å.-b). Eit kjenneteikn ved norsk politi er det «tospora system», som inneber at to overordna myndigheiter deler på etaten sine ansvarsområde. Riksadvokaten har ansvar for politiet sitt straffesaks- og etterforskningsarbeid, og Politidirektoratet og Justis- og beredskapsdepartementet har ansvar for politiet sine andre polisiaere verksemdar, derunder operativt arbeid (NOU 2017: 5, s. 28; Politidirektoratet, 2020, s. 17).

Etterforsking er undersøkinga politiet gjer for å innhente nødvendige opplysingar for å avgjere spørsmålet om tiltalte (Straffeprosessloven, 1986, § 226). Denne avhandlinga belyser mediehandtering og samhandling på avgjerdsnivået til PÅL og PEL, som saman utgjer etterforskningsleiinga og har ansvar for å sikre ei målretta, formålsstyrt og effektiv etterforsking av høg kvalitet (Riksadvokaten, 2018, s. 10). PÅL-rolla blir fylt av påtalejuristar, som er påtalemynda sine representantar på politistasjonane (NOU 2017: 5, s. 28). Denne rolla har det formelle leiaransvaret for etterforskingar (Påtaleinstruksen, 1985, § 7-5; Riksadvokaten, 2020, punkt 2.5.2). PEL-rolla blir fylt av politiutdanna, og står ansvarleg for den praktiske utøvinga av etterforskinga, derunder at den blir gjennomført i samsvar med faglege standardar (Riksadvokaten, 2020, punkt 2.5.4).

Kva eining som har ansvar for å stille med etterforskningsleiing avhenger blant anna av kva type lovbrøt som blir etterforska, kor alvorleg det er og kva stadium i etterforskinga ein er i. I denne oppgåva er særleg etterforskningsleiing ved Felles Straffesaksmottak (FSI) og i etterforskningskommandoplass (E-KO) sentrale. Felles straffesaksmottak har ansvar for å ta imot straffesaker, og for å sikre kvalitet og effektivitet i initialfasen av etterforskingar. Ved store hendingar har dei ansvar for etterforskningsleiing fram til E-KO er etablert (Politidirektoratet, 2020, s. 23). E-KO etablerast ved mistanke om ekstraordinære hendingar. I E-KO samlast etterforskningsleiing, oftast frå politidistriktet sin spesialistseksjon, fagansvarlege og metodeansvarlege, for å sikre rask oppstart av etterforsking og riktig ressursbruk (Politidirektoratet, 2020, s. 235).

Politiet sitt operative arbeid består blant anna av å oppretthalde offentleg ro og sikkerheit og å gi befolkninga hjelp i faresituasjonar (Politidirektoratet, 2020, s. 17; Politiloven, 1995, § 2, nr. 1 og 4). Den operative leiinga er sentral i denne avhandlinga, fordi avhandlinga blant anna tar for seg etterforsningsleiinga si samhandling med operasjonsleiar og innsatsleiar. Operasjonsleiar jobbar frå politiet sin operasjonssentral, og har ansvar for operasjonell leiing og koordinering av innsatspersonell (Politidirektoratet, 2020, s. 121-122). Operasjonsleiar har også ansvar for å koordinere etterforskningsinnsatsen fram til FSI eller E-KO kan ta over denne. Innsatsleiar jobbar blant innsatspersonellet, og har ansvar for taktisk leiing, koordinering og kvalitetssikring under akutte og planlagde hendingar (Politidirektoratet, 2020, s. 156-157). Gjennom utøvinga av desse arbeidsoppgåvene vil operasjonsleiar og innsatsleiar handtere ei rekke hendingar som er eller kjem til å vere under etterforsking, til dømes grov vald og drap.

På tvers av straffesaksarbeid og andre politiverksemder er kommunikasjonsstaben, som ved behov skal gi fagleg rettleiing i mediehandtering og bidra med praktiske gjeremål knytt til mediehandtering og formidling av informasjon (Politiet, u.å.-a). (KOM-rollene er oftast menneske med medie- eller journalistbakgrunn.

Forklaring til forkortingane nemnt i dette delkapittel kan også finnast i vedlegg 6.

1.4 Lovverk, retningslinjer og instruksar for etterforskingstaktisk informasjonsdeling i media

Norsk politi er underlagt teieplikt (Politiregisterloven, 2010, § 23), og det er derfor avgrensa kva informasjon politiet kan dele med media (Riksadvokaten, 1981). Offentleggjering av straffesaksinformasjon på politiet sitt initiativ blir regulert av politiregisterloven (2010) § 34 og politiregisterforskriften § 9-8 (Riksadvokaten, 2017, s. 23). I desse paragrafane står det at politiet kan dele opplysningar når formålet er å oppklare lovbrøt. Paragrafane blir praktisert noko ulikt i politidistrikta (Riksadvokaten, 2017, s. 23), noko som kan skape nyanseforskjellar i mediebruken.

Vidare må politiet, før offentleggjering av informasjon, gjennomføre ei forholdsmessigheitsvurdering, som blant anna vektlegg alvorsgrada på lovbrøtet, styrken på mistanken, graden av eksponering, personlege forhold hos mistenkte og oppklaringspotensialet ved bruk av lempelegare middel (Riksadvokaten, 2017, s. 23). Det finst også både nasjonale og lokale medieinstruksar som skal rettleie polititilsette i generell mediehandtering. Den følgjande presentasjonen er basert på nasjonale instruksar og lokale instruksar frå Vest Politidistrikt.


PÅL-rolla har det overordna ansvaret for mediehandtering i straffesaksarbeid, og bestemmer i samråd med PEL og einingsleiar kven som uttaler seg og korleis dette blir gjort (Vest Politidistrikt, 2022, s. 5). Innsatsleiar og operasjonsleiar har ansvar for mediehandtering i operativt arbeid (Politidirektoratet, 2020, s. 126-127 og 159; Vest Politidistrikt, 2022, s. 4). Etterforskningsleiinga og den operative leiinga bør drøfte mediebodskap med kvarandre. Kommunikasjonstilsette gir rettleiing ved behov (Politiet, u.å.-a; Vest Politidistrikt, 2022).

I tillegg til tradisjonelle media kan politiet bruke sosiale media (Politiet, u.å.-a; Vest Politidistrikt, 2020), som Twitter. Operasjonssentralen har ansvar for politiet sin Twitter-konto. Dei brukar denne primært til å skrive om politiet sine pågåande oppdrag og operasjonar (Politidirektoratet, 2018, s. 3), men kan også be om tips i pågåande etterforskingar (Politidirektoratet, 2018, s. 10). Operasjonssentralen skal vise ekstra varsemd med deling av informasjon i straffesaker (Politidirektoratet, 2018, s. 9), og skal ikkje legge ut Twitter-meldingar om «etterforskningshensyn». (Politidirektoratet, 2018, s. 10). Kva etterforskningsomsyn er, blir ikkje skildra nærmare i rettleiaren frå Politidirektoratet.

1.5 Tidlegare forskning

I arbeidet med å få oversikt over tidlegare forskning, har eg over tid gjort ei rekke litteratursøk i ulike søkemotorar, særleg Google Scholar og Oria. Søka har inkludert ord som “media”, “sosiale media”, “Twitter”, “politi”, “etterforskningsverktøy” og “kontroll”, og ulike variasjonar av desse omgrepa på både norsk og engelsk. Eg har også gått gjennom litteraturlistene til relevante forskingsartiklar. Gjennom dei ovannemnte undersøkingane har eg ikkje funne forskning på korleis norsk politi brukar media som eit etterforskningsverktøy. Derimot eksisterer det noko relevant internasjonal forskning.

Særleg har Bennett (2020) og Innes (1999) inspirert utforminga av denne oppgåva. Bennett (2020) forska på media som eit etterforskningsverktøy i *cold case*-drap. I forskinga observerte han eit *cold case*-team i England og gjennomførte intervju av tolv erfarne etterforskarar frå slike saker. Han analyserte materialet gjennom ei induktiv tematisk analyse, og utvikla tre tema og seks undertema, sjå figur 1. Temaet Bennet kallar *obtaining information* (innhenting av informasjon), representerer eit av formåla med politiet si informasjonsdeling i media. Tilhøyrande undertema *murder-anniversaries* (drapsjubileum) handlar om at politiet brukar jubileum som ei anledning til å etterspørje informasjon. Undertemaet *identifying and encouraging witnesses* (identifisering og oppmuntring av vitne) handlar om at politiet gjennom media forsøker å identifisere vitne og oppmuntre dei til å ta kontakt.



Figur 1. Tematisk kart utvikla av Bennet (Bennet, 2020, s. 154).

Det andre hovudtemaet kallar Bennet *the victim's demographics* (offeret sin demografi), altså kjenneteikna til offeret. Tilhøyrande undertema er *misrepresentation of victims* (uriktige framstillingar av offer) og *inappropriate coverage* (upassande mediedekking). Under desse temaa drøftar Bennet korleis nokre offer kan framstillast med negative karakteristikkar i media, noko som kan påverke offer og pårørande negativt. Han drøftar også korleis media og publikum kan vere særleg interesserte i visse typar fornærma. Temaet Bennet kallar *the circumstances of the case* (omstenda til saka) omhandlar korleis medieinteressa og utforminga av nyhendesaker blir påverka av korleis offer blir drepne. Tilhøyrande undertema *integrity of case* (integriteten til saka) omhandlar at media kan vere vanskeleg å kontrollere og kan påverke etterforskinga. Undertemaet *public's interest* (offentlegheitas interesse) handlar om at innhaldet i nyhendesaker avhenger av kva publikum er interesserte i.

I denne avhandlinga blir Bennet si forskning særleg brukt i drøftinga av vurderingar knytt til innhaldet i mediepresentasjonar.

Innes (1999) forska på korleis politiet i England brukar media som eit etterforskningsverktøy i drapssaker. Dette gjennom å observere pågåande etterforskingar, intervjuje etterforskarar og studere saksdokument. I forskinga fann Innes at politiet deler ulike typar informasjon gjennom media:

- Informasjon om offer og *modus operandi*
- Informasjon om mistenkte
- Ny informasjon
- Rekonstruksjonar
- Familiepresentasjonar

Vidare skildrar Innes seks formål med å offentliggjere informasjon:

1. Få gjerningspersonen til å overgi seg
2. Få gjerningspersonen til å oppføre seg uvanleg
3. Få menneske som skjuler eller veit om personen til å ta kontakt
4. Få nokon til å gjenkjenne personen (ved ei etterlysing)
5. Nå relevante vitne
6. Utvikle nye mistankar

Forskinga til Innes er frå 1999, og det har skjedd store endringar i politiet og media sidan. Likevel er den relevant fordi det framstår meiningsfylt å sjå dagens mediebruk i lys av kategoriane skildra over. I denne avhandlinga blir forkinga særleg brukt i drøftinga av vurderingar knytt til innhaldet i mediepresentasjonar.

Fleire andre har forska på politiet sin bruk av media som eit etterforskningsverktøy. Wilson et al. (2011) har gjort undersøkingar som er relevante for problemstillinga i denne oppgåva. Gjennom djupneintervju av etterforskningsleiarar i England forska dei på mediestrategi i drapssaker og ulike spenningar og mogelegheiter i forholdet mellom politi og media. I forkinga fann dei at politiet tilsynelatande ønsker å kontrollere mediedekkinga og samstundes halde media på avstand ved å dekke media sine informasjonsbehov. Vidare skriv dei at politiet brukar ulike verkemiddel for å klare dette. Eit av verkemidla er å gi ein person ansvar for mediekontakten. Eit anna er å gi informasjon til media, gjerne noko nytt og kvar dag. Eit siste er å halde ein pågåande dialog med media.

Boateng og Chenane (2020) forska på kva politiet brukar Twitter til og informasjonen dei deler der. Dei fann at politiet brukar Twitter til dels som eit etterforskningsverktøy, men at dei ikkje fullt utnyttar potensialet ved mediekanalen. For å sikre større likskap på Twitter etterspør dei fleire retningslinjer for kva informasjon politiet kan dele og kven som har ansvar.

Det finst også relevant forking som i mindre grad overlappar med denne oppgåva. Webbink et al. (2017) og Miles (2005) har undersøkt effekten av å etterlyse potensielle gjerningspersonar på TV. Ferguson og Soave (2020) har sett på effekten av å dele emneknaggar, lenker og bilete/video av sakna personar i Twitter-meldingar. Vidare har Brunell et al. (2019) forska på korleis kjensler som blir uttrykt i politiinnlegg på Facebook påverkar kor mange gonger eit innlegg blir delt.

Vidare er det lite forskning som tar for seg samhandling internt i politiet under førebuing av etterforskingstaktiske mediepresentasjonar. Nokre forskarar er likevel innom temaet. Innes (1999) og Wilson et al. (2011) skriv at det er viktig at ein person har hovudansvar for å uttale seg til media, medan Huey og Broll (2012, s. 392) påpeikar at det også kan vere ei lita gruppe som har dette ansvaret. Vidare skriv Chermak og Weiss (2005), som forska på korleis politiet i Florida brukar media som eit legitimeringsverktøy, at organiseringa av politiet si medieverksemd er blitt betre etter tilsettinga av medievitarar. Dette kan underbyggast av Huey og Broll (2012, s. 392) som skriv at kommunikasjonsrådgivarar kan støtte med mediehandtering i etterforskingar. Chermak og Weiss (2005) påpeikar at det bør forskast meir på korleis kommunikasjonsrådgivarar samhandlar med andre roller i politiet.

I tillegg til dei nemnte fagfelleverderte artiklane, eksisterer det noko relevant litteratur som ikkje er fagfelleverdert. Blant anna har Reid (2009) skrivt ein artikkel publisert i *The Journal of Homicide and Major Incident Investigation*, som er ein engelsk fagjournal retta mot politifaglege etterforskingssleiarar, der fagpersonar og avgjerdstakarar kan dele kunnskap og erfaringar. Reid skriv blant anna om korleis politiet kan bruke media som eit verktøy, og om utfordringar med mediehandtering og førebygging av desse. Han påpeikar at korrekt mediehandtering er eigna til å informere publikum på ein effektiv og nøyaktig måte på eit eigna tidspunkt, og til å be om informasjon. Vidare skriv han at PEL-rolla bør ha kontroll på informasjonsflyten til media. Dette er annleis enn i Noreg, der det som presentert i delkapittel 1.4 er PÅL-rolla som har hovudansvar for mediehandteringa. Ein årsak til skilnaden kan vere at påtalemynda ikkje er ein integrert del av politiet i England. Reid skriv vidare at PEL-rolla bør samhandle med kommunikasjonsrådgivarar og menneske med juridisk kompetanse.

Feist (1999) har skrivt ein rapport om effektiv bruk av media i alvorlege etterforskingar i England, publisert av det britiske innanriksdepartementet Home Office. Rapporten er basert på ein gjennomgang av 16 etterforskingar av alvorlege lovbrøt og på intervju av fleire kommunikasjonsrådgivarar og politifaglege etterforskingssleiarar. I arbeidet fann Feist at mediehandtering i alvorlege saker er ei kompleks oppgåve, fordi bruken av media kan vere verdifull, men samtidig vanskeleg, tidkrevjande og ressurskrevjande. I rapporten drøftar han blant anna mediestrategiar, fordeler og ulemper med informasjonsdeling og politiet sitt forhold til pårørande. I tillegg belyser rapporten kva kommunikasjonsrådgivarar kan bidra med i etterforskingar. Det blir også påpeikt at kommunikasjonen mellom kommunikasjonsrådgivarar og etterforskingssavdelinga har betra seg over tid, men at det er avgjerande at begge partar forpliktar seg til og jobbar for å oppnå eit konstruktivt samarbeid.

1.6 Oppbygging av oppgåva

Avhandlinga består av seks kapittel. I det følgande kapittelet gjer eg greie for det teoretiske rammeverket til oppgåva. Hovudteorien er Goffman sin rolleteori og omgrepa frontstage og backstage (Goffman, 1959). I tillegg er teoriar knytt til spontane og planlagte møteformer, tverrfagleg samhandling og hierarki sentrale.

For å svare på problemstillinga og forskingsspørsmåla har eg gjennomført ei kvalitativ vignettundersøking i form av semistrukturerte intervju, og analysert materialet gjennom ei tematisk analyse. Kapittel 3 presenterer bakgrunn for val av metode, utval og rekruttering, utarbeiding av intervjuguide og vignettar og gjennomføring av intervju og analyse. Kapittelet tar også for seg etiske omsyn og refleksjonar rundt forskinga sin kvalitet.

Kapittel 4 tar sikte på å svare på forskingsspørsmål 1 ved å presentere og drøfte materialet, særleg i lys av omgrepa frontstage og backstage. Kapittelet er delt inn i to delkapittel, der det første ser på argument for og mot bruken av media som eit etterforskningsverktøy. Det andre tar for seg utveljinga av informasjon som inngår i mediepresentasjonar. Kapittel 5 har som formål å svare på forskingsspørsmål 2 gjennom å presentere og drøfte materialet i lys av omgrepa frontstage og backstage, i tillegg til teoriar om tverrfagleg samhandling, hierarki og møteformer. Dette kapittelet er delt inn i tre delkapittel. Det første omhandlar kommunikasjon og samhandling mellom PÅL, PEL og KOM og det andre tar for seg kommunikasjon og samhandling mellom etterforskningsleinga (PÅL og PEL) og dei operative leiarane (innsatsleiar og operasjonsleiar). Det tredje delkapittelet belyser kva møteformer som blir brukt mellom dei ulike rollene i ulike situasjonar.

Avslutningsvis oppsummerer eg funna og ser på deira relevans for politiet si etterforskning. I avslutninga kjem eg også med forslag til vidare forskning.

2 Teori

Ein teori er eit sett med meiningar om eit fenomen som bidrar til å belyse materialet og gi det meining utover det openlyse (Johannessen et al., 2018, s. 29-32). Hovudteorien brukt for å belyse materialet i denne oppgåva er Goffman (1959) sin rolleteori, derunder omgrepa frontstage og backstage, og Ericson (1989) og Lewin og Reeves (2011) sine vidareutviklingar av denne teorien. Vidare er det i analyseprosessen brukt teoriar om spontan og planlagt kommunikasjon, tverrfagleg samhandling og hierarki.


2.1 Frontstage og backstage

Goffman sin rolleteori handlar om korleis menneske handlar og opptrer i relasjon til kvarande, og tilpassar seg omstenda dei er i (Goffman, 1959). For å skildre korleis menneske opptrer, brukar han ei teaterscene som analogi, og derav omgrepa frontstage (på scena) og backstage (bak scena). Backstage brukast om dei områda der menneske ikkje treng å forhalde seg til utanforståande, og kan slappe av eller uforstyrra planlegge korleis dei ønsker å framstå frontstage. Frontstage brukast om dei områda der menneske er framfor andre og spelar rolla som er planlagt backstage (Ekstrand & Damman, 2016; Ericson, 1989; Goffman, 1959, s. 66-72). Goffman (1959, s. 72) eksemplifiserer dette med eit døme frå restaurantverda, der kjøkken- og restaurantpersonalet spelar andre roller frontstage i kommunikasjon med kundane enn backstage i dialog med personellet på kjøkkenet.

Teorien er brukt av fleire forskarar for å belyse korleis menneske samhandlar, både på person- og organisasjonsnivå, i den fysiske verda og i den digitale verda (Bullock, 2018; Ekstrand & Damman, 2016; Ericson, 1989; Hindmarsh & Pilnick, 2002; Lewin & Reeves, 2011). Ericson (1989) har brukt teorien for å studere politiet i Canada si rolle som nyhendekjelde, og korleis dei forsøker å verne arbeidet sitt og kontrollere medieframstillingar av etaten gjennom ulike gradar av openheit frontstage i media og backstage i politiorganisasjonen. Han påpeikar at politiet skjermar informasjon om til dømes strategiar, prioriteringar og etterforskingar, og synleggjer informasjon som underbygger politiet sin effektivitet og suksess. Sjølv om forskinga blei gjennomført for mange år sidan framstår den framleis aktuell, fordi den framhevar ein dynamikk mellom media og politiet som framleis er gjeldande (Huey & Broll, 2012; Wilson et al., 2011).

I forskinga utvikla Ericson ein modell som illustrerer og klassifiserer ulike måtar politiet forheld seg til journalistar på, sjå figur 2. I modellen skil Ericson mellom politipraksis frontstage og politipraksis backstage. Den fremre regionen deler han inn i sonene *censorship* (sensur) og

publicity (publisitet). Den bakre regionen deler han inn i sonene *secrecy* (hemmeleghald) og *confidence* (tillit).



Figur 2. Illustrasjon av Ericson sin modell, (Ericson, 1989, s. 211).

Sona «hemmeleghald» er kjenneteikna av svært låg grad av openheit med omverda. Der kan politiet trekke seg tilbake og arbeide uforstyrra, ha samtalar om sensitive tema og legge planar for korleis dei ønsker å framstå frontstage i media. Ericson (1989) poengterer at hemmeleghald er ein innarbeidd og lovfesta del av politikulturen, som er avgjerande for deira evne til å handle, redusere sårbarheit og auke graden av forutsigbarheit. Sjølv om hemmeleghald er avgjerande for politiet sitt arbeid, er dette vanskeleg å oppretthalde, blant anna grunna interne lekkasjar og journalistar som publiserer uønskte nyhendesaker (Ericson, 1989).

Den andre sona backstage, «tillit», er ei sone der journalistar politiet har tillit til får informasjon som dei berre vidareformidlar etter klarsignal frå politiet, til avtalt tid og stad. Ericson skriv at politiet på denne måten kan få betre kontroll over innhaldet i nyhendesaker. Journalistane som er backstage, kallar Ericson innside-journalistar.

«Sensur» er ei sone frontstage der politiet forsøker å kontrollere medieinnhald ved å dele nøye utvalt og avgrensa informasjon. Sona kan gi inntrykk av at politiet er opne og transparente, sjølv om dei i realiteten hemmelegheld store mengder informasjon. Ericson uttrykk at politiet sensurer nyhendeinnslag for å presentere kriminaliteten slik dei ønsker at publikum skal tru den er, ikkje nødvendigvis slik den er. Den siste sona frontstage, «publisitet», er prega av stor grad av openheit.

Til forskjell frå Ericson, som brukar modellen til å studere korleis politiet beskyttar og promoterer politietaten generelt, blir modellen i denne oppgåva brukt til å studere politiet sitt etterforskingstaktiske mediearbeid. Nærmare bestemt blir modellen brukt til å belyse korleis PÅL, PEL og KOM gjennom ulike grader av openheit forsøker å beskytte etterforskingar og

bruke media som eit etterforskningsverktøy. Omgrepet frontstage er i denne oppgåva i hovudsak brukt om politiet sine innlegg og utsegn gjennom media. Frontstage-sonene til Ericson, særleg omgrepet «sensur», blir hovudsakeleg brukt for å belyse informantane sine vurderingar rundt innhaldet i mediepresentasjonar. Backstage er i denne oppgåva i hovudsak området internt i politiet der journalistar og publikum i utgangspunktet ikkje har tilgang. Backstage-sonene til Ericson blir i oppgåva særleg brukt til å belyse korleis ulike roller internt i politiet samhandlar når dei førebur frontstage-presentasjonar, og i kva grad samhandlinga er prega av openheit, hemmelegald og tillit.

Lewin og Reeves (2011) har studert tverrfagleg samhandling i helsevesenet gjennom intervju og observasjon, og har i dette arbeidet vidareutvikla ein Goffman-inspirert modell av Sinclair frå boka *Making Doctors: An Institutional Apprenticeship* frå 1997. Den vidareutvikla modellen illustrerer tverrfagleg interaksjon frontstage og backstage i helsevesenet, sjå figur 3.

I modellen er både frontstage- og backstage-områda inndelt i to soner: «planlagt» og «ad hoc». Vidare inneheld modellen eit *offstage*-område, men dette området er ikkje relevant for denne oppgåva og blir derfor ikkje skildra nærmare. Planlagte frontstage-situasjonar er førehandsbestemte kommunikasjonssituasjonar som involverer ulike profesjonar og føregår framfor utanforståande. I Lewin og Reeves si forskning er dette interaksjon framfor pasientar, pårørande eller liknande, til dømes under avdelingsrundar. I forskinga fann dei at denne kommunikasjonen var mangelfull, og at den i hovudsak hadde som funksjon å bevare omdømme. *Ad hoc*-frontstage-situasjonar er spontan kommunikasjon mellom profesjonar framfor utanforståande. Lewin og Reeves skriv at denne kommunikasjonstypen ofte fungerer betre enn planlagt kommunikasjon. Dette med unntak av mellom legar og sjukepleiarar, der også den spontane kommunikasjonen kan vere problemfylt.

	PLANNED	AD HOC	OFFSTAGE
FRONT STAGE	Ward rounds	Interprofessional interactions in front of patients on the wards	Social activities
BACK STAGE	Multidisciplinary team meetings	Corridor interactions	

Figur 3. Modell som illustrerer tverrfagleg interaksjon frontstage og backstage i helsevesenet (Lewin og Reeves, 2011, s. 1599).

Planlagt backstage-kommunikasjon skjer til dømes under førehandsbestemte møter mellom profesjonar utan publikum. Slike møter blir av informantane sett på som ein nøkkelmekanisme

i den tverrfaglege samhandlinga (Lewin & Reeves, 2011). Likevel viser forskinga at også denne kommunikasjonsforma kan fungere dårleg, blant anna grunna manglande deltaking, noko som kan hindre avgjerdstaking. *Ad hoc*-backstage-situasjonar er kommunikasjon som skjer spontant mellom ulike profesjonar utan publikum. Lewin og Reeves fann at denne kommunikasjonen kan fungere betre, men at den ofte har ein sosial funksjon framfor ein fagleg. Dei konkluderer med at store deler av backstage-arbeidet i helsevesenet skjer for å oppretthalde eit inntrykk av pågåande tverrfagleg samhandling.

I motsetning til dette argumenterer Ellingson (2003), som også forska på samhandling i helsevesenet, for at backstage-områder i stor grad brukast til å løyse utfordringar og førebu frontstage-presentasjonar. Ho skriv at profesjonelle opplev færre forstyrningar og kan snakke meir openhjarta om pasientar og utfordringar backstage enn frontstage. Ellingson poengterer også at det kan vere flytande overgangar mellom backstage og frontstage, til dømes ved at opning av ei dør til eit møterom kan eksponere kommunikasjon mellom sjukehusstilsette for utanforståande (Ellingson, 2003, s. 104).

Forskinga til Lewin og Reeves (2011) og Ellingson (2003) blir i denne oppgåva brukt til å belyse samhandlinga mellom roller med ulike arbeidsoppgåver og perspektiv internt i politiet. Dette blant anna ved å diskutere nyansar mellom kva som kan opplevast som frontstage og backstage for ulike roller, og overgangane mellom desse områda. Vidare blir omgrepa planlagt og *ad hoc* brukt til å drøfte korleis ulike roller i politiet kommuniserer med kvarande og media.

2.2 Spontan og planlagt kommunikasjon

Fleire forskarar har, som Lewin og Reeves (2011), undersøkt korleis menneske kommuniserer planlagt og *ad hoc*, og kor godt desse kommunikasjonsformene fungerer (Appel-Meulenbroek et al., 2018; Eisenbart et al., 2016; Gotlib Conn et al., 2012). Appel-Meulenbroek et al. (2018) skriv at organisasjonar ofte legg for stor vekt på formelle møter, og at uplanlagt kommunikasjon kan bidra til auka involvering og kunnskapsdeling mellom kollegaer. Eisenbart et al. (2016), som forska på korleis planlagte og uplanlagte møter påverkar effektiviteten til avgjerdstaking på eit sjukehus, trekk også fram positive sider ved spontan kommunikasjon. Dei skriv at planlagte møter med ein kjent agenda kan gi både auka konfliktnivå, lange møter og uventa utfall, fordi møtedeltakarar kan gjere seg opp meiningar i forkant av møta (Eisenbart et al., 2016, s. 26-29). Derimot poengterer dei at ein i uplanlagte møter lettare kan tilpasse seg nye meiningar og utfall, fordi ein ikkje får moglegheit til å førebu seg og slik kan bli mindre påverka av eigne bias (Eisenbart et al., 2016, s. 20). Dei nyanserer dette ved å påpeike at


møtedeltakarar bør inneha kunnskap om temaa ein skal ta avgjerder om (Eisenbart et al., 2016, s. 31).

Vidare har Gotlib Conn et al. (2012) undersøkt kvaliteten og effektiviteten på tverrfagleg samhandling mellom ulike legefunksjonar og andre tilsette på eit sjukehus. Dei skriv at velfungerande samhandling avhenger mindre av om kommunikasjon er spontan eller planlagt, og vektlegg heller viktigheita av gode relasjonar og tilgjengelegheit mellom samarbeidspartnarar (Gotlib Conn et al., 2012, s. 4-6).

Som Lewin og Reeves (2011) si forking, blir forkinga presentert i dette delkapittelet brukt til å belyse korleis ulike roller i politiet kommuniserer med kvarande og media.

2.3 Tverrfagleg samhandling og hierarki

Som påpeika av Gotlib Conn et al. (2012), er det ikkje berre kommunikasjonsform som har betydning for om kommunikasjon og avgjerdstaking er velfungerande i tverrfagleg samhandling. Bronstein (2003) har utvikla ein modell over komponentar som er sentrale i slik samhandling basert på litteratur om sosialt arbeid, sjå figur 4. Den første komponenten er *interdependence* (gjensidig avhengigheit), som betyr at dei ulike samarbeidspartnarane er bevisste på forskjellane seg imellom, og er avhengige av kvarande i oppgåveløysinga (Bronstein, 2003, s. 299-300; Franklin et al., 2015, s. 4). Dette inneber også at dei har respekt og forståing for kvarandre sine meiningar (Bronstein, 2003, s. 299-300).



Figur 4. Illustrasjon over sentrale komponentar i tverrfagleg samhandling (Bronstein, 2003, s. 299).

Den andre komponenten kallar Bronstein (2003, s. 300) *newly created professional activities* (nyoppretta profesjonelle aktivitetar). Komponenten handlar om at dei ulike rollene løyser

oppgåver på ein annan og betre måte saman enn åleine, der ekspertisen til samarbeidspartnarane kan utnyttast maksimalt.

Den tredje komponenten i Bronstein sin modell, *flexibility* (fleksibilitet), handlar om at samarbeidspartnarane inngår kompromiss og tilpassar seg ulike behov i endrande situasjonar (Bronstein, 2003, s. 300-301). Rollene til samarbeidspartnarane bør ikkje berre avhenge av opplæring, men også av behova til situasjonen, organisasjonen, kollegaer og klientar. Det å kunne tilpasse seg på denne måten blir av nokre forskarar kopla til flate strukturar og flate hierarki (Bronstein, 2003; Franklin et al., 2015, s. 5).

Hierarki er blant anna definert som ei rangeringsrekkefølge av individ eller grupper med omsyn til ein verdsett sosial dimensjon (Magee & Galinsky, 2008, s. 354), og kan eksistere i fleire former (Anderson & Brown, 2010, s. 57). King (2005) argumenterer for at det eksisterer fem ulike hierarki i politiet. *Skills hierarchy* (ferdigheitshierarki) handlar om at polititilsette blir rangert etter ferdigheitar innan gitte område, som til dømes digital kompetanse eller mellommenneskelege eigenskapar. *Reward hierarchy* (belønningshierarki) er rangering basert på lønn og ytingar, *seniority hierarchy* (ansiennitetshierarki) er rangering basert på ansiennitet og *status hierarchy* (statushierarki) er rangering basert på ære og respekt frå andre. Det siste hierarkiet er *authority hierarchy* (autoritetshierarki), som er rangering basert på formell makt.

Tydelege hierarki kan gi negative konsekvensar som anstrengde forhold mellom roller (Lewin & Reeves, 2011) og mindre effektiv problemløysing (Devine, 1978). Likevel kan det også gi positive konsekvensar som etablering av orden, motivering av enkeltpersonar og tilrettelegging for koordinasjon (Magee & Galinsky, 2008, s. 353).

Bronstein (2003) sin fjerde komponent, *collective ownership of goals* (kollektivt eigarskap av mål), inneber at samarbeidspartnarane har klart definerte og realistiske mål, og delt ansvar for å nå desse. Også Franklin et al. (2015, s. 5) påpeikar at felles mål er viktig for effektiviteten til tverrfagleg samhandling i helsevesenet. Den siste komponenten i Bronstein (2003, s. 302) sin modell er *reflection on process* (refleksjon over prosess), som betyr at samhandlinga og effektiviteten kan betrast ved at samarbeidspartnarane er i dialog om samhandlinga og innlemmar tilbakemeldingar i denne. Samla er det viktig for velfungerande samhandling at deltakarane tenker dei har meir å vinne enn å tape på å jobbe saman (Bronstein, 2003; Franklin et al., 2015).

I denne oppgåva bli modellen til Bronstein (2003) og teori kytt til tverrfagleg samhandling og hierarki brukt til å belyse samhandlinga mellom ulike roller i politiet. Sidan politietaten er ein

hierarkisk organisasjon (King, 2005; Mead, 2002), blir teorien særleg brukt til å studere korleis hierarki påverkar forholdet mellom rollene. Oppgåva belyser også korleis samhandlinga samstemmer med komponentane i modellen til Bronstein.

3 Metode

I kvalitativ forskning er det viktig med transparens og refleksivitet for at lesaren skal kunne vurdere kvaliteten på forskinga og eventuelt samanlikne den med anna forskning (Braun & Clarke, 2006; Nilssen, 2012, s. 140-141; Skilbrei, 2019, s. 12). Vidare avheng verdien til forskinga av at den er truverdig og påliteleg (Nilssen, 2012, s. 141-142; Skilbrei, 2019, s. 87-88). Derfor har dette kapittelet som formål å skildre heile forskingsprosessen og gjere greie for og reflektere over grunnlaget for resultatane.

For å svare på problemstillinga og forskingsspørsmåla i denne oppgåva har eg gjennomført ei kvalitativ vignettundersøking ved bruk av semistrukturerte intervju. Gjennom store delar av forskingsprosessen har eg hatt ei induktiv tilnærming, ved å forsøke å finne relevante drøftingstema gjennom ei ope analyse av materialet framfor å ta utgangspunkt i førehandsdefinerte teoriar (Nilssen, 2012, s. 14; Tjora, 2017, s. 198). Likevel er rein induksjon umogeleg i praksis (Bukve, 2021, s. 65), blant anna sidan forskingsprosessar blir påverka av tidlegare tileigna kunnskap, forforståing og perspektiv (Nilssen, 2012, s. 61). I mitt tilfelle er arbeidet prega av min politi- og journalistikkfaglege bakgrunn, noko som kjem til uttrykk blant anna gjennom val av problemstilling og metode, utarbeiding av intervjuguide og det eg finn interessant i materialet.

Vidare har eg gjennomført ei tverrsnittundersøking, som betyr at materialinnsamlinga er gjort over eit gitt tidsrom (Johannessen et al., 2016, s. 70-71), i dette tilfellet våren/sommaren 2022. Resultat- og drøftingsdelen gir derfor eit augneblinksbilete frå denne perioden, og det er usikkert i kva grad den gjenspeglar korleis ting har vore eller kjem til å bli, eller korleis ting har utvikla seg over tid. Det kunne vore interessant å gjennomføre ei longitudinell undersøking, der materialet blir samla inn på meir enn eitt tidspunkt (Johannessen et al., 2016, s. 71-73), for å til dømes studere korleis den pågåande utviklinga av sosiale medieplattformer påverkar politiet sin etterforskingstaktiske mediebruk.

Innleiingsvis i dette kapittelet blir metodeval og bakgrunnen for dette presentert. Vidare skildrar eg utvalet og rekrutteringa, og utarbeidinga av vignetten og intervjuguiden. Deretter gjer eg greie for innsamlinga og analysa av materialet. Avslutningsvis tar eg for meg relevante etiske omsyn.

3.1 Bakgrunn for metodeval

Ein vignett er ei kort og fiktiv, men realistisk skildring av eit samfunnsmessig fenomen (Alexander & Becker, 1978; Ejernæs & Monrad, 2012, s. 13). Vignettmetoden er når ein eller

fleire slike skildringar blir presentert for personar som kan ha interessante tankar om det skildra fenomenet (Ejrnæs & Monrad, 2012; Hughes & Huby, 2002). Metoden kan brukast til å samle informasjon om haldningar, førestillingar, vurderingar og tolkingar rundt fenomenet (Ejrnæs & Monrad, 2012; Hughes & Huby, 2002; Jobe & Glidden, 2008, s. 332). Særleg er metoden eigna til å undersøke profesjonelle aktørar sine haldningar til faglege problemstillingar innanfor deira profesjon (Ejrnæs & Monrad, 2012, s. 16-17), slik eg undersøker PÅL, PEL og KOM sine tankar rundt etterforskingstaktisk mediebruk. Metoden er også eigna til å intervjuje personar som behandlar sensitiv informasjon, som informantane i denne oppgåva som behandlar teiepliktsbelagt informasjon. Dette fordi deltakarane kan vise til vignettar i staden for personlege erfaringar (Barter & Renold, 2000; Hughes & Huby, 2002; Jeffries & Maeder, 2005; Riley et al., 2021). Slik kan metoden bidra til analysa sin gyldigheit, altså i kva grad det er ein logisk samheng mellom problemstilling, forskingsprosjektet si utforming og funn (Tjora, 2017, s. 231). Vidare legg vignettar til rette for at informantane kan forhalde seg til same kontekst, slik at utsegn frå ulike informantar i større grad kan samanliknast (Ejrnæs & Monrad, 2012, s. 142).

Semistrukturerte djupneintervju er relativt frie samtalar rundt førebudde tema nedskrive i ein intervjuguide (Adeoye-Olatunde & Olenik, 2021; Kallio et al., 2016; Tjora, 2017, s. 112-113). Metoden er eigna til å få innsyn i informantar sine erfaringar, meiningar og refleksjonar om ei bestemt sak (Barriball & While, 1994; Nilssen, 2012), gjerne når denne saka er forska lite på og krev utdjuping og oppklarande spørsmål (Skilbrei, 2019, s. 20). Dette er tilfelle i denne oppgåva, sidan eg ønsker innsyn i PÅL, PEL og KOM sine refleksjonar rundt etterforskingstaktisk mediebruk, noko som er forska lite på i Noreg.

For å auke gyldigheita til forskning som nyttar semistrukturerte intervju, er det viktig å ta høgde for usikkerheita rundt om resultata kan representere gjeldande praksis (Ejrnæs & Monrad, 2012, s. 148-149; Tjora, 2017, s. 234). Dersom formålet hadde vore å undersøke praksis, kunne observasjonsstudie vore ein meir eigna metode (Ejrnæs & Monrad, 2012, s. 148-149; Jobe & Glidden, 2008, s. 332). Det kunne også vore hensiktsmessig å gjennomført ei tekstanalyse av publiserte nyhendesaker der politiet aktiv ber om tips.

Når ein gjennomfører kvalitative studie er det viktig å reflektere over sin ontologiske og epistemologiske ståstad (Nilssen, 2012, s. 25-27). Den ontologiske føresetnaden min er at det eksisterer meir enn éi verkelegheit, ved at eg har fått innsyn i informantane sine subjektive perspektiv på politiet sin etterforskingstaktiske mediebruk, og ikkje eit objektivt perspektiv. Den epistemologiske føresetnaden min er at resultata blir danna i samhandlinga mellom meg

og informantane, under påverking av subjektiviteten til omstenda (Nilssen, 2012, s. 25). Slik er relasjonen mellom meg og informantane av betydning for kunnskapen som blir produsert, og denne relasjonen blir drøfta meir inngåande i delkapittel 3.7 om forforståing og etiske omsyn. Vidare er det i kvalitative undersøkingar viktig å reflektere over korleis fenomen alltid vil vere under innflytelse av subjektiviteten til forskaren, inkludert tileigna kunnskap og forforståing (Ejrnæs & Monrad, 2012, s. 148-150; Nilssen, 2012, s. 61; Skilbrei, 2019, s. 87; Tjora, 2017, s. 251). Også dette blir skildra meir inngåande i delkapittel 3.7.

Sjølv om kunnskapen som blir produsert blir påverka av subjektivitetar, kan forskinga framleis ha verdi ved at resultatane kan vere overførbare og belyse interessante og viktige refleksjonar knytt til forskningstemaet (Skilbrei, 2019, s. 88-89). Ved å gi lesarar, derunder polititilsette og forskarar, tilgang til vignetten og intervjuguiden som er brukt, kan dei sjølv vurdere overføringsverdien til eige arbeid (Nilssen, 2012, s. 154-156; Wilson & While, 1998). Derfor blir vignetten presentert i delkapittel 3.4 og intervjuguiden er vedlagt avhandlinga (vedlegg 1).

3.2 Utval og rekruttering

Eit utval er ei gruppe med personar som deltar i eit forskingsprosjekt (Johannessen et al., 2016, s. 241). Før rekrutteringa av utvalet må ein tenke gjennom kven som kan bidra til å belyse den gitte problemstillinga (Adeoye-Olatunde & Olenik, 2021; Skilbrei, 2019, s. 121-122). I denne oppgåva var det avgjerande at utvalet bestod av personar med erfaring med etterforskingstaktisk mediebruk i saker om grov vald og drap, og det var derfor aktuelt å intervjuje påtalefaglege etterforskningsleiarar, politifaglege etterforskningsleiarar og kommunikasjonsrådgivarar. I utgangspunktet ønskte eg å intervjuje personar frå ein eller to av desse rollene, men eg valte å inkludere alle fordi det var utfordrande å rekruttere nok informantar. Seinare i forskingsarbeidet sette eg pris på dette valet, fordi det kom fram fleire perspektiv.

Dei endelege utvalskriteria såg slik ut:

- Har fungert som politifagleg etterforskningsleiar, påtalefagleg etterforskningsleiar eller kommunikasjonsrådgivar under etterforskinga av grov vald og/eller drap.
- Har i rolla bidratt til etterforskingstaktisk mediebruk i den aktuelle sakstypen.

For å unngå eit for homogent utval (Johannessen et al., 2016), valte eg å sende søknad til fire distrikt/særorgan om tillating til å intervjuje deira tilsette. Tre av distrikta godkjente søknaden. Søknadane blei skriva og sendt etter retningslinjer frå Politihøgskulen og dei aktuelle distrikta/særorganane (vedlegg 3). I søknaden var det informasjon om prosjektet, at det er frivillig å delta og at informantar vil bli anonymisert. Parallelt med desse søknadane meldte eg

prosjektet til Norsk senter for forskningsdata (NSD, no ein del av Sikt), som godkjente behandlinga av personopplysingar (vedlegg 5).

I utgangspunktet ønskte eg å intervjuje like mange informantar frå kvar yrkesgruppe og frå kvart distrikt/særorgan, men for å sikre nok informantar valte eg å rekrutterte fire informantar frå det første distriktet/særorganet og tre frå det andre. Sidan eg då allereie hadde eit høgt tal på informantar, rekrutterte eg berre ein frå det siste distriktet/særorganet. Det endelege utvalet bestod av fire politifaglege etterforskningsleiarar, tre påtalefaglege etterforskningsleiarar og ein kommunikasjonsrådgivar. Sjølv om utvalet ikkje blei som ønska, passa det godt med utvalskriteria og hadde god spreining innan ulike roller og distrikt/særorgan.

Dei fleste informantane blei valt gjennom eit strategisk utval, som er når forskaren først avgjer kva målgruppe som må delta for å samle nødvendig informasjon, og deretter vel informantar basert på dette (Johannessen et al., 2016, s. 122). Utvalstypen er vanleg å bruke når målet er å dekke spesifikke erfaringar (Skilbrei, 2019, s. 122) framfor representativitet (Johannessen et al., 2016, s. 115). Utvalstypen blei vurdert som eigna i denne oppgåva, fordi intervju av personar med kunnskap om etterforskingstaktisk mediebruk kan bidra til formålet med oppgåva, som er å bidra til auka bevisstheit og kompetanse i politiet om dette temaet. Utvalet blei gjennomført ved at eg kontakta distrikt som eg eller medstudentar visste hadde erfaring med etterforskingstaktisk mediebruk. Politidistrikta valte sjølv informantar basert på kriteria eg skreiv i søknaden.

I eit av distrikta blei også snøballmetoden brukt, som er når forskaren blir tipsa om aktuelle informantar av andre informantar (Goodman, 1961; Johannessen et al., 2016, s. 117; Johnson, 2014; Skilbrei, 2019, s. 125). Dette kan vere ein god metode for å skaffe relevante informantar (Goodman, 1961), men kan også gi utfordringar knytt til homogenitet og anonymitet (Johnson, 2014). Utfordringane knytt til homogenitet blei synlege i det aktuelle distriktet ved at informantane refererte til nokre av dei same sakene. Det kom likevel fram forskjellige perspektiv i intervju, og diskusjonane rundt dei same sakene la til rette for ei betre samanlikning av desse perspektiva. Utfordringane knytt til anonymitet blei synlege gjennom at fleire informantar visste av kvarande. For å sikre anonymitet har eg derfor utelate namnet på distrikta, brukt omgrepet «hen» i staden for «han» og «ho» og skrive alle sitat på same målføre.

Etter rekrutteringa sendte eg eit informasjonsskriv på e-post til informantane, med informasjon om forskingsprosjektet, informantane sine rettar og eit samtykkeskjema (vedlegg 2). Dei

signerte samtykkeskjemaer er oppbevarte på politihøgskolen sitt sikre lagringsområde. Gjennom e-postkommunikasjon avtalte vi også tidspunkt og stad for intervju.

3.3 Utforming av intervjuguide og vignett

Vignettar blir delt i to kategoriar: horisontale og vertikale. Horisontale vignettar er korte fortellingar der små moment som til dømes tidspunkt og kjønn blir endra, for å undersøke om det påverkar informantane sine vurderingar (Ejrnæs & Monrad, 2012, s. 94). Vertikale vignettar er lengre tekstar som kan bestå av fleire delar, der innhaldet forblir uendra (Ejrnæs & Monrad, 2012, s. 107-108). Eg brukar ein vertikal vignett i denne oppgåva, fordi slike vignettar er eigna til å undersøke vurderingar informantane gjer om situasjonen skildra i vignetten, og korleis desse eventuelt endrar seg i takt med utviklinga i den fiktive historia (Ejrnæs & Monrad, 2012, s. 108).

Vignettar skal sette rammer for temaet og oppmuntre til refleksjon og problemløysing rundt dette (Hughes & Huby, 2002; Jeffries & Maeder, 2005). Derfor bør dei helst innehalde alle moment som er viktige i avgjerder som informantane må ta i reelle situasjonar (Alexander & Becker, 1978). I praksis er dette umogeleg (Ejrnæs & Monrad, 2012, s. 39), og viktige moment kan derfor også vere fråverande i materialet. I kvalitative undersøkingar er dette likevel ikkje ei stor utfordring, fordi manglar ved vignettar kan skape interessante refleksjonar hos informantane (Ejrnæs & Monrad, 2012, s. 41). Ein må likevel vere observant på at all informasjon i vignettane kan påverke informantane sine vurderingar (Ejrnæs & Monrad, 2012, s. 52), og innhaldet må derfor vere gjennomtenkt, realistisk og relevant (Ejrnæs & Monrad, 2012, s. 56).

Også intervjuguiden kan påverke kvaliteten på intervjuet, og den bør innehalde oppmuntring til refleksjon og problemløysing (Adeoye-Olatunde & Olenik, 2021; Kallio et al., 2016; Skilbrei, 2019, s. 154). For semistrukturerte intervju bør den i stor grad bestå av opne spørsmål i kombinasjon med oppfølgingsspørsmål (Adeoye-Olatunde & Olenik, 2021; Kallio et al., 2016). Vidare bør forskaren tenke gjennom ordbruken for å unngå ulike tolkingar av intervju spørsmåla (Åstedt-Kurki & Heikkinen, 1994).

For å oppfylle flest mogeleg av dei ovannemnte krava, og for å tilpasse intervjuguiden og vignetten til kvarandre, utarbeida eg dei parallelt og over fleire steg. Først skreiv eg to ulike vignettar og ein intervjuguide basert på eigen kompetanse. Utkasta sendte eg til to tilsette på Felles eining for etterretning og etterforsking (FEE) i Bergen med medieerfaring i alvorlege straffesaker, ein med etterforskningsbakgrunn og ei med påtalefagleg bakgrunn. Dette fordi

fagpersonar som har erfaring med forskningstemaet kan gi konstruktive tilbakemeldingar under utarbeidinga av intervjuguide (Kallio et al., 2016) og realistiske vignettar (Ejrnæs & Monrad, 2012, s. 61). Etter tilbakemeldingane deira gjorde eg nokre mindre endringar på vignettane, blant anna ved å legge til operasjonssentralen og Twitter i ein av vignettane. I intervjuguiden gjorde eg større endringar, nokre på bakgrunn av tilbakemeldingane frå dei FEE-tilsette, men flest fordi førsteutkastet var uferdig.

I neste steg sendte eg intervjuguide og vignettar til studiegruppa mi, som responderte med nokre språklege tips. Blant anna uttrykte dei at vignetten i større grad burde innehalde «politispråk», til dømes ved bruk av omgrepet «stump vold». Ei i gruppa anbefalte også å endre vignettane frå nynorsk til bokmål, fordi ho som bokmålsbrukar opplevde dei litt tunge å lese. For å minimere moglegheitene for misforståingar i intervju, og dermed auke sannsynet for høgare grad av pålitelegheit, valte eg å etterkome denne anbefalinga. I tillegg fekk eg tilbakemeldingar om at bruk av to vignettar truleg ville føre til tidsknappheit i intervju.

Vidare gjennomførte eg eit pilotintervju, noko som er nyttig under utarbeidinga av intervjuguide (Kallio et al., 2016) og vignettar (Ejrnæs & Monrad, 2012, s. 53). Ideelt sett bør slike intervju takast av personar med same roller som hovudutvalet, men dette blei ikkje gjort i denne oppgåva grunna praktiske og ressursmessige omsyn. I staden intervjuar eg ein polititilsett med fleire års erfaring med etterforsking av valdslovbrot. Det at intervjuobjektet ikkje hadde same rolle som informantane kan vere ei ulempe, fordi vedkomande kanskje ikkje har same grunnlag for å oppdage manglar ved intervjuguiden. Pilotintervjuet hadde likevel verdi ved at eg fekk innsikt i om spørsmålsformuleringane var forstålege (Kallio et al., 2016). I tillegg gav det meg ein peikepinn på lengda på intervjuet, om eg lot informanten svare fritt og om spørsmåla opna for refleksjon. Under pilotintervjuet blei det tydeleg at det berre var tid til ein vignett. Pilotintervjuet blei ikkje brukt i analysa.

Vignetten, som består av to delar, blir presentert i det følgande delkapittelet.

3.4 Vignett

Del 1

Jan Hansen er en 43 år gammel mann. Han bor i et rekkehus i Fana i Bergen, sammen med kone og to barn – en jente på 10 år og en gutt på 8 år. Jan jobber som tømrer for Bergen byggefirma. Konen til Jan, Anna, er 39 år gammel og arbeider i turnus som sykepleier på Haraldsplass sykehus. Begge har tilnærmet gjennomsnittlig inntekt. Barna går på Fana barneskole. Jan har brunt hår, brune øyne og brunt og grått skjegg. Han er ca. 183 cm høy og litt overvektig.

15. mai 2022 klokken 02:00 blir Jan funnet kraftig forslått i Marken i Bergen sentrum. Marken er en gågate bestående av ulike restauranter og butikker. Jan blir sendt til Haukeland sykehus. Det er uvisst om han vil overleve, og han blir lagt i koma. Han har kraftige hodeskader, samt trolig flere brekte ribbein og en punktert lunge. Politiet starter en etterforsking kodet som alvorlig kroppsskade/drapsforsøk. Innledningsvis i etterforskingen er det ingen vitner, bortsett fra konen Anna, som har relevant informasjon.

I avhør forteller Anna at Jan den 14. mai klokken 20:00 tok buss 16E inn til Bergen sentrum for å gå ut med venner. Han var edru da han reiste. Da Anna har jobbet kveldsvakter de siste dagene og derfor har snakket lite med Jan, vet hun ikke hvem han skulle møte og hvor han skulle. Anna og Jan møttes i husdøren der de kort hilste på hverandre. Anna så at Jan hadde på seg hvite joggesko, blå dongeribukse, lyseblå skjorte og en åpen oransje allværsjakke da han gikk ut. Denne kvelden var det lettskyet, og oppholdsvær.

Jan er lite omhandlet i politiet sine registrer. Som 18-åring ble han bortvist fra et utested i Bergen sentrum grunnet bråk. For fem år siden fikk politiet melding om festbråk på hjemmeadressen. Det var rolig og ryddig da politiet kom til stedet.

Kort tid etter at Jan blir funnet kraftig forslått, skriver operasjonssentralen i Vest politidistrikt følgende på Twitter: «Mann i 40-årene funnet kraftig forslått i Bergen. Ingen er pågrepet. Ta kontakt dersom du har opplysninger». Trykket fra media er veldig stort.

Du jobber som kommunikasjonsrådgiver, er politifagleg eller påtaleansvarleg etterforskningsleiar i denne saka.

Del 2

Politiet etterforsker videre. Klokken 17:00 den 15. mai får politiet informasjon fra Haukeland sykehus om at Jan har omkommet. Litt senere på dagen får politiet en foreløpig obduksjonsrapport fra Gades institutt ved Haukeland sykehus, som indikerer at han døde av stump vold mot bakre del av hodet. Det er funnet rester av noe som trolig er små trefliser i hodet. Videre er 8 av ribbeinene til Jan brukket, og den ene lungen punktert. Han har også skrubbsår på knær og hender.

Politiet har i løpet av de siste timene tatt avhør av mange av vennene til Jan. En av dem han gikk ut med denne kvelden var Knut Svendsen. I avhør sier Knut at han møtte Jan på Bergen Pub ca. klokken 21:00. Da var Jan ikke beruset, men han ble godt beruset i løpet av kvelden. Jan snakket med mange som Knut ikke kjenner i løpet av kvelden og natten. Dette er normalt,

og Knut opplever Jan som en sosial person. En av de Jan snakket med ble veldig hissig på Jan og dyttet ham. Jan fremsto redd og trakk seg unna. Jan dro fra puben og sa han skulle hjem ca. 10 minutter etter dette. Knut tror klokken var ca. 01:00. Knut ble værende et par timer til. Han så ikke noe mer til han som dyttet Jan. Knut sier at han som dyttet Jan var hvit i huden, så ustelt ut, hadde lyst bustete hår og ukjent øyefarge. Han hadde på seg en svart skjorte og svarte dongeribukser. Han hadde ingen synlige tatoveringer eller arr. Han var høy, ca. 190 cm og veldig tynn.

Bergen Pub har videoovervåkning ved inngangen. Fra overvåkningen kan man se at Jan gikk inn på puben første gang klokken 21:17 og at han dro fra puben klokken 01:20. I tillegg gikk han ut og inn en gang mens han var der, da gikk han ut klokken 23:22 og inn klokken 23:35. En som ligner beskrivelsen av han som dyttet Jan var ute samtidig som Jan, og han forlot puben ca. 3 minutter etter Jan, klokken 01:23.

3.5 Materialinnsamling

For at informantane skulle få kjennskap til intervjutemaet, fekk dei tilsendt del ein av vignetten rundt to dagar før intervjuet. Samtidig fekk dei beskjed om at dei ikkje skulle diskutere vignetten med kollegaer eller andre, for å unngå påverking. Del to av vignetten fekk informantane informasjon om først undervegs i intervjuet, for å sikre at eventuelle endingar i tankar og refleksjonar etter denne delen skulle bli så autentiske som mogeleg (Ejrnæs & Monrad, 2012, s. 44).

Intervjuet blei gjennomført i perioden april-juni 2022. Alle samtalarane blei tatt opp på lyd, og eg tok notatar undervegs i intervjuet. Lydopptaka er oppbevarte på politihøgskolen sitt sikre lagringsområde. Intervjuet følgde same grunnstruktur. Innleiingsvis presenterte eg meg sjølv, prosjektet og planen for intervjuet. Deretter stilte eg spørsmål om informanten, før eg gjekk vidare til spørsmål knytt til del ein av vignetten. Vidare fekk informantane lese del to av vignetten, og dei blei stilt spørsmål til denne. Dette blei etterfølgt av generelle spørsmål rundt etterforskingstaktisk mediebruk i etterforskinga av grov vald og drap. Til slutt stilte eg nokre avsluttande spørsmål.

Sjølv om intervjuet følgde same struktur, blei ingen av dei like. I kvalitative semistrukturerte intervju kan ein tilpasse spørsmål undervegs, og legge til eller fjerne oppfølgingsspørsmål (Kallio et al., 2016). Gjennom slik tilpassing kan ein oppnå større forståing av temaa som bli tatt opp, få fram meir fullstendig informasjon og avklare usikkerheiter (Barriball & While, 1994; Skilbrei, 2019, s. 154-156). Dette blei gjort gjennomgåande i intervjuet, blant anna fordi

det var forskjellig kor utfyllande og lange svara til informantane var, noko som påverka kva oppfølgingsspørsmål dei blei stilt. Nokre informantar kom også med vurderingar som gav grunnlag for oppfølgingsspørsmål som ikkje var ein del av den opphavslege intervjuguiden. Til dømes kom fleire av informantane med refleksjonar knytt til samhandlinga med operasjonssentralen og innsatsleiar. Derfor valte eg å spørje alle informantane forutan ein om denne samhandlinga.

Ei anna årsak til at intervju til denne avhandlinga blei forskjellige er at to av dei blei gjennomført over Zoom, medan dei seks resterande blei gjennomført fysisk. I utgangspunktet var alle intervju planlagt gjennomført fysisk, men det lot seg ikkje gjere grunna sjukdom og oppbrukte økonomiske midlar. Intervju på Zoom blei gjennomført etter Politihøgskolen sine retningslinjer (Politihøgskolen, 2022). I desse intervju oppstod det nokre utfordringar som ikkje var til stades i dei fysiske. Blant anna var særleg eit intervju periodevis prega av dårleg internettdekning, noko som kan ha ført til misforståingar. For å førebygge slike misforståingar blei det tatt korte pausar i intervjuet når dekninga var dårleg, og denne utfordringa er lite synleg i materialet. Vidare kan digitale intervju gi ekstra utfordringar i kontaktetableringa (Skilbrei, 2019, s. 158). Då begge informantane uttrykte at det fungerte godt å gjennomføre intervju digitalt, verka det likevel ikkje som at dette var av stor betydning.

Ein faktor som kan ha påverka pålitelegheita til alle intervju er forskningseffekten, som er når aktørar blir påverka fordi dei blir forska på (Rachlew, 2010). Dette har eg forsøkt å førebygge ved å informere om at informantane ville bli anonymisert i avhandlinga. Ein anna faktor er at det var indikasjonar på at nokre av informantane enten ikkje hadde lest den første delen av vignetten grundig, eller hadde misforstått innhaldet grunna uklarheiter i teksten. Det var også nokre som påpeika manglar ved vignettane, medan andre påpeika at dei var svært realistiske. Det at informantar kan lese vignettar ulikt er vanskeleg å unngå, men det er positivt at dette blir oppdaga (Ejrnæs & Monrad, 2012, s. 80-81).

Eg valte å avslutte innsamlinga av materiale etter åtte intervju og rundt tolv timar lydopptak. Intervju varte i gjennomsnitt ein og ein halv time. I alle intervju kom det fram ny informasjon. Eg kan derfor ikkje seie at det oppstod full metting, noko som har blitt presentert som eit mål i intervjustudie (Tjora, 2017, s. 143). Derimot auka talet på gjentakingar i dei seinare intervju, noko som framstår godt nok ut frå rammene til denne oppgåva. I tillegg vil det alltid vere eit sannsyn for at det kan kome ny informasjon i ytterlegare intervju.

3.6 Analyse

Kvalitativ analyse har som mål å gi lesarar auka kunnskap om forskingstemaet, utan at dei sjølv må gjennomgå materialet (Tjora, 2017, s. 195). Det finst fleire måtar å analysere kvalitativt materiale på. Eg har valt å bruke metoden «tematisk analyse», etter retningslinjene til Braun og Clarke (2006). Målet med denne metoden er å utvikle tema eller kategoriar og drøfte desse opp mot eksisterande teori (Alhojailan, 2012). Metoden er eigna til å studere folk sine meiningar og erfaringar (Braun & Clarke, 2006), og passer derav med forskingsspørsmåla til avhandlinga.

Med nokre unntak framstår metoden lik den Nilssen (2012, s. 78-79) kallar «open koding». Begge er inspirerte av «grounded theory», som er ein rein induktiv framgangsmåte (Skilbrei, 2019, s. 53). Den største forskjellen mellom tematisk analyse og open koding er truleg at sistnemnte er eit forsøk på ei rein induktiv analyse, i den grad det er mogeleg (Nilssen, 2012), medan ei tematisk analyse kan vere induktiv, deduktiv eller ein kombinasjon av desse (Alhojailan, 2012; Braun & Clarke, 2006). Eg har som skildra innleiingsvis i dette kapitlet forsøkt å ha ein induktiv framgangsmåte. Likevel har prosessen ikkje vore eit forsøk på ei fullverdig induktiv analyse, då eg særleg mot slutten av analysa pendla mellom teori og materiale (Nilssen, 2012, s. 101-118).

Tematisk analyse består av følgande steg (Braun & Clarke, 2006):

1. Å gjere seg kjent med materialet
2. Å generere initielle kodar
3. Å leite etter tema
4. Å gjennomgå temaa
5. Å definere og gi namn til temaa
6. Å produsere rapporten

Sjølv om analyseprosessen her er delt inn i seks steg, er den i realiteten meir fleksibel. Overgangane mellom stega er flytande og forskaren beveger seg fram og tilbake mellom dei etter behov (Braun & Clarke, 2006). Steg seks blir ikkje skildra nærmare i denne avhandlinga fordi eg fortløpande gjennom forskingsprosessen har produsert tekst.

Steg 1

For å oppnå høg kvalitet på analysa er det viktig å innleiingsvis sortere og sette seg inn i materialet (Braun & Clarke, 2006; Nilssen, 2012, s. 84-85). Dette arbeidet startar under materialinnsamlinga (Braun & Clarke, 2006), for meg då eg gjennomførte intervju. I denne

fasen forsøkte eg å lytte aktivt medan eg skreiv ned setningar og stikkord. I tillegg stilte eg oppfølgingsspørsmål til tema og refleksjonar eg fann interessante.

Analyseprosessen fortsette ved at eg hørte gjennom lydopptaka fleire gonger, og transkriberte desse (Braun & Clarke, 2006). For å auke sannsynet for rett forståing bør intervju transkriberast same dag som dei blir tatt, og bli skrivne nær ordrett. Då eg ikkje hadde mogelegheit til å transkribere intervju same dag, skreiv eg i staden korte samandrag basert på notata eg tok undervegs. Alle intervju bortsett frå eitt transkriberte eg innan ei veke, og eg transkriberte alt nær ordrett.

Det at forskaren sjølv transkriberer lydmaterialaet gir fleire fordelar, blant anna ved at det kan gi ei djupare forståing av materialet (Braun & Clarke, 2006; Nilssen, 2012, s. 47-48). Dette opplevde eg ved at eg allereie i denne fasen fann interessante moment i materialet. Ein annan fordel var at eg tidleg oppdaga nokre utfordringar ved overføringa frå lydmaterialaet til skriftleg materialaet. Blant anna var lydopptaka nokre stader uforståelege. Vidare oppstod det utfordringar knytt til teiknsetting, fordi det kan endre betydinga til ein tekst (Braun & Clarke, 2006). Den største utfordringa var likevel at nokre informantar kom med eigenopplevde saksdøme. Døma bidrog til å underbygge informantane sine vurderingar, men kunne også ført til indirekte identifisering dersom dei hadde blitt vidarekommunisert. For å unngå identifisering har eg sensurert nokre døme, noko som kan ha ført til at refleksjonane kan framstå utydelege. Alle desse utfordringane kan føre til at meiningsinnhaldet i det skriftlege materialaet kan framstå noko annleis enn i lydmaterialaet. Etter å ha høyrte gjennom lydopptaka og lest gjennom dei ferdigtranskriberte intervju, meiner eg likevel at det skriftlege materialaet representerer lydmaterialaet på ein god måte. Dei delane av det skriftlege materialaet som er uklare er ikkje brukt aktivt i analysa.

Sjølv om lydopptaka blei transkriberte nærmast ordrett, er sitata som er inkludert i denne oppgåva ikkje fullstendig ordrette. For å gjere teksten meir lesevenleg har eg fjerna gjentakingar, ufullstendige setningar og pauselydar. I tillegg ønskte ein informant å lese gjennom sitata, og vedkomande fekk innvilga ønske om å endre og fjerne nokre munnlege omgrep, utan at meiningsinnhaldet blei endra.

Steg 2

Prosessen med å generere initielle kodar startar etter at forskaren har gjort seg kjent med materialaet (Braun & Clarke, 2006). I denne delen av analyseprosessen forsøkte eg å jobbe induktivt, ved å utvikle kodar med utgangspunkt i materialaet, som i denne oppgåva er dei

transkriberte intervju (Braun & Clarke, 2006; Nilssen, 2012, s. 82-84). Kodar bør vere meiningsfulle og interessante for forskaren, og bør ikkje berre omhandle kva informantane seier, men også kva dei meiner.

I arbeidet med å generere kodar brukte eg analyseverktøyet NVIVO. Først importerte eg dei transkriberte og anonymiserte intervju inn i dette verktøyet. Deretter leste eg gjennom dei, medan eg markerte setningar og avsnitt med kodar som eg i lys av dåverande problemstilling fann interessante. I kvart intervju såg eg etter nye kodar, og undersøkte om tidlegare brukte kodar passa inn. Eg gjennomgjekk alle intervju to gonger på denne måten.

Ved å bruke NVIVO fekk eg automatisk oversikt over dei ulike kodane, kor mange gonger dei gjentok seg og kvar dei blei brukt, noko som var nyttig i den vidare analysa. Det finst ulike tankar om kor mange kodar forskaren bør generere, men både Nilssen (2012, s. 78) og Tjora (2017, s. 198) skriv at ein ofte ender opp med over 100 kodar i eit materiale. Eg genererte først 91 kodar, men utvikla fleire seinare i analyseprosessen. Fleire kodar passa inn i alle intervju, og andre berre i nokre. Nokre kodar gjentok seg over 100 gonger, og andre berre eit fåtals gonger.

Steg 3

Temautviklinga startar etter den initielle kodinga av materialet, og det er i dette steget forskaren fortolkar materialet (Braun & Clarke, 2006). Tema skil seg frå kodar ved at dei er meir overordna (Braun & Clarke, 2006) og samla skal svare på problemstillinga (Nilssen, 2012, s. 85). Også i denne delen av analyseprosessen forsøkte eg å ha ei induktiv tilnærming.

For å utvikle tema delte eg kodane inn i ulike grupper, inspirert av Tjora (2017, s. 207-211). I dette arbeidet var det utfordrande å få oversikt over kva kodar som passa saman. Først brukte eg NVIVO og Word, men i desse programma blei grupperingane uoversiktlege. Eg valte derfor å kopiere kodane over i ulike fanar i Excel. I fanene grupperte eg kodane på ulike måtar, og eg kunne lett samanlikne grupperingane ved å bevege meg mellom dei ulike fanene. I arbeidet med å få oversikt over kodane brukte eg også tankekart.

Undervegs i arbeidet oppdaga eg at dei initielle kodane i for stor grad omhandla kva informantane snakka om framfor meiningane deira. Dette gjorde det utfordrande å finne tema som gjenspeglar materialet framfor intervjuguiden. Derfor gjekk eg tilbake til materialet og endra fleire av kodane, i tillegg til å utvikle 34 nye kodar.

På slutten av dette steget valte eg å gå vidare med åtte tema:

1. Kontrollert kommunikasjons- og informasjonsflyt
2. Etterforskingstaktisk mediebruk kan involvere risiko
3. Samhandling mellom ulike roller
4. Formåls- og behovsstyrt arbeid
5. Gjentakende og fortløpande vurderingar
6. Situasjonstilpassa og individuelle vurderingar
7. Balanse i kva informasjon som bli delt
8. Mediebruk påverkar straffesaka

Steg 4

Etter utviklinga av potensielle tema går forskaren over til steg 4, der temaa blir evaluert og ved behov fornya (Braun & Clarke, 2006). Blant anna må forskaren undersøke om temaa representerer materialet, om dei heng saman på ein meningsfull måte og om dei er gjensidig utelukkande.

På dette stadiet forstod eg ikkje kvar materialet førte meg, og eg klarte ikkje å sjå forbi det openberre, noko som i følge Nilssen (2012, s. 77) er viktig i kvalitativ forskning. Derfor føreslo rettleiaren min at eg skulle lese Ericson (1989) sin artikkel «Patrolling the Facts: Secrecy and Publicity in Police Work», som er presentert i teorikapittelet. Etter å ha lest denne, og andre artiklar om liknande tema, starta eg å forstå Nilssen (2012, s. 66) sitt utsegn om at teori kan gi mening til kvalitativt materiale. På dette tidspunktet pendla eg bort frå den induktive framgangsmåten, og starta i staden å fokusere på teori som kunne belyse materialet. Likevel returnerte eg med jamne mellomrom til materialet. På dette tidspunktet starta eg også å produsere store delar av oppgåveteksten.

Steg 5

Steg 4 glei automatisk over i steg 5, som handlar om vidare avgrensing og definerer av temaa, og det å finne essensen i og samanhengen mellom desse (Braun & Clarke, 2006). I lys av både teori og materialet, sat eg på slutten av analysa igjen med følgande tema:

1. Grad av openheit i politiet sitt etterforskingstaktiske mediearbeid frontstage
 - 1a) Om politiet deler informasjon frontstage styrast av omstenda i saka og forsøk på kontroll
 - 1b) Innhaldet i mediepresentasjonar styrast av etterforskingstaktiske, etiske og juridiske omsyn

2. Organisering av politiet sitt etterforskingstaktiske mediarbeid backstage
 - 2a) Kommunikasjon og samhandling mellom PÅL, PEL og KOM
 - 2b) Kommunikasjon og samhandling mellom etterforskingssleinga og dei operative leiarane
 - 2c) Form på møta mellom dei ulike rollane

Desse temaa blir presentert og drøfta i kapittel 4 og 5.

3.7 Forforståing og etiske omsyn

I ein forskingsprosess kan det oppstå ei rekke etiske dilemma. Forskingsetikk er eit verktøy som kan hjelpe forskaren gjennom desse, og sikre at forskinga blir utøvd på ein etisk forsvarleg måte (NESH, 2021). Det er utarbeidd både retningslinjer og lovverk om forskningsetikk for å rettleie forskarar (Bjørge & Myhrer, 2015; Forskningsetikkloven, 2017; NESH, 2021). Blant anna har Bjørge og Myhrer (2015) skrive ein forskningsetisk rettleiar for studentar ved Politihøgskolen som eg har brukt aktivt gjennom forskingsprosessen. Vidare i dette delkapittelet drøftar eg dei etiske retningslinjene som har vore mest sentrale i arbeidet.

Det finst fleire utfordringar knytt til å forske på eigen profesjon, blant anna at forskaren då innehar fleire roller (Bjørge & Myhrer, 2015). Det er då viktig at forskaren er tydeleg på kva rolle vedkomande har i ulike situasjonar, blant anna fordi ein som kollega kan få tilgang til informasjon ein ikkje kan få i kraft av å vere forskar (Bjørge & Myhrer, 2015, s. 6; NESH, 2021, s. 21-22). Eg er sjølv tilsett som politi i Vest politidistrikt, og eg har derfor rolla som både etterforskar og forskar. For å førebygge utfordringar knytt til dette informerte eg informantane om at eg møtte dei i rolla som forskar og ikkje som politikollega. For å auke skiljet mellom rollene har eg ikkje intervjuar informantar i eige politidistrikt eller personar eg har møtt tidlegare. I tillegg føregjekk all digital dialog med informantane gjennom student-e-posten og privattelefonen min.

Det at eg er ein innsideforskar kan også ha påverka forskingsprosessen ved at det truleg har gjort det lettare for meg å få hjelp frå polititilsette, som når eg fekk hjelp med pilotintervju og gjennomlesing av vignettar og intervjuguide. Eit anna dilemma knytt til å vere innsideforskar har vore korleis eg skal forhalde meg til interne retningslinjer for mediehandtering. Dette er retningslinjer som eg har kjennskap til gjennom politirolla, men som er utilgjengelege for eksterne aktørar. For å sikre lovleg bruk av dei interne retningslinjene har eg fått godkjenning frå rette instansar til å sitere desse.

Ei anna etisk utfordring knytt til å forske på kollegaer er korleis ein kan sikre eit reelt, fritt samtykke til å delta, fordi det for nokon kan vere utfordrande å avslå når ein kollega spør (Bjørge & Myhrer, 2015, s. 10-11; NESH, 2021). For å førebygge denne utfordringa blei informantane informert både skriftleg og munnleg om at det var frivillig å delta og at samtykket kunne trekkast når som helst. Vidare er det liten grunn til å tru at informantane har følt på deltakingspress grunna kjennskap eller overmaktsforhold, fordi eg ikkje kjenner informantane og alle har ei høgare grad enn meg.

Vidare kan det vere eit etisk dilemma at Politihøgskolen er eigd og delvis styrt av Justisdepartementet og Politidirektoratet (Bjørge & Myhrer, 2015). Dette skal ikkje hindre ei fri og uavhengig forskning, og verken Justisdepartementet eller Politidirektoratet har forsøkt å styre forskinga i denne avhandlinga. Det har heller ikkje tilsette i Vest politidistrikt.

Eit anna etisk dilemma er at forskning kan skade politiet sin effektivitet (Bjørge & Myhrer, 2015, s. 14-15). Dette dilemmaet er særleg relevant for forskning på politiet sin bruk av skjulte metodar, sidan effektiviteten til desse metodane avhenger av hemmelegald. Likevel skal forskning kunne avdekke om ein metode blir brukt på ein korrekt og effektiv måte. Under intervjuet i denne avhandlinga snakka fleire informantar om skjult metodebruk og meinte at det dei uttalte ikkje var underlagt teieplikt. Likevel var eg av eiga erfaring usikker på om dette var informasjon eg kunne vidareformidle utan å bryte teieplikta, og eg tok derfor kontakt med tilsette i Vest Politidistrikt med spesialkompetanse innan bruk av skjulte metodar. Etter denne kontakten valte eg å utelate detaljar knytt til dette temaet. Derfor er det lite sannsynleg at denne forskinga vil redusere effektiviteten til politiet, og auka kunnskap om mediebruk kan truleg heller bidra til auka effektivitet i politiet sitt mediarbeid.

Sterkt knytt til refleksjonane over, er også dilemmaet knytt til forforståing. Å forske på eigen profesjon kan gjere det utfordrande å oppretthalde nødvendig distanse til forskingsfeltet (Nilssen, 2012, s. 137-139; Rachlew, 2010, s. 130). På den eine sida kan politierfaringa mi gi fordelar fordi eg alt har kjennskap til faglege omgrep og politiet sin struktur og kultur. På den andre sida kan den blinde meg for ny kunnskap og føre til at eg tolkar og analyserer materialet i tråd med etablerte oppfatningar (Rachlew, 2010, s. 145). Denne typen stadfestingsbias kan true truverda og pålitelegheita til forskinga (Nilssen, 2012, s. 138; Tjora, 2017, s. 235-236), men metodikk og rettleiing har forhåpentlegvis redusert sannsynet for dette. Vidare kan stadfestingsbias bli førebygga ved at eg har forska på andre roller og oppgåver enn det eg sjølv har, og gjennom mitt journalistikkfaglege perspektiv opparbeida gjennom journalistikkstudie og litt journalistfaring. Likevel vil forskingsprosessen bli påverka av forforståinga mi,

erfaringar, fordommar og forskingslitteratur eg har lest (Nilssen, 2012, s. 61), som drøfta innleiingsvis i dette kapitlet.

4 Grad av openheit i politiet sitt etterforskingstaktiske mediearbeid frontstage

Innleiingsvis i dette kapittelet blir det drøfta om og kvifor informantane ønsker å bruke media som eit etterforskingssverktøy i vignettsaka. Deretter blir det drøfta kva informantane meiner påverkar innhaldet i mediepresentasjonar frontstage. Samla svarer drøftingane på forskingsspørsmål 1: Kva vurderingar gjer politiet knytt til om dei skal bruke mediepresentasjonar som eit etterforskingssverktøy og kva desse skal innehalde, og korleis blir vurderingane gjort? Drøftinga blir gjort i lys av følgande spørsmål frå Ericson (1989, s. 206) si forskning: «Kva informasjon tenker politiet er eigna å dele frontstage i media, og kva informasjon tenker dei bør hemmeleghaldast backstage?» Ericson brukar dette spørsmålet for å belyse politiet sin formålsstyrte mediebruk i politiorganisasjonen generelt. I dette kapittelet blir spørsmålet i staden brukt til å spesifikt belyse politiet sin etterforskingstaktiske mediebruk frontstage, og analysa komplementerer dermed Ericson si forskning.

4.1 Om politiet deler informasjons frontstage styrast av omstenda til saka og forsøk på kontroll

Av materialet kjem det fram at alle informantane ønsker å bruke mediepresentasjonar frontstage som eit etterforskingssverktøy i første del av vignettsaka. Desse ønska kan vere påverka av informantane sine kjennskapar til forskningstemaet, men dei kjem også med konkrete argument for mediebruken. Eit av hovudargumenta er at dei i vignetten har lite informasjon om straffesaka og dermed har eit stor informasjonsbehov. Dette kjem til uttrykk i følgande sitat av informant 4: «Eg ser det som naturleg at ein brukar media sidan det er såpass mykje ein ikkje veit [...]» Etterforskingstaktisk mediebruk kan også vere eigna i cold-case-saker med lite informasjon (Bennett, 2020), noko som indikerer at argumentet er sentralt uavhengig av kor i etterforskinga politiet er.

Store informasjonsbehov er likevel ikkje eit tilstrekkeleg argument for mediebruk. Ei etterforsking skal vere formålsstyrt (Riksadvokaten, 1999; Straffeprosessloven, 1986, § 226), og etterforskingsssteg må derfor vere eigna til å innhente manglande informasjon (Bjerknes et al., 2018, s. 135-137; Kolflaath, 2019, s. 66). Informantane påpeikar at omstenda i vignettsaka, som lokasjon og tidspunkt for funn, kan brukast til å kome i kontakt med relevante vitne gjennom media, og slik framstår etterforskingstaktisk mediebruk eigna til å dekke informasjonsbehov i saka. Informant 6 seier følgande: «Sånn som eg les saka så er det ting som tyder på at det her kan ha skjedd på ein offentleg stad og at det er stort sannsyn for at det kan

vere vitne [...]» Nokre av informantane uttrykk også at dei veg etterforskingstaktisk mediebruk opp mot bruken av andre etterforskingsteg. Blant anna seier informant 5 at hen i vignettsaka tidleg ville etterspurt videoopptak frå bussen Jan Hansen tok. Hen ville også gjennomført fleire andre etterforskingsteg før mediebruken «hadde vi ikkje stått på heilt bar bakke som vi eigentleg gjer ut frå den første vignetten.» Vidare seier informant 6 at vitne i vignettsaka «kan vere heilt umogeleg for politiet å finne utan bruk av media.» Informantane sine refleksjonar kan indikere at dei ser på mediepresentasjonar frontstage som eit inngripande verkemiddel, og at dei i utgangspunktet ønsker å etterforske lovbrøt backstage, i området Ericson (1989) kallar «hemmelegald». På tross av at ingen nemner Riksadvokaten (2017) sin skriftlege rettleiar (Riksadvokaten, 2017, s. 23), viser sitata at informantane gjer ei slags forholdsmessigheitsvurdering knytt til mogelegheita for innhenting av informasjon gjennom lempelegare middel.

Riksadvokaten vektlegg fleire moment i forholdsmessigheitsvurderinga, derunder alvorsgraden på lovbrøt, og anbefaler å halde tilbake teiepliktbelagt informasjon om lovbrøt med ei strafferamme på under 6 år (Riksadvokaten, 2017, s. 23). Anbefalinga er vesentleg strengare enn reguleringa av andre inngripande etterforskingsteg som i større grad kan hemmelegaldast backstage, som til dømes pågriping (Straffeprosessloven, 1986, § 171 jf. § 170a), ransaking (Straffeprosessloven, 1986, § 192 jf. § 170a) og varetektsfengsling (Straffeprosessloven, 1986, § 184 jf. § 170a). Også informantane vektlegg alvorsgrad på lovbrøt når dei vurderer om dei vil bruke media som eit verktøy. Informant 8 seier følgande om første del av vignetten: «Det er jo ei alvorleg valdshending i sentrum av Bergen, og den er koda som kroppsskade/drapsforsøk. Og han har store skadar, så han blei lagt i koma. Så eg tenker at det er jo heilt nødvendig å bruke media.» Utsegna til informantane og Riksadvokaten kan, i likskap med refleksjonane rundt bruken av lempelegare middel, indikere at dei ser på mediepresentasjonar frontstage som inngripande.

Eit anna moment informantane vektlegg når dei vurderer om dei skal bruke media, er at mediehandtering er ressurskrevjande (Bennett, 2020; Feist, 1999). Blant anna uttrykk dei at dei både må bruke backstage-tid til å førebu medieinnslag og må vere tilgjengelege frontstage for å respondere på kontakt frå publikum og media. Nokre av informantane uttrykk at dei for å få arbeidsro kanskje ville forsøkt å hemmelegalde etterforskinga i første del av vignettsaka, dersom media ikkje alt visste om saka. Informant 5 seier: «I dei tilfella kor eg ville ha vurdert nedsida [ved mediebruk] var der operasjonssentralen ikkje allereie hadde fortalt kva som hadde skjedd og [...] vi kunne få arbeidsro nokre viktige timar.»

Gjennom sitatet framstår det som at arbeidsro i backstage-arbeidet kan vege tyngre enn nytteverdien ved mediebruken. Dette blir underbygd av Ericson (1989) og Goffman (1959), som presiserer at tid backstage er avgjerande for personar og organisasjonar si evne til å prestere. Sjølv om omgrepet frontstage i denne oppgåva hovudsakleg blir brukt om politiet sine mediepresentasjonar, er politiet frontstage også i andre situasjonar, som til dømes i avhøyr eller i retten. Det at politiet lagar seg pusterom backstage er derfor viktig for store deler av deira virke.

Sjølv om mediehandtering er ressurskrevjande, påpeikar fleire av informantane at politiet må kommunisere med media når media har kjennskap til saka. Dei uttrykk at politiet då kan bygge ein slags beskyttande front mot media og publikum, ved å framstå opne, dele sensurert informasjon og tydeleggjere når og korleis denne vil bli delt. Fleire uttrykk at denne informasjonsfronten kan førebygge hyppige førespurnader frå publikum og media, noko som kan gi politiet rom til å arbeide backstage. Blant anna seier informant 4:

«Mi erfaring er i alle fall at i dei sakene der vi ikkje gjer det, og [journalistane ringer] gjennom heile dagen, så er det ganske krevjande for dei som står i ei etterforsking [...] Men viss [vi] klarer å samle [intervjua] opp [...] i bolkar, så er det kanskje litt meir handterleg.»

Fronten informantane skildrar kan minne om avstanden mellom politiet og media som Wilson et al. (2011) skildrar, som blir forsøkt oppretthaldt blant anna gjennom ein pågåande dialog med media. Også han uttrykk at avstanden kan lette på medietrykket.

Vidare uttrykk informantane at nyhendejournalistane i vignettsaka uansett kjem til å publisere informasjon om straffesaka sidan dei er kjent med denne. Nokre av informantane seier vidare at media kan starte eigne etterforskingar dersom politiet ikkje uttaler seg (Huey & Broll, 2012; Reid, 2009; Wilson et al., 2011), og at informasjonen som blir samla på denne måten kan skade etterforskinga fordi den er feil eller høyrer til i sona Ericson (1989) kallar hemmelegald (Feist, 1999; Huey & Broll, 2012, s. 391-392). Informantane argumenterer for at den ovannemnte informasjonsfronten kan gi politiet større kontroll over kva journalistane publiserer og at informasjonen dei deler er korrekt (Manning, 1992, s. 138 referert i Chermak & Weiss, 2005; Feist, 1999; Huey & Broll, 2012; McGovern & Lee, 2010; Reid, 2009; Wilson et al., 2011). Blant anna seier informant 4: «Viss politiet ikkje er ei kjelde så vil det jo fort vere andre kjelder som heller blir dei føretrekte kjeldene. Og då kan jo det ha nokre konsekvensar med tanke på

kva som kjem fram.» Informant 2 påpeikar vidare at politiet kan bruke media for å korrigere rykte «[...] slik at fantasien ikkje løp heilt løpsk for folk.» og for å skape ei «[...] balanse i omtala av saka.» Dette blir underbygd av McGovern og Lee (2010, s. 456) som skriv at politiet i stor grad kan påverke medieinnhald ved å uttale seg, fordi nyhendesaker i mange tilfelle er utforma tilnærma likt som politiet sine utsegn. Likevel er det journalistar som til sist vel korleis dei vil presentere straffesaker i media (Feist, 1999, s. 24).

På tross av at informantane er opptatte av å gi eit korrekt bilete av straffesaka, kan det diskutertast kor korrekt biletet faktisk blir. Ericson (1989), som også skriv at politiet kan styre medieinnhaldet ved å gå offensivt ut og spreie nyhender, problematiserer denne kontrollen. Han skriv at politiet sensurerer nyhendeinnslag for å presentere kriminalitet slik politiet ønsker at publikum skal tru at den er, og ikkje slik den faktisk er (Ericson, 1989, s. 217). Ser ein materialet i lys av denne påstanden er biletet informantane presenterer truleg ikkje like objektivt og korrekt som dei uttrykk, sidan dei aktivt vel kva informasjon dei deler frontstage og kva informasjon dei hemmelegheld backstage. Slik handlar det å dele riktig informasjon ikkje berre om at informasjonen er korrekt, men om at den er riktig å dele frå eit politi-internt og etterforskingstaktisk perspektiv, til det beste for den enkelte, konkrete etterforsking.

På bakgrunn av at informantane er opptatte av å dele riktig informasjon er det interessant å sjå nærmare på informantane sine vurderingar rundt innhaldet i mediepresentasjonar i vignettsaka. Informantane er einige om at politiet fortløpande bør vurdere bruken av medieinnslag og innhaldet i desse (Feist, 1999, s. 36; Reid, 2009), men ikkje alltid om kva informasjon som er korrekt å dele. Desse vurderingane er tema i det komande delkapittelet.

4.2 Innhaldet i mediepresentasjonar styrast av etterforskingstaktiske, etiske og juridiske omsyn

Det kan vere utfordrande å avgjere kva informasjon som skal offentleggjerast og kva som skal hemmeleghaldast i ei etterforsking (Feist, 1999). Om dette seier informant 3: «[...] det er jo den der utruleg vanskelege balansejongen som vi står i kvar gong i forhold til å gi opplysingar.» Informanten uttrykk vidare at desse avgjerdene blir vanskelegare å ta dess meir informasjon politiet har.

Sjølv om informantane kan vere usikre og til tider ha ulike perspektiv på kva informasjon som bør delast, er dei einige om at dei i vurderingane må ta omsyn til både etterforskinga, etikken og lovverket. Den vidare drøftinga tar for seg informantane sine mest sentrale refleksjonane knytt til desse momenta.

4.2.1 Etterforskingstaktiske refleksjonar

Som synleggjort i første delkapittel vektlegg informantane etterforskingstaktiske omsyn når dei vurderer å gå ut frontstage i media. Informant 8 uttaler: «[...] dei taktiske vurderingane må vi jo heile tida tenke når vi brukar media.» Informant 4 underbygg dette ved å seie at «[...] omsynet til etterforskinga må vege tyngst for kva ein går ut med og ikkje.» Også Ericson (1989) og Huey og Broll (2012) presenterer dette omsynet som ei av hovudårsakene til at politiet sensurer og hemmeleggheld informasjon.

Eit etterforskingstaktisk omsyn alle informantane nemner, er korleis informasjon som politiet publiserer kan påverke kor mange personar som responderer og kor relevant informasjonen personane kjem med er. I refleksjonane knytt til første del av vignettsaka påpeikar fleire at den publiserte Twitter-meldinga er for upresis, og at dette kan auke sannsynet for at politiet mottek mykje irrelevant informasjon. Informant 3 uttrykk: «Erfaringsmessig så får du mykje rart også. Spesielt når [det står] «Mann i 40-åra funne kraftig forslått i Bergen.»» Store mengder informasjon kan vere ressurskrevjande å samle, gjennomgå og analysere (Bennett, 2020; Innes, 1999), noko som kan ta ressursar frå viktig arbeid backstage.

For å auke sannsynet for at relevante vitne tar kontakt, og slik gjere arbeidet mindre ressurskrevjande, bør informasjon delt frontstage i media vere spesifikk og tydeleg (Feist, 1999). Feist (1999, s. vi) påpeikar at kvaliteten på informasjonen politiet mottek avhenger av kvaliteten på informasjonen politiet deler. Informant 4 underbygg dette:

«For å [...] gjere dei som kan ha sett, potensielle vitne, i stand til å kjenne igjen personen, så tenker at eg [det kan vere lurt å seie] noko meir enn «mann i 40-åra». [Vi kan kanskje] seie noko om [...] kva klede han har hatt på seg, [...] korleis han ser ut og ikkje minst også kvar han har vore, eller i alle fall kvar han er funnen.»

Informant 6 uttrykk det same ved å påpeike at det på nattetid i Bergen truleg kan skje fleire valdshendingar, og at publikum må få nok informasjon til å forstå om dei er vitne til valden mot Jan. Slik framstår det som at informantane tar til orde for at politiet ikkje bør sensurere for mange detaljar, men heller skildre tydelege narrativ. Utarbeiding og presentasjon av narrativ er ein sentral del av politiet sitt arbeid både backstage i etterforskinga og i andre frontstage-settingar som til dømes i retten (Donnelly & West, 2019).

Også Ericson (1989) skriv at politiet formidlar historier frontstage i media, men kritiserer dei for å sensurere desse med formål om å styre publikum sitt inntrykk av etaten, som skildra i delkapittel 4.1. Informantane framstår bevisste på denne påverknadskrafta når dei poengterer at

politiet gjennom innhaldet i mediepresentasjonar til dels kan styre kor mange som responderer og kor relevant informasjonen politiet mottok er. Bevisstheita kjem kanskje endå tydelegare fram gjennom informantane sine refleksjonar rundt korleis altfor spesifikk informasjon og altfor tydelege narrativ i mediepresentasjonar kan hindre relevante vitne frå å kontakte politiet. Dette momentet er synleggjort i informant 3 sitt sitat under, der hen argumenterer for kvifor hen ikkje vil publisere informasjon om den oransje jakka til Jan Hansen i første del av vignetten.

Det med dei kleda går jo på at [...], sidan den allværsjakka er så tydeleg, at ein ikkje går glipp av dei som, viss den jakka har vore av eller på eller noko slik, at ein går glipp av dei vitna som tenker at «Eg såg ingen med oransje jakke. Eg såg jo ein som blei boren inn i ein bil, som såg litt rart ut, men han hadde jo ikkje oransje jakke, så då er ikkje det noko.»

Informant 5 kjem med liknande refleksjonar, og uttrykk at politiet må vere forsiktige når dei i mediepresentasjonar formulerer kvar Jan Hansen blei funnen, slik at publikum forstår at det straffbare forholdet kan ha skjedd andre stader. Gjennom utsegna framstår det som at informantane ikkje berre vektlegg om informasjonen frontstage i media er korrekt, men også om korrekte narrativ i nokre situasjonar eller for nokre vitne kan gi eit feilaktig bilete av straffesaka.

Når politiet først har kome i kontakt med relevante vitne, vil det ofte vere naturleg å ta avhøyr av desse. Formålet med avhøyr er å samle sikker og påliteleg informasjon (Launay et al., 2022; Monckton-Smith et al., 2013, s. 172; Riksadvokaten, 2016). Dette er ei utfordrande oppgåve, og Myhrer (2015, s. 108) er blant fleire som påpeikar at det i ein del etterforskingar er nærmast umogeleg å vere objektiv, blant anna på grunn av etterforskarar sine subjektive kjensler.

Fleire av informantane uttrykk at mediepresentasjonar kan forverre pålitelegheitsutfordringane i avhøyr, fordi den som blir avhøyr kan ha blitt påverka av informasjonen i media (Huey & Broll, 2012, s. 390). Informant 7 seier: «Eit kvart utsegn frå politiet vil påverke vitne.» og «Vitne blir påverka utan at dei ønsker det sjølv.» Særleg vektlegg nokre informantar faren for at informasjon frontstage i media kan bidra til danninga av falske minner. Informant 1 poengterer: «Jo meir informasjon som er ute, jo lågare pålitelegheit får på ein måte observasjonen, fordi ein kan like gjerne ha lest det eller høyr det eller ha fått det med seg på annan måte.» Dette blir underbygd av Wixted et al. (2018), som skriv at det å utsette vitne for kontaminerande informasjon kan skape falske minner, og av Reyna et al. (2002), som

poengterer at kva politiet kommuniserer og korleis dette blir gjort kan påverke utviklinga av falske minner.

Når pålitelegheita til informasjon som kjem fram i avhøyr er svekka, kan bevis- og bruksverdien til denne bli lågare, til dømes ved at politiet ikkje kan vektlegge informasjonen i same grad i andre frontstage-settingar, som i ei rettssak (Ericson, 1989; Huey & Broll, 2012, s. 390). Informant 1 uttrykk bekymring knytt til denne konsekvensen: «Så er det vanskelegare og vanskelegare å koma i eit avhøyr eller i eit fengslingsmøte eller til hovudforhandling.»

Gjennom materialet framstår det vidare som at informantane ønsker å forme mediebilete som i minst mogeleg grad kontaminerer vitneforklaringar. For å oppnå dette i vignettsaka uttrykk informantane at mediepresentasjonane bør innehalde minst mogeleg detaljar, og at særleg visse typar informasjon er viktig å hemmeleghalde. Ein av desse informasjonstypane er informasjon som er ustadfesta, og dermed kan vere feil. Informant 7 uttaler:

Dersom til dømes vi går ut med den fargen på jakka, og det viser seg at den faktisk var ein annan farge. [...] seier du eit eller anna om noko raudt, så blir det eit eller anna om noko raudt uansett.

Informantane uttrykk også at politiet bør hemmeleghalde informasjon som kan ha høg bevisverdi, og poengterer at det er avgjerande at denne informasjonen blir uttalt direkte frå vitne, utan påverking frå politiet. I vignettsaka kan dette vere informasjon om til dømes skadeomfanget til Jan Hansen. Når informant 2 reflekterer rundt offentleggjering av denne informasjonen, seier hen: «Det meiner eg [...] ville vore å forspille eit bevis.» Informant 7 poengterer noko av det same når hen uttaler: «Det er jo også med på å så styre vitne på ein negativ måte.»

Vidare seier nokre av informantane at politiet bør bruke fråvær av strategisk valt informasjon til å undersøke pålitelegheita til informasjon som kjem fram i vitneforklaringar. Særleg informant 5 poengterer dette, og uttrykk at politiet i vignettsaka kan undersøke om eit vitne kan skildre dei delane av klesdrakta til Jan Hansen som har blitt hemmelegholdt:

Det er alt det her med falske minne også som er ei problemstilling. Og det er derfor eg kanskje ville ha droppa å gå ut med, altså utelate, til dømes den skjorta. [...] Då [kunne eg spurt i avhøyr:] «hadde han noko under allværsjakka [...], og kva var i så fall det?»

Sjølv om informantane er opptatte av at nokre typar informasjon oftast bør hemmelegholdast, uttrykk fleire at politiet kan dra nytte av å offentleggjere denne informasjonen i nokre

situasjonar. Blant anna uttrykk informant 5 følgande: «Det er alt etter kor desperate vi er etter informasjon. [...] Det er tross alt etterforskinga som er det viktigaste for oss.»

Når politiet vurderer innhaldet i mediepresentasjonar, må dei også ta omsyn til at dei gjennom mediearbeid frontstage kan kommunisere med potensielle gjerningspersonar (Innes, 1999). Dette kan ha både positiv og negativ innverknad på ei etterforsking. På den negative sida kan nyhendeoppslag åtvare gjerningspersonar, og slik gjere det vanskelegare for politiet både å lokalisere vedkomande og å samle bevis (Ericson, 1989; Feist, 1999; Huey & Broll, 2012, s. 390). Om dette seier informant 3: «[...] og så er det mogelegheita [...] for gjerningspersonen å kvitte seg med spor som vi er på jakt etter. Kvitte seg med telefon, klede, alt som på ein måte vi tenker er bevis [...]» Informant 5 uttrykk seg einig i dette, men påpeikar at gjerningspersonar ofte allereie veit at politiet leiar etter dei. Hen seier likevel at politiet ikkje kan ta dette for gitt, fordi gjerningspersonar ikkje alltid tenker og handlar som rasjonelle menneske.

Det positive med at politiet kan kommunisere med gjerningspersonar gjennom media, er at det kan gi politiet moglegheit til å provosere fram reaksjonar hos vedkomande (Feist, 1999, s. 27; Innes, 1999). Fleire informantar påpeikar dette, og seier at politiet kan bruke mediepresentasjonar i kombinasjon med skjulte etterforskingismetodar. Slik framstår det som at politiet kan jobbe frontstage i kombinasjon med etterforskingsteg som er strengt hemmelegghaldt backstage.

Eit anna etterforskingstaktisk moment informantane vektlegg knytt til mistenkte sin tilgang til mediepresentasjonar, er at innhaldet kan påverke mistenktavhøyr. Blant anna kan innhaldet ha betydning for om og kva ein mistenkt tilstår, og for bevisverdien til tilståinga (Ericson, 1989). Informantane uttrykk at offentleggjering av detaljar om eit lovbrøt gir ein mistenkt mogelegheit til å tilpasse forklaringa si og eventuelt få forholdet til å framstå mindre alvorleg enn det er. Informant 7 seier:

Det kan hende at gjerningsmannen eigentleg ikkje veit sjølv kva han har gjort 100%. Og det er klart at dersom han meiner at han har gjort nokre ting og politiet går ut med at [...] [det berre var] ribbeinsbrøt og litt sånne ting, sant, så gir ein mogelegheiter til å så kome unna med berre det.

Hartwig et al. (2007) underbygg denne observasjonen ved å påpeike at mistenkte ofte brukar strategiar for å framstå sannferdige i avhøyr. Blant strategiane dei nemner er at mistenkte unngår løgn og inkriminerande detaljar, samstundes som vedkomande gir ei detaljert forklaring (Hartwig et al., 2007). Slike strategiar er truleg lettare å gjennomføre dersom store deler av

narrativet i straffesaka er skildra i media, fordi mistenkte då kan innlemme korrekte detaljar frå narrativet i ei feilaktig skildring av hendingsforløpet.

Ei anna moment informantane nemner knytt til korleis mediepresentasjonar kan påverke mistenktavhøyr, er at innhaldet kan forårsake falske tilståingar. Slike tilståingar er ein reell fare i mistenktavhøyr (Gudjonsson & Pearse, 2011), og kan kome både frå falske minner og ved at den avhøyrde bevisst tar på seg skulda for eit lovbrøt (Adam & van Golde, 2020). Slike tilståingar er blant hovudårsakene til urettmessige domfellingar, og har ført til at uskuldirte personar har sona fleire tiår i fengsel (Drizin & Leo, 2003). Informant 2 uttrykk følgande om falske tilståingar: «Veldig mange menneske blir jo triggja av liksom det å kome med tips på den måten at dei kan [seie] «det er eg som har utført det», og så er det ikkje sant [...].»

Det er i liten grad forska på faren for falske tilståingar grunna medieoppslag. Derimot er det undersøkt korleis falske tilståingar kan forårsakast av avhøyrsteknikkar og sårbarheiter hos mistenkte (Gudjonsson & Pearse, 2011). Tidlegare forskning vektlegg også at politiet kan auke sannsynet for å avdekke løgn og for å innhente korrekt informasjon ved å hemmelegchalde informasjon fram til eit strategisk tidspunkt i avhøyr (Clemens et al., 2020; Hartwig et al., 2007; Sorochinski et al., 2014). Sorochinski et al. (2014) konkluderer med at sannsynet for å avsløre løgn er størst når presentasjonen skjer seint i avhøyet. Også informantane i denne oppgåva vektlegg fordelane ved å presentere potensielle bevis på strategiske tidspunkt i avhøyr. Informant 5 uttaler at hen ville hemmelegchalde informasjon i vignettsaka for å kunne gjennomføre ein «taktisk bevispresentasjon» i avhøyr, og seier at «ein eventuell gjerningsperson må kunne skildre kva han har gjort, og så får vi sjå om det er foreinleg med skadane vi veit har kome.» Både tidlegare forskning og utsegn frå informantane indikerer derfor at politiet kan auke sannsynet for avdekking av falske tilståingar og forsøk på å framstå uskuldirte ved å sensurere informasjon frontstage eller hemmelegchalde den backstage.

4.2.2 Ethiske refleksjonar

Informant 4 uttaler følgande om etiske omsyn ved offentleggjering av informasjon i etterforskingar: «Nei, ein må jo tenke igjennom [...] personvernmessige omsyn og etiske omsyn knytt til kva opplysingar ein kan og bør gi ut. Men det opplev eg jo veldig sjeldan er ei utfordring altså.» Sjølv om informanten uttrykk at etiske omsyn sjeldan er ei utfordring, reflekterer alle informantane seriøst rundt etiske omsyn knytt til informasjonsdeling i vignettsaka. Blant anna vektlegg dei belastinga medieomtale kan påføre fornærma og pårørande, som synleggjort i følgande sitat av informant 4: «[...] det er jo ei belastning for både offer, viss offer hadde overlevd her, men også [for dei] pårørande [...].» Ericson (1989)

presenterer omsynet til desse partane som ein av hovudårsakene til at politiet hemmeleg held informasjon.

Mulley (2001), som har skrive om belastinga offer blir utsett for gjennom medieomtale, poengterer at slik omtale for mange er uønskt, og skjer i ei stressande og sorgfull tid. Ho argumenterer for at publisering av straffesaksinformasjon i media kan opplevast som ei *secondary victimisation*, ved at ofre kjenner seg trakasserte og sårbare, opplev at dei mistar kontroll og at privatlivet deira blir krenka. Det at offer kan kjenne på slike kjensler, kan indikere at dei opplev manglande styring over korleis dei blir presentert frontstage. I staden for at dei sjølv deler si historie, er det politiet og media som styrer korleis hendingar blir presentert.

Også for pårørande kan mediedekking opplevast som ein invasjon i privatlivet og som ei utlevering av deira personlege tragedie (Barak-Brandes & Shaul, 2014). Det framstår derfor som at også dei pårørande kan oppleve manglande kontroll over korleis livet deira blir framstilt frontstage. Særleg kan medieomtale vere belastande for pårørande barn (Barak-Brandes & Shaul, 2014; Clements & Burgess, 2002). Medieomtalar kan hindre barn frå å få sørge i fred (Clements & Burgess, 2002), og føre til at foreldre må gi barn detaljar om drapet tidlegare enn ønska (Barak-Brandes & Shaul, 2014). I materialet til denne oppgåva kjem det fram refleksjonar knytt til belastinga for barn når informant 1 snakkar om mediebruk i første del av vignetten: «To barn ja, ikkje sant. Dei er jo 10 og 8 år, ikkje sant. Dei går på barneskulen. Det er klart det er jo belastande for dei også.»

For å minke belastinga på offer og pårørande, kan politiet involvere desse personane i medieprosessen (Bennett, 2020, s. 157-158; Feist, 1999; Reid, 2009). Slik kan dei kjenne på deltaking i utforminga av korleis dei blir framstilt frontstage. Fleire av informantane tar til orde for dette, derunder informant 3: «Omsynet til dei fornærma er viktig å ivareta [...] Det er viktig at dei er med i loopen.» Informantane påpeikar likevel at det er politiet som må ta avgjerdene knytt til innhaldet i mediepresentasjonane.

Eit anna verkemiddel informantane påpeikar kan minke belastinga ved mediepresentasjonar, er å unnlate identifisering av fornærma. Informant 8 uttaler: «Det er vel den første tanken som slår meg, at vi prøver å verne identiteten til den som er utsett for handlinga.» I tillegg er informantane tydelege på at dei ønsker å hemmeleghalde stigmatiserande informasjon. Informant 7 seier at hen ikkje ville offentleggjort at Jan Hansen besøkte ein pub, fordi «det er også litt sånn stigmatiserande i forhold til at folk forventar at han er på pub eller at han er berusa.» Likevel er hemmeleghald av denne typen informasjon ikkje alltid enkelt, noko som

kjem fram av følgande sitat av informant 1: «[...] det blir sikkert på eit eller anna tidspunkt [...] trekt opp i media at politiet har vore heime på festbråk på adressa [og at] han var full og berusa og kranglete på puben.»

Ein årsak til at offentleggjering av den ovannemte informasjonen kan opplevast belastande, kan vere at den inneheld skildringar som er negative (Feist, 1999), og i liten grad stemmer med det samfunnet ser på som representativt for det ideelle offer (Christie, 1986). Eit ideelt offer skal i følge Christie (1986) blant anna vere svakt, vere involvert i ein respektabel aktivitet og vere på veg til ein plass som ein ikkje kan klandrast for. Dette stemmer lite overeins med at Jan Hansen er ein mann som besøkte ein pub, og som truleg var involvert i ei konflikt. Korleis eit offer blir framstilt kan også vere av etterforskingstaktisk betydning, fordi framstillinga kan påverke kor villige publikum er til å bidra med informasjon (Bennett, 2020, s. 157-158; Feist, 1999, s. 26).

Eit anna etisk omsyn som gjentar seg i informantane sine refleksjonar, er korleis omtale og identifisering frontstage i media kan vere belastande for ein potensiell mistenkt. Dette momentet er av Ericson (1989) nemnt som ei av årsakane til at politiet sensurerer og hemmelegheld informasjon. Momentet er også synleggjort gjennom ei undersøking Norsk Gallup gjennomførte i år 2000, der eit utval personar fekk følgande spørsmål: «Hva tror du er den største belastningen ved å bli innblandet i en straffesak?» Svaralternativa var: «pågrepelse», «varetektsfengsling», «avhør hos politiet» og «omtalt med navn og bilde i mediene» (Kristiansen et al., 2001, s. 66). 70% av respondentane svarte «omtalt med navn og bilde i mediene», som altså blei sett på som meir belastande enn å bli fråtatt fridommen gjennom varetektsfengsling. Undersøkinga tok ikkje for seg kvifor dette var tilfelle.

Undersøkinga er no over 20 år gamal, og det er uvisst korleis respondentar ville svart på tilsvarande spørsmål i dag. Basert på informantane sine utsegn i denne oppgåva er det likevel liten tvil om at medieomtale framleis kan vere ei påkjenning. Dette er særleg synleg når informantane reflekterer rundt ei eventuell etterlysing av den potensielle mistenkte i andre del av vignettsaka. Fleire av informantane er usikre på om dei ville etterlyst mannen, og uttaler at dei truleg kan identifisere han gjennom lempelegare middel. Nokre uttrykk også at dei ville diskutert ei potensiell etterlysing med samarbeidspartnarane sine. Denne samhandlinga blir drøfta meir inngåande i kapittel 5.

Andre informantar er tydelege på at dei ikkje ville etterlyst den potensielle mistenkte. Ein av desse er informant 7, som uttrykk at det er vanskeleg å etterlyse nokon utan å gi ei grunngeving

for etterlysinga. Ved å offentleggjere årsaka til etterlysinga, altså at personen var i ein konfrontasjon med avdøde, kan allmennheita feilaktig oppfatte etterlysinga som ein mistanke, og dermed førehandsdømme vedkomande. Førehandsdømming gjennom medieomtale kan fråta personar ein rettferdig rettergong, noko alle har krav på etter Grunnlova (1814) § 95 og EMK (1950) art 6 (Fliflet, 2015). Kohm (2009) løftar fram at uthenging og audmjuking av potensielle gjerningspersonar i media ser ut til å ha auka dei siste åra. I det norske rettsvesenet er det drøfta om belastinga knytt til mediemerksemd kan gi grunnlag for redusert straffeutmåling (Fliflet, 2015), og meir ekstreme former for uthenging har ved nokre tilfelle også ført til dette (Løkkevik et al., 2023).

Andre informantar ville truleg etterlyst den potensielle mistenkte, enten berre ved bruk av personskildring eller også ved bruk av bilete. Informant 8 argumenterer for dette:

Men vi er jo veldig interesserte i å kome i kontakt med denne personen. Så det å bruke media ved å gi ut skildringa av personen [...], det ser eg ikkje noko anna grunn til enn at vi må gjere for å prøve å kartlegge kven dette er gjennom media.

Dersom politiet vel å etterlyse den ukjente mannen, uttrykk informant 5 at det må bli gjort på ein skånsam måte, og at politiet tydeleg må formidle at personen ikkje har mistenktstatus:

Vi må liksom vere litt forsiktige med korleis vi [formulerer oss]. [Vi] prøver sånn standard Jon Christian Elden i Åsted Noreg: [...] «du ser ein på overvåkingskamera [...], [det] treng ikkje å vere gjerningspersonen [...], det kan vere eit vitne med opplysingar av interesse for politiet.»

Det kan likevel vere vanskeleg å unngå at publikum tolkar etterlysinga som ein mistanke. For der første blir etterlysingar ofte brukt når politiet leitar etter ein mistenkt (Miles, 2005; Webbink et al., 2017). I tillegg er, som tidlegare drøfta, objektivitet i etterforskingar nesten ei umogelegheit (Myhrer, 2015, s. 108), og politiet sine mistankar kan kanskje utilsikta vere synlege i ei etterlysing.

Eit moment ved dagens mediebilete som kan forverre mistenkte si oppleving av å bli omtalt i mediepresentasjonar frontstage, er at nyhendesaker kan bli spreidd digital og globalt gjennom internett, gjerne på kort tid. (Fanebust et al., 2019, s. 45-46; Lillebuen et al., 2016; Løkkevik et al., 2023). Samtidig kan nyhendeartiklar som er publiserte på internett i mange tilfelle bli verande der, og informasjon om ei straffesak kan kome høgt i søkeloggen dersom nokon søker på namnet til ein mistenkt (Lillebuen et al., 2016, s. 208; Robin, 2017). Slik kan gamle

straffesaker henge ved mistenkte, og føre til blant anna lågare sosial status og problem med noverande og framtidig arbeid (Lillebuen et al., 2016; Reza, 2005, s. 755). Derfor kan det argumenterast for at informasjon delt gjennom media ikkje berre kan føre til førehandsdømming, men også til «etterhandsdømming». Ein slik «evig» frontstage-presentasjon skil seg frå scenarioet Goffman (1959) presenterer i si bok, der kjøkkenpersonalet sine frontstage-presentasjonar i stor grad var midlertidige og ville bli gløymt av dei fleste tilskodarane. Det var også avgrensa kven desse presentasjonane var tilgjengelege for, sidan dei var geografisk avgrensa til ein restaurant.

Noko overraskande diskuterer ingen av informantane korleis nyare media kan påverke belastinga på involverte i straffesaker. Likevel snakkar fleire indirekte om dette, ved å reflektere rundt privatpersonar si deling av nyhendesaker på sosiale media og hurtig informasjonsspreiing. Det kan vere fleire årsaker til at informantane ikkje konkret reflekterer over belastinga, blant anna blei dei ikkje stilt direkte spørsmål om dette.

4.2.3 Juridiske refleksjonar

Når informantane reflekterer rundt innhaldet i mediepresentasjonar i vignettsaka, vektlegg dei at lovverk og retningslinjer legg føringar for politiet si informasjonsdeling. Også Ericson (1989) vektlegg dette når han grunngjev kvifor politiet sensurerer og hemmeleggheld informasjon.

Omgrepet teieplikt blir nemnt av alle informantane i denne oppgåva, og særleg blir det vektlagt av PÅL-rolla. Informant 1, som innehar denne rolla, seier: «Det er ikkje all informasjon som skal ut av omsynet til teieplikt. Det eine er i forhold til saka, men også i forhold til den det gjeld.» Informanten poengterer også viktigheita av at politiet tar omsyn til uskyldspresumpsjonen, som er at ein person skal bli sett på som uskyldig inntil det motsette er bevist (EMK, 1950, art. 6 nr. 2; Fliflet, 2015, s. 92). Informant 2, som også er PÅL, viser vidare til politiregisterloven, og korleis den ikkje berre avgrensar mediearbeidet, men også opnar for informasjonsdeling:

Det er jo politiregisterloven som er [...] heimelen for å kunne, slik eg oppfattar det, å kunne gi informasjon [...] Vi er bundne av teie, vi er bundne av personvern, men vi kan også [...] gi ut informasjon når det gagnar saka.

Som presentert i kapittel 4.1 er det ingen av informantane som nemner forholdsmessigheitsvurderinga til Riksadvokaten (2017). Gjennom refleksjonane til informantane framstår det likevel som at politiet sitt juridiske handlingsrom for å dele

informasjon er sterkt knytt til etiske- og etterforskingstaktiske omsyn, og at det blir gjort forholdsmessigheitsvurderingar når desse omsyna blir veid opp mot kvarande.

4.3 Delavslutning

Informantane uttrykk at politiet ved å uttale seg om straffesaker kan bidra til å formidle eit korrekt og nyansert mediebilete. Gjennom analysa over framstår det likevel som at informantane tilpassar narrativ i mediepresentasjonar ved å hemmeleghalde straffesaksinformasjon backstage og offentleggjere gjennomtenkt og sensurert informasjon frontstage. Dette ved å balansere etterforskingstaktiske, etiske, juridiske og mediestrategiske omsyn. Informantane argumenterer for at balanseringa er nødvendig for å legge til rette for ei formålsstyrt og upåverka informasjonsinnhenting (Riksadvokaten, 1999). Slik ser det ut til at analysa delvis underbygg Ericson (1989) sine funn om at politiet tilpassar mediebilete for å oppnå eigna vinning, gjennom sensur og hemmeleghold av informasjon.

Sidan vurderingane rundt politiet sin etterforskingstaktiske mediebruk er så samansette, er det interessant å sjå nærmare på korleis dette arbeidet er organisert backstage i politiet. Denne organiseringa blir undersøkt i det komande kapitlet.

5 Organisering av politiet sitt etterforskingstaktiske mediearbeid backstage

Innleiingsvis i dette kapittelet blir det drøfta korleis PÅL, PEL og KOM samhandlar backstage i førebuinga av etterforskingstaktisk mediebruk. Deretter blir det drøfta korleis PÅL og PEL (etterforskingssleinga) samhandlar med innsatsleiar og operasjonsleiar (dei operative leiarane) backstage i dette arbeidet. Samhandlinga mellom KOM og dei operative leiarane er utelate, fordi KOM-informanten i mindre grad snakkar om dette. Avslutningsvis i kapittelet blir det drøfta kva møtestrukturar som blir brukt i samhandlinga mellom dei ovannemnte rollene. Samla svarer drøftingane på forskings spørsmål 2: Kva vurderingar gjer politiet knytt til korleis ulike roller internt i etaten samhandlar når dei førebur mediepresentasjonar? Også drøftingane i dette kapittelet blir gjort i lys av eit spørsmål frå Ericson (1989, s. 206) si forskning: korleis jobbar og organiserer politiet seg backstage for å oppnå publisitet som gagnar etaten? På same måte som i kapittel 4 komplementerer analysa Ericson si forskning, ved å spesifikt ta for seg politiet sitt etterforskingstaktiske mediearbeid backstage framfor politiet sitt mediearbeid generelt.

5.1 Kommunikasjon og samhandling mellom PÅL, PEL og KOM

Gjennom materialet uttrykk informantane at det er PÅL og PEL, og ved ein del tilfelle KOM, som bør ha hovudansvaret for offentleggjering av informasjon om etterforskingar frontstage i media. Saman skal desse rollene avgjere blant anna kva informasjon som skal offentliggjeras, når dette skal skje, kven som skal formidle den og kva media og formidlingsmetode som skal bli brukt.

Av materialet kjem det vidare fram at det i mediearbeidet til PÅL, PEL og KOM tidvis kan oppstå samhandlingsutfordringar. Utfordringar i tverrfagleg samhandling er eit gjentakande tema i tidlegare forskning (Goring et al., 2014; Lewin & Reeves, 2011; Toseland et al., 1986). Blant anna fann Lewin og Reeves (2011) at den tverrfaglege samhandlinga backstage på eit sjukehus ikkje fungerte optimalt, og at dei tilsette følte at dei var frontstage overfor kvarandre backstage. Dette kom til uttrykk blant anna gjennom at rollene såg ut til å ha vanskar med å vere avslappa backstage. Også Ellingson (2003, s. 111) poengterer at backstage-situasjonar kan ha ein grad av frontstage-karakter, særleg i gruppesamarbeid. Goffman (1959, s. 77-79) underbygg dette ved å skildre at det i mange situasjonar kan vere utfordrande å skilje fullstendig mellom front- og backstage, og at ein internt i team kan ha ein grad av frontstage-åtfærd.

Ei av samhandlingsutfordringane nokre av informantane i denne oppgåva nemner, som indikerer at det kan vere frontstage-liknande kjensler mellom PÅL, PEL og KOM backstage, er at det tidvis kan oppstå meiningsfrontar mellom rollene rundt korleis dei bør bruke media. Informant 3, som er PEL, er blant dei som snakkar om dette:

Vi hadde det faktisk her i ei øving vi hadde, og då oppdaga eg [...] [at eg og] den påtaleansvarlege som eg aldri hadde jobba med før [var] mil frå kvarandre i forhold til kva vi ville. Så eg og han andre etterforsningsleiarer [...] vi var jo samstemte, men ho var langt vekk frå oss.

Informanten uttrykk vidare at hen synest bruken av media er vanskeleg å diskutere med samarbeidspartnarar, sidan hen meiner at politiet er for defensive i dette arbeidet.

Ein potensiell årsak til utfordringar i tverrfagleg samhandling kan vere hierarkiske maktforskjellar (Bronstein, 2003; Devine, 1978; Franklin et al., 2015; Gotlib Conn et al., 2012; Lewin & Reeves, 2011; Toseland et al., 1986). Slike forskjellar kan blant anna redusere effektiviteten på avgjerdstaking (Toseland et al., 1986), og skadar særleg arbeid med tvitydige og komplekse problemstillingar der ein kan dra nytte av ulike perspektiv (Anderson & Brown, 2010, s. 80). Av analysa i kapittel 4 framstår vurderingane av innhaldet i politiet sine mediepresentasjonar som ei slik problemstilling.

På tross av potensielle utfordringar knytt til maktforskjellar er politiet organisert hierarkisk (Bowling et al., 2019, s. 27-29; King, 2005; Mead, 2002). Hierarkiet mellom PÅL, PEL og KOM er synleg blant anna ved at PÅL-rolla har hovudansvar for mediearbeid i etterforskingar (Vest Politidistrikt, 2022). Frå materialet kan det sjå ut til at dette hierarkiet særleg er synleg frontstage, då informantane påpeikar at det ofte er PÅL som uttaler seg i media. Blant anna seier informant 5, som er PÅL:

Det har vore diskusjonar i saker tidlegare [...] [der] eg var veldig tydeleg på innleiingsvis til etterforskningsgruppa at det er eg som har kontroll på media, og ingen andre, sånn at ingen andre skal seie noko. For i tidlegare saker så har dei jo fått sånn halvvegs den beskjeden også frå juristen, men så kjem det jo ting ut.

Gjennom sitatet framstår det som at tydelege hierarki også kan ha positive følger, ved at det kan sikre at riktig informasjon blir delt frontstage. Anderson og Brown (2010, s. 58) underbygg dette ved å skrive at det å gi kvalifiserte enkeltpersonar større kontroll og avgjerdsmynde kan auke kvaliteten på avgjerder. Det samstemmer også delvis med forskinga til Chermak og Weiss

(2005), der det kjem fram at det er lettare å oppretthalde kontroll på informasjonsflyten til media dersom ein person eller ei lita gruppe har hovudansvar for mediehandteringa.

Sjølv om dei hierarkiske forskjellane er tydelege i deler av materialet, er det andre delar som indikerer at hierarkiet er forholdsvis flatt i samhandlinga backstage. At hierarki som er tydelege frontstage kan vere mindre dominerande backstage, er noko også Goffman påpeikar i skildringa av korleis kjøkkenpersonalet samhandla i ulike settingar (Goffman, 1959, s. 114). Ein indikasjon på at hierarkiet mellom PÅL, PEL og KOM er forholdsvis flatt backstage, er at det framstår som at rollene har innsyn i kvarandre sine perspektiv og tilpassar seg behova til situasjonen (Bronstein, 2003). Blant anna tok KOM-informanten omsyn til etterforskingstaktiske moment, PÅL-informantane til formulering av mediepresentasjonar og PEL-informantane til teieplikt. Vidare framstår det som at rollene kan utfordre kvarande, både innanfor deira eigne og dei andre sine fagområde. Slik ser det ut til at desse rollene er fleksible, noko Bronstein (2003) skriv er ein viktig komponent i velfungerande tverrfagleg samhandling. Det verkar også som at det viktigaste for informantane ikkje er å vinne fram med eigne perspektiv, men å saman utvikle ein mediestrategi som er til det beste for etterforskinga, som synleggjort i følgande sitat av informant 8:

[...] det er vi i samråd, altså PEL og PÅL-rolla som må bli einige om ein form for strategi når vi skal bruke media. [...] men blir saka endå større, så kan det hende at ein tar inn KOM-leddet også. [...] Og så er det strategien vi vel og enigheita om korleis vi best mogeleg skal bruke media, det gjer vi i eit samarbeid.

Det å ha eit felles mål, slik det av materialet framstår som at PÅL, PEL og KOM ofte har, blir av både Bronstein (2003) og Franklin et al. (2015) presentert som avgjerande for velfungerande samhandling. Gjennom at PÅL, PEL og KOM har eit felles mål, framstår det vidare som at dei ikkje berre har ulike roller, men også ei felles rolle. Dette blir underbygd av sitatet over, der informanten aktivt brukar omgrep som «vi» og «samarbeid», særleg om fellesskapet mellom PÅL og PEL. Sitatet til informanten indikerer også at hen opplev at oppgåveløysing kan bli betre når rollene samhandlar, noko som samstemmer med korleis Bronstein (2003) skildrar komponenten «nyoppretta profesjonelle aktivitetar». Vidare samstemmer det med forskinga til Franklin et al. (2015), der det kjem fram at personar i velfungerande gruppesamarbeid forstår at resultatata blir betre når dei jobbar saman. Informant 4 snakkar meir inngåande om dette:

«Og eg synest jo veldig ofte [...] når vi har tid til å diskutere desse tinga, med [eit] tverrfagleg blikk, så [kjem det ofte opp] litt forskjellige perspektiv og nyansar [...]. Og eg synest ofte det [...] gir eit godt resultat då.»

Informant 5 og 8 uttrykk noko av det same ved å påpeike at ueinigheiter og ulike perspektiv bidrar til utforminga av ein god og korrekt mediepresentasjon. Dette kan underbyggast av tidlegare forskning som finn at tverrfagleg samhandling kan bidra til å skape gode resultat (Franklin et al., 2015; García et al., 2021; Goring et al., 2014; Toseland et al., 1986). Reid (2009) konkretiserer dette ved å poengtere at det er viktig for kvaliteten på mediehandteringa at den politifaglege etterforsningsleiaren samhandlar tett med kommunikasjonsrådgivarar og menneske med juridisk kompetanse. Vidare argumenterer Feist (1999, s. 32) for at kommunikasjonsrådgivarar bør ha ein fast plass i etterforsningsgruppa, blant anna for å synleggjere kva denne rolla kan bidra med.

Eit anna positivt moment ved samhandlinga som kjem fram i materialet, er at informantane opplev at dei grunna samarbeidspartnarane sin kompetanse ikkje treng å inneha kunnskap om alle moment knytt til mediearbeidet. Dette kjem til uttrykk når informant 3 og 8, som er PEL-ar, svarer på spørsmålet om kjennskap til lovverk og retningslinjer som styrer mediebruk i etterforskinga. Dei uttaler at dei i mindre grad treng kunnskap om dette, fordi det i hovudsak er samarbeidspartnarane sitt ansvar. Informant 3 seier vidare at hens oppgåve hovudsakleg er å vurdere taktiske omsyn. Slik verkar dei ulike rollene å vere avhengige av kvarande i tråd med Bronstein (2003) sin komponent «gjensidig avhengigheit». At rollene er avhengige av kvarande blir også underbygd av at informantane uttrykk forståing for forskjellane mellom rollene (Bronstein, 2003; Franklin et al., 2015). Blant anna uttaler informant 4 at det er forståeleg at dei ulike rollene har litt forskjellige perspektiv, fordi dei har ulike roller og ulikt ansvar i etterforskingar.

Gjennom analysa over framstår informantane i hovudsak fornøgde med samhandlinga mellom PÅL, PEL og KOM backstage. Det ser ut som at samhandlinga på fleire område samstemmer med komponentane som Bronstein (2003) skriv er viktige, og at samarbeidspartnarane i forholdsvis liten grad kjenner på frontstage-kjensler overfor kvarandre. Desse funna kan vere prega av forsøk på å oppretthalde eit inntrykk av at den tverrfaglege samhandlinga mellom PÅL, PEL og KOM er velfungerande, noko som Lewin og Reeves (2011, s. 1602) skriv ser ut til å vere tilfelle i deira forskning på helsevesenet. Noko som talar mot dette er at PÅL, PEL og KOM truleg i mindre grad enn tilsette i helsevesenet har behov for at «publikum» skal ha inntrykk av dei samhandlar godt. I helsevesenet må pasientar forhalde seg til tilsette med mange

ulike roller (Lewin & Reeves, 2011), og pasientane forventar truleg at dei ulike yrkesgruppene samhandlar for å gi dei best mogeleg pleie. I kontrast til dette finst det ikkje «pasientar» som set krav til at PÅL, PEL og KOM er oppdaterte på deira situasjon. Vidare kan skiljet mellom kva som er frontstage og backstage for sjukehusstilsette vere flytande i form av at pasientar i stor grad har tilgang til arbeidslokala deira (Ellingson, 2003). Dette kan igjen føre til at pasientar forstyrrar arbeidet backstage, slik at det blir flytta frontstage (Hindmarsh & Pilnick, 2002; Lewin & Reeves, 2011). Skiljet mellom kva som er backstage og frontstage for PÅL, PEL og KOM er truleg meir konkret og konstant: dei jobbar oftast frå eit lokale på ein politistasjon, der ingen andre enn polititilsette har tilgang. Sjansen for at dei blir forstyrra av media og publikum, bortsett frå over telefon, er derfor liten.

5.2 Kommunikasjon og samhandling mellom etterforsningsleinga og dei operative leiarane

Sjølv om alle informantane ytrar at PÅL, PEL og KOM skal ha hovudansvar for mediehandteringa i pågåande etterforskingar, er det ikkje alltid tilfelle i praksis. Informantane påpeikar at operasjonsleiar ofte har ansvar for mediekommunikasjonen i tida før etterforsningsleinga og eventuelt KOM kan ta over dette ansvaret. I tillegg har operasjonssentralen ansvar for politiet sin Twitter-konto, der dei deler korte oppdateringar om pågåande oppdrag i politidistriktet, og også kan be om tips i etterforskingar (Lundgaard et al., 2022; Politidirektoratet, 2018). Også innsatsleiar kan vere i dialog med media, fordi vedkomande har ansvar for det operative arbeidet på åstaden (Politidirektoratet, 2010, s. 21), der det kan vere journalistar som ønsker informasjon frå politiet.

Sidan dei operative leiarane formidlar informasjon om etterforskingar til publikum, gjennom media eller eigne formidlingskontoar, kan det argumenterast for at dei innehar rolla som politiet sine eigne innsidejournalistar, og derav tar rolla til dei eksterne innsidejournalistane Ericson (1989) skildrar. Ericson presiserer at forholdet mellom politiet og innsidejournalistar må vere prega av gjensidig tillit. Til desse journalistane skal politiet kunne gi informasjon og samstundes ha tillit til at den berre blir formidla vidare etter klarsignal frå dei, til avtalt tid og stad. Frå materialet til denne oppgåva kan det sjå ut til at samhandlinga mellom etterforsningsleinga og dei operative leiarane på noverende tidspunkt ikkje legg grunnlag for denne type tillit. Informantane formidlar at dei kjenner på fleire samhandlingsutfordringar, og det framstår som at frontstage-kjenslene som Lewin og Reeves (2011) presiserer kan eksistere i tverrfagleg

samhandling backstage i helsevesenet, i større grad eksisterer mellom etterforsningsleinga og dei operative leiarane enn mellom PÅL, PEL og KOM.

Ei av utfordringane informantane nemner er at dei operative leiarane har andre tankar enn dei sjølve rundt mediebruk. Særleg er informantane frustrerte over kva informasjon dei operative leiarane inkluderer i mediepresentasjonar, og når dei vel å dele desse frontstage. Som skildra i førre avsnitt er dette noko Ericson (1989) poengterer at innsidejournalistar og politiet må vere einige om for å oppretthalde tillit. Informant 6 uttaler følgande om operasjonsleiar og operasjonssentralen si informasjonsdeling: «Det er veldig stor avstand mellom OPS-en og etterforskning med tanke på medieuttalingar.» Informant 7 sin frustrasjon knytt til dette kjem fram i følgande sitat:

[På operasjonssentralen] er det personar som i utgangspunktet ikkje har noko etterforskingserfaring som går ut med informasjon som openbart er etterforskningsmateriale i ein fase av etterforskinga der vi ikkje har peiling [...] på kva informasjon som er relevant og kva informasjon som er viktig å halde tilbake.

Informant 5 uttrykk noko av den same frustrasjonen:

[...] det er ein diskusjon, ei problemstilling, vi har frå tid til anna at eg sit som påtaleansvarleg i saka og meiner at det er ting vi ikkje skulle gått ut med i media, og så har jo eg opplevd at, «ja, men det skreiv dei på Twitter for ein time sidan.»

Den uttrykte frustrasjonen kan sjåast i samanheng med at Boateng og Chenane (2020) skriv at politiet har liten kontroll på kva som blir publisert på Twitter.

Informantane si misnøye er ikkje berre knytt til operasjonssentralen si mediehandtering, men også til mediehandteringa til innsatsleiarane. Gjennom å vise til ei eigenopplevd hending, fortel informant 3 at hen til tider har vore svært ueinig med innsatsleiarar angående mediebruk i straffesaker:

Det er jo ei av dei drapssakene som er for så vidt ganske enkle. Du har gjerningsperson, du har kroppen, erkjenninga kjem tidleg. Og så får eg ein innsatsleiar på [som seier] «ja men vi må be om tips, vi må be om tips». [...] Kvifor må vi no be om ytterlegare vitne på den tredje timen?

Også informant 1 uttrykk skepsis til kva informasjon innsatsleiarane deler: «Mange av dei er stort sett flinke, men det er litt å hente på presisjonsnivå, både på omgrep og roller og så vidare. [...] Mange av dei tenker veldig mykje operativt og litt lite etterforsking.»

Frå sitata over kan det sjå ut til at ulike perspektiv blir sett på som noko negativt, til skilnad frå analysa om samhandlinga mellom PÅL, PEL og KOM backstage. I staden for å verdsette den operative kompetansen, uttrykk informantane at dei operative leiarane ofte ikkje tar tilstrekkelege etterforskingstaktiske omsyn, noko som frå delkapittel 4.2 framstår som det viktigaste omsynet for informantane. Slik verkar det som at dei operative leiarane ikkje tilpassar seg dei etterforskingstaktiske behova i situasjonen, og derfor ikkje etterlev komponenten «fleksibilitet» i Bronstein (2003) sin modell. I tillegg ser det ut til at etterforskingssleinga og dei operative leiarane har ulike mål med mediearbeidet, noko som også er eit dårleg utgangspunkt for tverrfagleg samhandling (Bronstein, 2003; Franklin et al., 2015). Informantane er, som skildra i kapittel 4, i hovudsak opptatte av å bruke media på ein proaktiv måte ved å offentleggjere gjennomtenkt informasjon for å skape framgang i etterforskingar. Sjølv om informantane også snakkar om å bruke media på ein reaktiv måte for å svare på informasjonsbehov frå media og samfunnet, framstår dette som ein meir sentral del av mediearbeidet til dei operative leiarane (Lundgaard et al., 2022). Informantane skildrar også at dei opplev at dei operative leiarane svarer på førespurnader frå media fordi dei føler dei må eller for å lette på presset grunna ressursomsyn. Når dei operative leiarane først ber om tips i etterforskingar uttrykk informantane, som synleggjort over, at det blir gjort på ein mangelfull måte.

Noko overraskande framstår utfordringar knytt til ulike mål og perspektiv større mellom etterforskingssleinga og dei operative leiarane enn i forholdet som Ericson (1989) skildrar mellom politiet og eksterne innsidejournalistar. Særleg sidan polititilsette har eit felles samfunnsoppdrag (Politidirektoratet, 2023) medan journalistar har andre mål enn politiet (Bennett, 2020; Innes, 1999). Den gode samhandlinga mellom innsidejournalistar og politiet som Ericson (1989) skildrar kan til dels underbyggast av materialet til denne oppgåva. Informant 7 uttaler at hen til nokre utvalde journalistar kan gi informasjon som ikkje nødvendigvis skal delast vidare, og at dei «kan spisse vår agenda betre [fordi] dei kjenner til bruken av media [...] betre enn det vi gjer.» På andre sida uttrykk fleire informantar at ein del polititilsette ser på visse media med eit negativt blick, og det blir blant anna brukt omgrep som «den store stygge ulven». Slik kan det framstå som at også det norske politiet bevisst eller ubevisst klassifiserer journalistar som inn- og utsidejournalistar.

Ei anna samhandlingsutfordring informantane nemner er at dei operative leiarane har lite forståing for arbeidet til etterforskingssleinga, noko som strid med det Bronstein (2003) og Franklin et al. (2015) skildrar som karakteristisk for velfungerande tverrfagleg samhandling. Informantane uttrykk blant anna at dei operative leiarane har urealistiske forventningar til når etterforskingssleinga kan ta over mediehandteringa, noko som kjem fram i følgande sitat av informant 5:

Du har blant anna den siste saka der eg var i E-KO, der eg oppdaga feilinformasjon rett før eg skulle sende ut pressemelding. [...] Innsatsleiar var for så vidt [...] sakleg og det, men [frå] operasjonsleiararen fekk eg nærmast ei sånn skyllebøtte fordi at eg ikkje hadde tatt av trykket for dei. Så eg opplev kanskje at den forståinga av kva vi står i i E-KO når det pågår er litt ikkje-eksisterande.

Også informant 7 uttaler seg om dei operative leiarane sine urealistiske forventningar:

Eg opplev jo at det er ei forventning i frå operasjonsleiar og innsatsleiar om at E-KO skal uttale seg til media og at E-KO kjem med ei pressemelding 5 minutt etter at vi er kome på. Som regel, sant, så tar det tid før E-KO blir sett og då har dei på mange måtar «trått vatnet» allereie kanskje 1-1,5 timar før E-KO, og dei er utolmodige allereie før vi kjem inn i biletet.

Det at informantane ikkje kjenner seg forstått kan truleg svekke tilliten Ericson (1989) skildrar som viktig i samhandling backstage.

Vidare opplev nokre informantar ueinigheiter med dei operative leiarane rundt kven som skal ta medieavgjerder i etterforskingar. Informant 3 seier:

Det samarbeidet mellom operasjonssentralen, innsatsleiar, etterforskingss-KO, det er ikkje eit velsmurt hjul. [...] Eg meiner at når ein får inn ei type sak, sånn som den på vignetten, der ein ser at her kan vi potensielt stå overfor eit drap, så meiner eg at operasjonssentralen, operasjonsleiar, har ingenting med å gå ut til media, fordi at det skal vere taktisk styrt. Innsatsleiar har heller ingenting med å gå ut. Det eg då ofte møter, som eg har hamna i nokre ordentlege friske diskusjonar med innsatsleiar om, er [at dei seier:] «ja men eg får alle desse spørsmåla» [...] [og] «ja, men eg skal få bestemme det».

Ein kvinneleg informant snakkar om same utfordring i følgande sitat:

Utan å fornærma nokon, så er det jo ofte godt vaksne menn som er i desse innsatsleiarstolane, og så kjem eg som kvinne og så skal du eigentleg setta: «det får du ikkje lov til å seie, dette bestemmer etterforskinga». Og så er det litt vanskeleg å tøyse desse innsatsleiarane [...] og OPS-leiarane.

Desse samhandlingsutfordringane står i kontrast til funna i analysa om samhandlinga mellom PÅL, PEL og KOM. Derimot kan dei underbyggast av at det i politiet eksisterer ulike hierarki, og at det til tider kan vere utfordrande å vite kva hierarki som er gjeldande (King, 2005). Uklarheit knytt til rank og hierarki kan vidare føre til konflikhtar, og derav mindre effektiv samhandling (Anderson & Brown, 2010; Greer et al., 2018).

Det kan vere naturlege årsaker til ueinigheiter rundt kven som har avgjerdsmynde i mediespørsmål. PÅL er den øvste leiarer i etterforskningsarbeid, medan innsatsleiar og operasjonsleiar er blant dei øvste leiarane i operativt arbeid (Politidirektoratet, 2020, s. 40-41). Under etterforskingar vil det ofte også føregå operative oppdrag, og det kan kanskje vere uklare skiljelinjer mellom kva som er operativ informasjon og etterforskningsinformasjon. Likevel underbygg ikkje alt materialet at det eksisterer utfordringar knytt til hierarki. Informant 7 seier at etterforskningsleiinga og dei operative leiarane er einige om kven som har avgjerdsmynde når E-KO har tatt over mediehandteringa: «Det er jo såne ting som gjenspeglar eigentleg heile hierarkiet knytt til E-KO, og som eg føler i alle fall [informanten sitt distrikt] har blitt veldig god på. [...] Det er aldri nokon tvil om kven som har ansvaret.»

Vidare gir informantane uttrykk for at dei har forståing for at dei operative leiarane kan ta andre vurderingar enn dei sjølve. Blant anna seier informant 6 at operasjonssentralen og innsatsleiarane står i eit heilt anna medietrykk enn etterforskningsleiinga:

Men det er veldig lett å forstå, sånn som det er på staden eller på OPS-en: det skjer mykje, dei er i ein heilt annan posisjon enn oss. Vi sit jo og vurderer kvar setning og tenker oss godt om, og er jo einige om kva budskapet skal vere, medan dei svarer media på eit tidspunkt der det er mykje meir hektisk.

Noko av det same kjem fram i følgjande sitat av informant 5: «Det står ein innsatsleiar der og blir bombardert og ein operasjonssentral som blir bombardert.» Gjennom desse sitata framstår det som at informantane tenker at etterforskningsleiinga i større grad kan trekke seg tilbake og førebu seg før dei går ut frontstage, i tråd med det Goffman (1959) poengterer er formålet med arbeid backstage. I kontrast til dette blir innsatsleiarane ofte ståande i det Lewin og Reeves

(2011) kallar *ad hoc*-situasjonar frontstage, sidan media i stor grad har tilgang på arbeidsplassen deira, åstaden, og får med seg både kva dei gjer og seier der. Dersom innsatsleiarane forsøker å trekke seg tilbake backstage på åstaden kan dei truleg risikere å likevel bli forstyrra av media eller publikum, og dermed ende opp frontstage igjen. På denne måten har innsatsleiarane sitt arbeid likskapstrekk med dei flytande overgangane mellom frontstage og backstage som pregar arbeid i helsevesenet (Ellingson, 2003).

Sjølv om operasjonsleiar i større grad enn innsatsleiar kan jobbe frå kontor media ikkje har tilgang til, kan det argumenterast for at også dei hovudsakleg arbeider i området Goffman (1959), Ericson (1989) og Lewin og Reeves (2011) kallar frontstage. Dette fordi dei flittig brukar Twitter og telefon til å svare på førespurnader frå media, og fordi telefonlinja inn til operasjonssentralen ikkje kan stengast slik linja inn til etterforsningsleiinga periodevis kan. Det er også tydeleg at operasjonsleiar i større grad enn etterforsningsleiinga har eit *ad hoc*-forhold til media, ved at det ofte er media som styrer når dei tar kontakt med operasjonssentralen, særleg når kommunikasjonen føregår over telefon.

5.3 Form på møta mellom dei ulike rollane

Av materialet framstår det som at møta mellom PÅL, PEL og KOM om mediehandtering tidvis er det Lewin og Reeves (2011) kallar *ad hoc*, men at dei i hovudsak brukar planlagde og strukturerte møteformer, særleg mellom PÅL og PEL. Det framstår ikkje som at dei ulike rollene møtast til faste tidspunkt for å diskutere mediestrategi, men møteverksemda framstår likevel planlagt ved at det er faste rutine for at rollene møtast i eit E-KO ved store, alvorlege hendingar. I kontrast til dette framstår kommunikasjonen mellom etterforsningsleiinga og dei operative leiarane i stort grad *ad hoc*.

Som presentert i teorikapittelet finst det ulike perspektiv på kva møteform som er best eigna når ulike roller saman skal dele kunnskap og ta avgjerder (Appel-Meulenbroek et al., 2018; Eisenbart et al., 2016; Gotlib Conn et al., 2012; Lewin & Reeves, 2011). Fleirtalet er likevel positive til spontane møteformer, og det er derfor noko overraskande at kommunikasjonen mellom etterforsningsleiinga og dei operative leiarane ser ut til å fungere dårlegare enn kommunikasjonen mellom PÅL, PEL og KOM. Det kan vere ulike årsaker til dette. Først er det ikkje sikkert at kommunikasjonen mellom rollene skjer slik analysa av materialet gir uttrykk for. Svara til informantane avhenger av kva spørsmål dei blir stilt, og dei fekk ingen direkte spørsmål om møtestrukturar. Det at informantane uttrykk at kommunikasjonen mellom PÅL,

PEL og KOM er planlagt, kan også indikere at informantane tenker det er viktig å ha struktur og notoritet under førebuing av mediepresentasjonar backstage i alvorlege saker.

Vidare har etterforsningsleinga og dei operative leiarane, som tidlegare skildra, ulike arbeidslokasjonar og -situasjonar, noko som i liten grad tilrettelegg for samtalar ansikt til ansikt. Dette kan igjen føre til at kommunikasjonen verken blir planlagt eller *ad hoc*, men heller fråværande. Kanskje var det i større grad tilrettelagt for samtalar mellom politiet og eksterne innsidejournalistar i arbeidet skildra av Ericson (1989), sidan desse journalistane ofte jobba frå politistasjonen. Sjølv om informantane i denne avhandlinga ikkje skildrar at journalistar jobbar frå politistasjonen, framstår fleire av dei likevel nesten likte bevisste på kva dei kan gjere for å tilfredstille media som dei operative leiarane.

Fråvær av kommunikasjon mellom etterforsningsleinga og dei operative leiarane tidleg i saka kan truleg også skuldast at etterforskingleinga ofte kjem seinare i gong med arbeidet, som synleggjort i informant 1 sitt sitat under:

Men det er også ei utfordring for etterforskingstilsette at ein ikkje er tidleg nok på til å fortelje kva ein meiner skal inn og ut. Slik at ein [innsatsleiar] blir overlate til seg sjølv ofte på staden der ein står der med sperrebandet.

Utilgjengelegheit er eit dårleg utgangspunkt for kommunikasjon (Gotlib Conn et al., 2012, s. 4). Dette blir underbygd av Gotlib Conn et al. (2012) som poengterer at relasjonar og tilrettelegging for kommunikasjon er viktigare for velfungerande kommunikasjon enn om kommunikasjonen er spontan eller planlagt. I deira forskning kjem det også fram at det er positivt å jobbe geografisk nært kvarandre.

For å betre kommunikasjonen mellom leiarane, og i større grad sikre ein etterforskingstaktisk bruk av media, tar fleire av informantane til orde for ei ordning som minner om tilliten skildra av Ericson (1989) og nærleiken skildra av Gotlib Conn et al. (2012). Informant 1 uttrykk at hen skulle ønske det var «[...] ein tettare link mellom ein innsatsleiar og ein etterforskar, tidleg.» Vidare føreslår informant 3 å sende ein person med etterforskingskompetanse til åstaden for å kommunisere direkte med innsatsleiar:

Eg er litt sånn pådrivar på det at vi skal få nokre frå E-KO ut til åstaden for å få det bindeleddet mellom E-KO her inne og der ute, for å demme opp for innsatsleiar som står der ute og får masse medieførespurnader.

Eit anna konkret forslag for å sikre meir etterforskingstaktisk bruk av media kjem frå informant 7, som føreslår å gi FSI meir ansvar for formidling av etterforskningsinformasjon gjennom Twitter i tida før E-KO tar over mediehandteringa: «Det er jo eit spørsmål om operasjonssentralen er den riktige [for] å så gå ut med den informasjonen. Kanskje skal dei i endå større grad lage ei felles Twitter-melding, FSI og operasjonssentralen.»

Andre informantar fortel om positive erfaringar med å samle etterforskningsleiinga og dei operative leiarane for å evaluere mediehandteringa i etterkant av store hendingar, i det Lewin og Reeves (2011) ville klassifisert som eit planlagt møte. Informant 6 seier: «Vi har hatt fleire tilbakemeldingsmøter der vi har diskutert det med OPSen då, kva kan vi gå ut med tidleg i ein fase og kva må vi halde igjen litt.» Dette samstemmer med komponenten «refleksjon over prosess» i Bronstein (2003) sin modell, der det kjem fram at tilbakemeldingar er viktige for velfungerande tverrfagleg samhandling.

5.4 Delavslutning

Gjennom analysa i dette kapittelet framstår det som at samhandlinga mellom PÅL, PEL og KOM backstage ofte er prega av openheit, ved at rollene deler perspektiv og drøftar saksinformasjon. I dette arbeidet forsøker PÅL, PEL og KOM å førebu mediepresentasjonar der både etterforskingstaktiske, juridiske, etiske og medietaktiske omsyn blir ivaretatt. Samtidig framstår det som at PÅL, PEL og KOM tilpassar bruken av hierarkiske forskjellar til ulike situasjonar, for å kontrollere kva informasjon som blir delt frontstage og sikre god kommunikasjon backstage. Slik ser det ut til at tilpassing av hierarkiet legg til rette for ei god samhandling mellom rollene, i staden for å føre til frontstage-kjensler slik Lewin og Reeves (2011) har observert i helsevesenet.

Derimot ser samhandlinga mellom etterforskningsleiinga og dei operative leiarane ut til å vere prega av utfordringar ved tverrfagleg samhandling som er skildra i tidlegare forskning (Goring et al., 2014; Lewin & Reeves, 2011; Toseland et al., 1986). I samhandlinga ser det ut som at ulike perspektiv blir mindre verdsett, og at dei ulike perspektiva gjer det utfordrande å hemmeleghalde og sensurere riktig informasjon. Vidare framstår det som at samhandlinga i større grad er prega av utfordringar knytt til kven som har avgjerdsmynde, og kommunikasjonen mellom rollene framstår mangelfull og tilfeldig. For å løyse desse samhandlingsutfordringane tar fleire av informantane til orde for ei ordning som minner om sona «tillit» skildra av Ericson (1989). Dette gjennom å uttrykke ønske om ein tettare kommunikasjon med den operative leiinga.

6 Konklusjon

I denne avhandlingen har eg belyst korleis politiet i Noreg brukar media som eit etterforskningsverktøy. Nærmare bestemt har eg gjennom kvalitative intervju med påtalefaglege etterforskningsleiarar, politifaglege etterforskningsleiarar og ein kommunikasjonsrådgivar undersøkt kva vurderingar dei gjer rundt bruken av etterforskingstaktiske mediepresentasjonar og innhaldet i desse. Eg har også undersøkt kva vurderingar dei gjer knytt til samhandling og kommunikasjon mellom ulike roller under førebuinga av mediepresentasjonar. Undersøkinga baserer seg på åtte intervju i tre ulike politidistrikt/særorgan. Funna presenterer informantane sine meiningar og refleksjonar, i hovudsak innanfor rammene gitt i vignetten.

6.1 Overordna funn

Frå analysa av materialet framstår det som at informantane ikkje alltid er einige om korleis politiet skal bruke mediepresentasjonar som eit etterforskningsverktøy, men at dei ofte vurderer dei same omsyna. Om politiet skal bruke mediepresentasjonar avhenger av blant anna informasjonsbehov i straffesaka og i kva grad media er eigna til å dekke desse (Kolflaath, 2019, s. 66). Vidare avhenger det av alvorsgraden på lovbrottet (Riksadvokaten, 2017, s. 23), ressursituasjonen, og om politiet har behov for å bygge ein informasjonsfront for å kontrollere medieinnhaldet (Huey & Broll, 2012; Reid, 2009; Wilson et al., 2011).

Av analysa framstår det vidare som at informantane vektlegg både etterforskingstaktiske, etiske og juridiske omsyn når dei vurderer innhaldet i mediepresentasjonar. Av etterforskingstaktiske omsyn vurderer dei korleis innhaldet kan påverke kven og kor mange vitne som responderer, informasjonen som kjem fram i vitne- og mistenktavhøyr (Huey & Broll, 2012, s. 390) og handlingsmønsteret til gjerningspersonar (Ericson, 1989; Feist, 1999; Innes, 1999). Av etiske omsyn vurderer dei korleis innhaldet kan påverke velværet til både fornærma, pårørande og mistenkte (Barak-Brandes & Shaul, 2014; Ericson, 1989; Kristiansen et al., 2001; Mulley, 2001). Av juridiske omsyn vektlegg informantane særleg at dei ei underlagt teieplikt.

Dei ovannemnte momenta framstår til ein viss grad motstridande, då det som er etterforskingstaktisk å dele kan vere uetisk eller ulovleg. Slik kan nokre argument tale for at politiet opent bør dele informasjon i tydelege narrativ, medan andre for at politiet bør hemmeleghalde og sensurere store mengder informasjon, slik Ericson (1989) skriv at politiet gjer. Valet av innhaldet i mediepresentasjonar framstår derfor som ei krevjande balanse mellom «for og mot»-argument, som kan opplevast vanskelegare dess meir informasjon politiet har.

Vidare verkar det som at vurderinga må gjerast fortløpande i kvar enkelt sak, og at det ikkje er lett å gi tydlege svar på korleis politiet skal bruke media som eit etterforskningsverktøy generelt.

Då analysa baserer seg på eit avgrensa materiale, kan ein ikkje seie at funna er relevante for alle etterforskingar. Det at usikkerheitsmomenta i vurderingane til informantane er forholdsvis like, talar likevel for at funna kan hjelpe polititilsette i avgjerder knytt til etterforskingstaktisk mediebruk i enkelte straffesaker, og dermed kan ha ein overføringsverdi til gitte situasjonar.

Avgjerder knytt til politiet sine mediepresentasjonar frontstage blir ofte vurdert i samarbeid mellom PÅL, PEL og KOM. Sjølv om analysa av materialet avdekkjer ueinigheiter og utfordringar i dette arbeidet, framstår det sentralt for politiet sin etterforskingstaktiske mediebruk. Som i politiet elles (King, 2005; Mead, 2002), eksisterer det maktforskjellar mellom dei ulike rollene, men kommunikasjonen mellom rollene framstår likevel open ved at informantane gir uttrykk for å dele og ta omsyn til ulike perspektiv. I den grad maktforskjellane kjem til uttrykk i materialet er det som verkemiddel for å sikre at riktig informasjon blir delt, på eit strategisk tidspunkt. Gjennom analysa verkar PÅL, PEL og KOM samstemte i at målet er å utarbeide ein presentasjon til det beste for etterforskinga.

Analysa av materialet viser vidare at samhandlinga mellom PÅL, PEL og KOM er prega av at rollene kan trekke seg tilbake og ha planlagt møteverksemd forholdsvis uforstyrra frå media. Derimot framstår det som at PÅL- og PEL-informantane kjenner på press og lite forståing frå operative leiarar, som dei ser ut til å ha lite og i hovudsak spontan kommunikasjon med. Analysa av materialet underbygg også at etterforskningsleinga kjenner på urealistiske forventingar frå operative leiarar, særleg med tanke på når dei kan ta over mediehandteringa. Vidare framstår det som at informantane i denne samhandlinga set mindre pris på ulike perspektiv, og at nokre opplev ueinigheiter med operative leiarar om kven som har avgjerdsmynde i mediearbeidet. Det framstår også som at det kan eksistere frontstage-liknande kjensler mellom etterforskningsleinga og dei operative leiarane, på same måte som Lewin og Reeves (2011) skildrar at slike kjensler kan eksistere i tverrfagleg samhandling i helsevesenet. Analysa underbygg også at samhandlingsutfordringane kan gjere det utfordrande å oppretthalde korrekt nivå av hemmelegald og sensur frontstage.

På tross av utfordringane framstår det gjennom analysa som at etterforskningsleinga har forståing for at dei operative leiarane handterer media annleis enn dei, særleg fordi dei operative har eit meir *ad hoc*-forhold til media. Vidare uttrykk informantane ønske om å legge til rette for

betre samhandling ved mediehandtering ved å ha tettare kommunikasjon med dei operative leiarane.

Som for resultatane om politiet sitt arbeid frontstage, er resultatane om politiet si samhandling backstage basert på eit avgrensa materiale. Likevel kan viktigheita av velfungerande samhandling mellom interne roller i politiet for effektiv og formålsstyrt mediebruk truleg vere overførbar til andre situasjonar, noko som blir underbygd av tidlegare forskning på tverrfagleg samhandling (Bronstein, 2003; Franklin et al., 2015).

6.1 Forskinga sin relevans

Sjølv om informantane framstår bevisste på korleis dei brukar media som eit etterforskningsverktøy, verkar det som at politietaten som heilskap har ein veg å gå for å effektivt og formålsstyrt bruke media som eit etterforskningsverktøy. For det første framstår det gjennom analysa som at operative leiarar kunne hatt nytte av ei kompetanseheving innan etterforskingstaktisk mediebruk, sidan det frå ein etterforskingstaktisk ståstad ser ut som at dei per i dag ikkje alltid uttalar seg til det beste for etterforskinga. Resultata underbygg også behov for betre samhandling mellom etterforskningsleinga og dei operative leiarane i pågåande etterforskingar. Som informant 3 føreslår kan ei løysing vere at ein representant frå E-KO er saman med innsatsleiar på åstaden. Dette forhindrar likevel ikkje utfordringar knytt til kontroll over informasjonsdeling før E-KO er involvert i saka. Ei anna løysing kan vere å i større grad legge til rette for kunnskapsdeling mellom dei ulike leiarrollene utanfor oppdragssituasjonar. Slik kan det vere større rom for både etterforskningsleinga og dei operative leiarane å formilde behova sine. Eit fåtal slike samtalar er truleg likevel ikkje tilstrekkelege for å overføre kunnskapen som krevst for å fullt ut ivareta etterforskingstaktiske, juridiske, etiske og mediestrategiske omsyn ved mediebruk. Dette fordi informantane uttrykk at det også for dei kan vere utfordrande å ivareta alle omsyn utan aktiv dialog med kvarande.

Vidare er særleg funna knytt til informantane si misnøye til operasjonssentralens sin Twitter-bruk relevante. Politiet har annonsert at dei skal avvikle bruken av Twitter og gå over på andre kommunikasjonsplattformer, truleg politiet.no. Dette er ei anledning til å gjennomgå retningslinjene for kva informasjon politiet kan publisere i pågåande etterforskingar og kven som skal ha ansvar for informasjonsdelinga. Som informant 7 nemner kan ei mogelegheit vere at FSI får medansvar for meldingar som omhandlar pågåande etterforskingar.

Til slutt viser resultatane at det trengst ei tydeleggjering av når ansvarsmynda ligg hos etterforskningsleinga kontra hos dei operative leiarane. Sjølv om eksisterande retningslinjer i

utgangspunktet formidlar dette tydeleg, viser analysa av materialet at det likevel kan vere utfordrande, særleg i nokre distrikt. Det viktige då blir kanskje at retningslinjene blir formidla til aktuelle partar, og at ein blir samde om kvar skiljelinjene mellom det etterforskingstaktiske og det operative arbeidet skal gå.

Basert på denne forskinga er det likevel ingen enkle svar på korleis politiet som ein heilskap kan bli betre på formålsstyrt etterforskingstaktisk mediearbeid. Dette leier avhandlinga vidare til det avsluttande delkapittelet om forslag til vidare forskning.

6.2 Forslag til vidare forskning

I lys av tidlegare forskning og arbeidet med denne avhandlinga, ser det ut til at det er behov for meir forskning på samhandlinga mellom etterforskingssleinga og dei operative leiarane under den etterforskingstaktiske mediehandteringa, til dømes gjennom fleire kvalitative intervju og observasjon. Sjølv om dette er eit tema i avhandlinga, er materialet avgrensa til å dekke tre distrikt/særorgan, åtte informantar og ein vignett. Studiet kunne med fordel ha blitt utvida til å inkludere fleire distrikt og informantar, særleg operative leiarar, sidan dette kan belyse alternative perspektiv på samhandlinga.

Vidare gjer etterforskingssleinga si uttrykte misnøye over dei operative leiarane si informasjonsdeling det interessant å samanlikne kva informasjon etterforskingssleinga og dei operative leiarane ønsker å dele i media, og med kva formål. Dette kan til dømes gjerast gjennom ei kvantitativ og ei kvalitativ vignettundersøking. På denne måten kan ein forhåpentlegvis få eit betre grunnlag for både utforming av mediepresentasjonar, samhandling og forståing mellom rollene.

Sidan utvalet i denne oppgåva består av berre ein KOM-informant, er grunnlaget for å belyse KOM sin relasjon til PÅL og PEL noko snevert. Derfor kan det vere interessant å undersøke samhandlinga mellom desse rollene meir inngående, noko som også er foreslått i internasjonal forskning (Chermak & Weiss, 2005).

Eit tema som i liten grad er del av denne avhandlinga, men som er ein del av råmaterialet, er vurderingar knytt til kva medieplattform politiet bør bruke og korleis dei kan nå ut til ønska målgrupper. Kanskje tida framover er eit eigna tidspunkt til å studere konsekvensar ved val av medieplattform, sidan politiet planlegg å flytte kommunikasjon frå Twitter til politiet.no.

Sjølv om det bør forskast meir på norsk politi sin etterforskingstaktiske bruk av media, trur og håper eg at denne avhandlinga kan bidra til auka bevisstheit og kompetanse om dette temaet.

Eg håper at andre finn temaet interessant og vel å forske vidare på dette, og at eventuelle funn blir tatt omsyn til i politiet sitt framtidige mediarbeid.

Antal ord: 23363

7 Litteraturliste

- Adam, L. & van Golde, C. (2020). Police practice and false confessions: A search for the implementation of investigative interviewing in Australia. *Alternative Law Journal*, 45(1), 52-59. <https://doi.org/10.1177/1037969X19874415>
- Adeoye-Olatunde, O. A. & Olenik, N. L. (2021). Research and scholarly methods: Semi-structured interviews. *Journal of the American College of Clinical Pharmacy*, 4(10), 1358-1367. <https://doi.org/10.1002/jac5.1441>
- Alexander, C. S. & Becker, H. J. (1978). The use of vignettes in survey research. *Public Opinion Quarterly*, 42(1), 93-104. <https://doi.org/10.1086/268432>
- Alhojailan, M. I. (2012). Thematic analysis: A critical review of its process and evaluation. *West East Journal of Social Sciences*, 1(1), 39-47. https://faculty.ksu.edu.sa/sites/default/files/ta_thematic_analysis_dr_mohammed_alhojailan.pdf
- Anderson, C. & Brown, C. E. (2010). The functions and dysfunctions of hierarchy. *Research in Organizational Behavior*, 30, 55-89. <https://doi.org/10.1016/j.riob.2010.08.002>
- Appel-Meulenbroek, R., Weggeman, M. & Torkkeli, M. (2018). Knowledge sharing behaviour within organisations; a diary-based study of unplanned meetings between researchers. *Knowledge Management Research & Practice*, 16(2), 267-279. <https://doi.org/10.1080/14778238.2018.1459254>
- Barak-Brandes, S. & Shaul, G. (2014). "The cameras were everywhere": Media conduct through the eyes of homicide victims' families: Switzerland, Italy, and Israel. *The Communication Review*, 17(4), 269-285. <https://doi.org/10.1080/10714421.2014.960731>
- Barriball, K. L. & While, A. (1994). Collecting data using a semi-structured interview: A discussion paper. *Journal of Advanced Nursing-Institutional Subscription*, 19(2), 328-335. <https://doi.org/10.1111/j.1365-2648.1994.tb01088.x>
- Barter, C. & Renold, E. (2000). 'I wanna tell you a story': Exploring the application of vignettes in qualitative research with children and young people. *International Journal of Social Research Methodology*, 3(4), 307-323. <https://doi.org/10.1080/13645570050178594>
- Bennett, K. (2020). The media as an investigative resource: Reflections from English cold-case units. *Journal of Criminal Psychology*, 10(2), 145-166. <https://doi.org/10.1108/JCP-02-2020-0009>
- Bjerknes, O. T., Fahsing, I. A. & Bergum, U. (2018). *Etterforskning: Prinsipper, metoder og praksis*. Fagbokforlaget.
- Bjørge, T. & Myhrer, T.-G. (2015). *Politihøgskolens forskningsetiske veileder*. Politihøgskolen. <https://phs.brage.unit.no/phs-xmlui/bitstream/handle/11250/2652799/Forskningsetisk%20veileder.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Boateng, F. D. & Chenane, J. (2020). Policing and social media: A mixed-method investigation of social media use by a small-town police department. *International Journal of Police Science & Management*, 22(3), 263-273. <https://doi.org/10.1177/1461355720927429>
- Bowling, B., Reiner, R. & Sheptycki, J. (2019). *The Politics of the Police* (5. utg.). Oxford University Press.
- Braun, V. & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative Research in Psychology*, 3(2), 77-101. <https://doi.org/10.1191/1478088706qp063oa>
- Bronstein, L. R. (2003). A model for interdisciplinary collaboration. *Social Work*, 48(3), 297-306. <https://doi.org/10.1093/sw/48.3.297>

- Brunell, K. F., Craun, S. W. & Davis, B. (2019). The relationship between Facebook reactions and sharing investigative requests for assistance. *Journal of Police and Criminal Psychology*, 34(4), 410-416. <https://doi.org/10.1007/s11896-018-9297-6>
- Bukve, O. (2021). *Forstå, forklare, forandre: Om design av samfunnsvitenskaplege forskingsprosjekt* (2. utg.). Universitetsforlaget.
- Bullock, K. (2018). (Re)presenting 'order' online: The construction of police presentational strategies on social media. *Policing and Society*, 28(3), 345-359. <https://doi.org/10.1080/10439463.2016.1177529>
- Chermak, S. & Weiss, A. (2005). Maintaining legitimacy using external communication strategies: An analysis of police-media relations. *Journal of Criminal Justice*, 33(5), 501-512. <https://doi.org/10.1016/j.jcrimjus.2005.06.001>
- Christie, N. (1986). The ideal victim. *From Crime Policy to Victim Policy: Reorienting the Justice System*, 17-30. https://doi.org/10.1007/978-1-349-08305-3_2
- Clemens, F., Knieps, M. & Tekin, S. (2020). Untapped potential? A survey study with German police officers into suspect interviewing practices and the strategic use of evidence. *Journal of Forensic Psychology Research and Practice*, 20(1), 53-79. <https://doi.org/10.1080/24732850.2019.1684123>
- Clements, P. T. & Burgess, A. W. (2002). Children's responses to family member homicide. *Family and Community Health*, 25(1), 32-42. <https://www.jstor.org/stable/44954037>
- Colbran, M. P. (2020). Policing, social media and the new media landscape: Can the police and the traditional media ever successfully bypass each other? *Policing and Society*, 30(3), 295-309. <https://doi.org/10.1080/10439463.2018.1532426>
- Devine, B. A. (1978). Nurse-physician interaction: Status and social structure within two hospital wards. *Journal of Advanced Nursing*, 3(3), 287-295. <https://doi.org/10.1111/j.1365-2648.1978.tb02968.x>
- Donnelly, D. & West, A. (2019). The task is greater than the title: Professionalising the role of the senior investigating officer in homicide investigation. I M. Roycroft & J. Roach (Red.), *Decision Making in Police Enquiries and Critical Incidents: What Really Works?* (s. 107-125). Palgrave Pivot. https://doi.org/10.1057/978-1-349-95847-4_7
- Drizin, S. A. & Leo, R. A. (2003). The problem of false confessions in the post-DNA world. *North Carolina Law Review*, 82, 891. <https://web.williams.edu/Psychology/Faculty/Kassin/files/drizenl.leo.04.pdf>
- Eisenbart, B., Garbuio, M., Mascia, D. & Morandi, F. (2016). Does scheduling matter? When unscheduled decision making results in more effective meetings. *Journal of Strategy and Management*, 9(1), 15-38. <https://doi.org/10.1108/JSMA-03-2014-0017>
- Ejrnæs, M. & Monrad, M. (2012). *Vignetmetoden: Sociologisk metode og redskab til faglig udvikling*. Akademisk Forlag.
- Ekstrand, M. & Damman, S. (2016). Front and backstage in the workplace: An explorative case study on activity based working and employee perceptions of control over work-related demands. *Journal of Facilities Management*, 14(2), 188-202. <https://doi.org/10.1108/JFM-10-2015-0029>
- Ellingson, L. L. (2003). Interdisciplinary health care teamwork in the clinic backstage. *Journal of Applied Communication Research*, 31(2), 93-117. <https://doi.org/10.1080/0090988032000064579>
- EMK. (1950). *Den europeiske menneskerettskonvensjon*. https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-05-21-30/*#KAPITTEL_2
- Ericson, R. V. (1989). Patrolling the facts: Secrecy and publicity in police work. *British Journal of Sociology*, 40(2), 205-226. <https://doi.org/10.2307/590269>
- Fanebust, A., Hall, N., Lie, N. E., Myhrer, T.-G., Sandbukt, U., Haraldsen, H. I. & Syse, H. (2019). *Juss og etikk* (2. utgave. utg.). Universitetsforlaget.

- Feist, A. (1999). *The effective use of the media in serious crime investigations (Paper 120)*. Home Office.
<https://www.politieacademie.nl/kennisenonderzoek/kennis/mediatheek/PDF/3435.pdf>
- Ferguson, L. & Soave, V. (2020). #Missing to #Found: Exploring police Twitter use for missing persons investigations. *Police Practice and Research*, 22(1), 869-885.
<https://doi.org/10.1080/15614263.2020.1753516>
- Fliflet, A. (2015). Rettssikkerheten og media - besværlige sengekamerater? *Jussens Venner*, 50(1-2), 89-98. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-3126-2015-01-02-06>
- Forskningsetikkloven. (2017). *Lov om organisering av forskningsetisk arbeid (LOV-2017-04-28-23)*. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-04-28-23>
- Franklin, C. M., Bernhardt, J. M., Lopez, R. P., Long-Middleton, E. R. & Davis, S. (2015). Interprofessional teamwork and collaboration between community health workers and healthcare teams: An integrative review. *Health Services Research and Managerial Epidemiology*, 2, 1-9. <https://doi.org/10.1177/2333392815573312>
- García, M.-D., Arnaldos, M.-I., Lago, V., Ramírez, M., Ubero, N., Prieto, J., Presa, J.-J. & Luna, A. (2021). The paradigm of interdisciplinarity in forensic investigation. A case in Southeastern Spain. *Legal Medicine*, 48, 101817.
<https://doi.org/10.1016/j.legalmed.2020.101817>
- Goffman, E. (1959). *The Presentation of Self in Everyday Life*. Doubleday.
- Goodman, L. A. (1961). Snowball sampling. *The Annals of Mathematical Statistics*, 32(1), 148-170. <https://www.jstor.org/stable/2237615>
- Goring, S. J., Weathers, K. C., Dodds, W. K., Soranno, P. A., Sweet, L. C., Cheruvellil, K. S., Kominoski, J. S., Rüegg, J., Thorn, A. M. & Utz, R. M. (2014). Improving the culture of interdisciplinary collaboration in ecology by expanding measures of success. *Frontiers in Ecology and the Environment*, 12(1), 39-47.
<https://doi.org/10.1890/120370>
- Gotlib Conn, L., Reeves, S., Dainty, K., Kenaszchuk, C. & Zwarenstein, M. (2012). Interprofessional communication with hospitalist and consultant physicians in general internal medicine: A qualitative study. *BMC Health Services Research*, 12, 437.
<https://doi.org/10.1186/1472-6963-12-437>
- Greer, L. L., de Jong, B. A., Schouten, M. E. & Dannals, J. E. (2018). Why and when hierarchy impacts team effectiveness: A meta-analytic integration. *Journal of Applied Psychology*, 103(6), 591. <https://doi.org/10.1037/apl0000291>
- Grunnlova. (1814). *Kongeriket Noregs grunnlov*. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17-nn>
- Gudjonsson, G. H. & Pearse, J. (2011). Suspect interviews and false confessions. *Current Directions in Psychological Science*, 20(1), 33-37.
<https://doi.org/10.1177/0963721410396824>
- Hartwig, M., Anders Granhag, P. & Strömwall, L. A. (2007). Guilty and innocent suspects' strategies during police interrogations. *Psychology, Crime & Law*, 13(2), 213-227.
<https://doi.org/10.1080/10683160600750264>
- Hindmarsh, J. & Pilnick, A. (2002). The tacit order of teamwork: Collaboration and embodied conduct in anesthesia. *The Sociological Quarterly*, 43(2), 139-164.
<https://doi.org/10.1111/j.1533-8525.2002.tb00044.x>
- Huey, L. & Broll, R. (2012). 'All it takes is one TV show to ruin it': A police perspective on police-media relations in the era of expanding prime time crime markets. *Policing and Society*, 22(4), 384-396. <https://doi.org/10.1080/10439463.2011.641556>
- Hughes, R. & Huby, M. (2002). The application of vignettes in social and nursing research. *Journal of Advanced Nursing*, 37(4), 382-386. <https://doi.org/10.1046/j.1365-2648.2002.02100.x>

- Innes, M. (1999). The media as an investigative resource in murder enquiries. *British Journal of Criminology*, 39(2), 269-286. <https://doi.org/10.1093/bjc/39.2.269>
- Jeffries, C. & Maeder, D. W. (2005). Using vignettes to build and assess teacher understanding of instructional strategies. *Professional Educator*, 27, 17-28. <https://eric.ed.gov/?id=EJ728478>
- Jobe, B. M. & Glidden, L. M. (2008). "What do you think if...": Using vignettes to study attitudes toward adult sibling caregiving and competence of parents of children with disabilities. *International Review of Research in Mental Retardation*, 36, 317-341. [https://doi.org/10.1016/S0074-7750\(08\)00009-8](https://doi.org/10.1016/S0074-7750(08)00009-8)
- Johannessen, A., Tuft, P. A. & Christoffersen, L. (2016). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (5. utg.). Abstrakt forlag.
- Johannessen, L. E. F., Rafoss, T. W. & Rasmussen, E. B. (2018). *Hvordan bruke teori? Nyttige verktøy i kvalitativ analyse*. Universitetsforlaget.
- Johnson, T. P. (2014). Snowball sampling: Introduction. I N. Balakrishnan, T. Colton, B. Everitt, W. Piegorisch, F. Ruggeri & J. L. Teugels (Red.), *Wiley StatsRef: Statistics Reference Online*. <https://doi.org/10.1002/9781118445112.stat05720>
- Kallio, H., Pietilä, A. M., Johnson, M. & Kangasniemi, M. (2016). Systematic methodological review: Developing a framework for a qualitative semi-structured interview guide. *Journal of Advanced Nursing*, 72(12), 2954-2965. <https://doi.org/10.1111/jan.13031>
- King, W. R. (2005). Toward a better understanding of the hierarchical nature of police organizations: Conception and measurement. *Journal of Criminal Justice*, 33(1), 97-109. <https://doi.org/10.1016/j.jcrimjus.2004.10.004>
- Kohm, S. A. (2009). Naming, shaming and criminal justice: Mass-mediated humiliation as entertainment and punishment. *Crime, Media, Culture*, 5(2), 188-205. <https://doi.org/10.1177/1741659009335724>
- Kolflaath, E. (2019). Hypoteser i etterforskningsplaner. I E. H. Olsvik & P. Risan (Red.), *Etterforskning under lupen* (s. 61-99). Politihøgskolen. <https://phs.brage.unit.no/phs-xmlui/handle/11250/2634563>
- Kristiansen, J., Stabell, H., Kindem, T. M., Kallerud, K. H., Pedersen, J., Mikkelsen, K., Larsen, G., Jacobsen, A. & Wiker, L. M. (2001). *Politiets og forsvarernes forhold til medie under etterforskning av straffesaker*. Advoktforeningen og Riksadvokaten. https://www.advokatforeningen.no/contentassets/0dd3be9843de460a9ec46336f965027a/politiets_og_forsvarernes_forhold_til_mediene_under_etterforskning_av_straffesaker.pdf
- Launay, C., Brunel, M. & Bull, R. (2022). What do police interview eyewitnesses for? A review. *Policing: A Journal of Policy and Practice*, 16(4), 602-614. <https://doi.org/10.1093/police/paab081>
- Lewin, S. & Reeves, S. (2011). Enacting 'team' and 'teamwork': Using Goffman's theory of impression management to illuminate interprofessional practice on hospital wards. *Social Science & Medicine*, 72(10), 1595-1602. <https://doi.org/10.1016/j.socscimed.2011.03.037>
- Lillebuen, S., Lidberg, J. & Chubb, P. (2016). Suspect identified: Revisiting naming practices in crime coverage. *Australian Journalism Review*, 38(1), 45-57. <https://search.informit.org/doi/10.3316/ielapa.276549003639801>
- Lundgaard, J. M., Flinterud, G., Bjørkelo, B. & Dahl, J. Y. (2022). Transparens og tilsløring i politiets kunnskapssystemer. *Nytt Norsk Tidsskrift*, 39(2), 111-121. <https://doi.org/10.18261/nnt.39.2.2>
- Løkkevik, O., Solheim, E. K. & Øvrebø, E. F. (2023, 12. juni). Gruppevoldtektssaken i Bergen: Fire menn dømt, én frikjent, melder BT. VG.

- <https://www.vg.no/nyheter/i/XbnLKn/gruppevoldtektssaken-i-bergen-mann-doemt-for-sovevoldtekt-melder-bt>
- Magee, J. C. & Galinsky, A. D. (2008). Social hierarchy: The self-reinforcing nature of power and status. *The Academy of Management Annals*, 2(1), 351-398.
<https://doi.org/10.1080/19416520802211628>
- McGovern, A. & Lee, M. (2010). 'Cop[ying] it sweet': Police media units and the making of news. *Australian & New Zealand Journal of Criminology*, 43(3), 444-464.
<https://doi.org/10.1375/acri.43.3.444>
- Mead, G. (2002). Developing ourselves as police leaders: How can we inquire collaboratively in a hierarchical organization? *Systemic Practice and Action Research*, 15, 191-206.
<https://doi.org/10.1023/A:1016388224349>
- Miles, T. J. (2005). Estimating the effect of America's Most Wanted: A duration analysis of wanted fugitives. *The Journal of Law and Economics*, 48(1), 281-306.
<https://doi.org/10.1086/428718>
- Monckton-Smith, J., Adams, T., Hart, A. G. & Webb, J. (2013). *Introducing Forensic and Criminal Investigation*. Sage.
- Mulley, K. (2001). Victimized by the media. *Criminal Justice Matters*, 43(1), 30-31.
<https://doi.org/10.1080/09627250108552963>
- Myhrer, T.-G. (2015). *Kvalitet i etterforskningen: Særlig om påtaleansvarliges rolle og betydning. Delrapport i «Etterforskningsprosjektet» (2015:1)*. Politihøgskolen.
<http://hdl.handle.net/11250/282259>
- NESH. (2021). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora*. De nasjonale forskningsetiske komiteene.
<https://www.forskningsetikk.no/retningslinjer/hum-sam/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-og-humaniora/>
- Nilssen, V. L. (2012). *Analyse i kvalitative studier: Den skrivende forskeren (2. utg.)*. Universitetsforlaget.
- Norsk presseforbund. (u.å.). *Vær varsom-plakaten*. Pressens faglige utvalg.
<https://presse.no/pfu/etiske-regler/vaer-varsom-plakaten/>
- NOU 2017: 5. *En påtalemyndighet for fremtiden - Påtaleanalysen* Justis- og beredskapsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/contentassets/5e7d542157dc4037856658fbf6edbe9f/no/pdfs/nou201720170005000dddpdfs.pdf>
- Politidirektoratet. (2010). *Operativ mediehåndbok for politiet*. Politidirektoratet.
- Politidirektoratet. (2018). *Retningslinjer - Språk og innhold: Twitter i operasjonssentralene*.
https://www.politiet.no/globalassets/dokumenter-strategier-og-horinger/pod/retningslinjer-sprakoginnhold-twitter-i-operasjonssentralene_pod20182.pdf
- Politidirektoratet. (2020). *PBS I - Politiets beredskapssystem del I - Retningslinjer for politiets beredskap*. Politidirektoratet.
<https://www.politiet.no/globalassets/dokumenter-strategier-og-horinger/pod/pbsi.pdf>
- Politidirektoratet. (2023). *Politiets virksomhetsstrategi 2023–2025*. Politidirektoratet.
<https://www.politiet.no/globalassets/dokumenter-strategier-og-horinger/pod/politiets-virksomhetsstrategi-2023-2025.pdf>
- Politiet. (u.å.-a). *Nasjonale retningslinjer for mediehåndtering i politiet*.
- Politiet. (u.å.-b). *Organisasjonen*. <https://www.politiet.no/om-politiet/organisasjonen/>
- Politihøgskolen. (2022). *ZOOM for PHS*. <https://www.politihogskolen.no/globalassets/om-oss/for-sensurarbeid--bachelor/zoom-veiledning-ba-politihogskolen.pdf>
- Politiloven. (1995). *Lov om politiet (LOV-1995-08-04-53)*.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1995-08-04-53>

- Politiregisterforskriften. (2013). *Forskrift om behandling av opplysninger i politiet og påtalemyndigheten* (FOR-2013-09-20-1097). <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2013-09-20-1097>
- Politiregisterloven. (2010). *Lov om behandling av opplysninger i politiet og påtalemyndigheten* (LOV-2010-05-28-16). <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2010-05-28-16>
- Påtaleinstruksen. (1985). *Forskrift om ordningen av påtalemyndigheten* (FOR-1985-06-28-1679). <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1985-06-28-1679>
- Rachlew, A. (2010). Å forske på sine egne: Metodiske og etiske utfordringer knyttet til forskning på egen profesjon. I T. Myklebust & G. Thomassen (Red.), *Arbeidsmetoder og metodearbeid i politiet: Forskningskonferansen 2010* (s. 127-149). Politihøgskolen. <http://hdl.handle.net/11250/175078>
- Reid, S. (2009). Media: A useful investigative tool. *The Journal of Homicide and Major Incident Investigation*, 5(2), 59-74. <https://uswvarious1.blob.core.windows.net/uswvarious-prod-uploads/documents/Volume 5 Issue 2 Autumn 2009-Journal Autumn 09 FINAL SECURE.pdf#page=61>
- Reyna, V. F., Holliday, R. & Marche, T. (2002). Explaining the development of false memories. *Developmental Review*, 22(3), 436-489. [https://doi.org/10.1016/S0273-2297\(02\)00003-5](https://doi.org/10.1016/S0273-2297(02)00003-5)
- Reza, S. (2005). Privacy and the criminal arrestee or suspect: In search of a right, in need of a rule. *Maryland Law Review*, 64(3), 755-874. <https://digitalcommons.law.umaryland.edu/mlr/vol64/iss3/3>
- Riksadvokaten. (1981). *Meddelelser til offentligheten om straffesaker. - Opplysninger om etterforskning, påtaleavgjørelser m.v.* (1/1981). <https://www.riksadvokaten.no/wp-content/uploads/2017/09/Rundskriv-1981-1-Meddelelser-til-offentligheten-om-straffesaker.pdf>
- Riksadvokaten. (1999). *Etterforskning* (3/1999). <https://www.riksadvokaten.no/document/etterforskning/>
- Riksadvokaten. (2016). *Politiavhør* (2/2016). <https://www.riksadvokaten.no/document/politiavhor/>
- Riksadvokaten. (2017). *Veileder - Innsyn i straffesaksdokumenter for andre enn sakens parter* (3/2017). <https://www.riksadvokaten.no/document/veileder-om-innsyn-i-straffesaksdokumenter-for-andre-enn-sakens-parter/>
- Riksadvokaten. (2018). *Kvalitetskrav til straffesaksbehandlingen i politiet og ved statsadvokatembetene mv* (3/2018). <https://www.riksadvokaten.no/document/nytt-kvalitetsrundskriv/>
- Riksadvokaten. (2020). *Nasjonal straffesaksinstruks*. <https://www.riksadvokaten.no/document/nasjonal-straffesaksinstruks-revidert-mai-2020/>
- Riley, A. H., Critchlow, E., Birkenstock, L., Itzoe, M., Senter, K., Holmes, N. M. & Buffer, S. W. (2021). Vignettes as research tools in global health communication: A systematic review of the literature from 2000 to 2020. *Journal of Communication in Healthcare*, 14(4), 283-292. <https://doi.org/10.1080/17538068.2021.1945766>
- Robin, B. (2017). Naming crime suspects in the news: “Seek truth and report it” vs. “minimizing harm”. I A. M. Nhamo & C. Tendai (Red.), *Media Law, Ethics, and Policy in the Digital Age* (s. 207-225). IGI Global. <https://doi.org/10.4018/978-1-5225-2095-5.ch012>
- Skilbrei, M.-L. (2019). *Kvalitative metoder: planlegging, gjennomføring og etisk refleksjon* (1. utgave. utg.). Fagbokforlaget.

- Sorochinski, M., Hartwig, M., Osborne, J., Wilkins, E., Marsh, J., Kazakov, D. & Granhag, P. A. (2014). Interviewing to detect deception: When to disclose the evidence? *Journal of Police and Criminal Psychology*, 29, 87-94. <https://doi.org/10.1007/s11896-013-9121-2>
- Straffeprosessloven. (1986). *Lov om rettergangsmåten i straffesaker* (LOV-1981-05-22-25). <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-05-22-25>
- Tjora, A. (2017). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (3. utg.). Gyldendal Akademisk.
- Toseland, R. W., Palmer-Ganeles, J. & Chapman, D. (1986). Teamwork in psychiatric settings. *Social Work*, 31(1), 46-52. <https://doi.org/10.1093/sw/31.1.46>
- Vest Politidistrikt. (2020). *Plan for sosiale medium - Vest Politidistrikt 2020*.
- Vest Politidistrikt. (2022). *Spesialinstruks - Informasjon til mediene* (AS-100-10). Vest Politidistrikt.
- Webbink, D., van Erp, J. & van Gastel, F. (2017). The effect of media exposure of suspects on solving crime. *The Economic Journal*, 127(600), 547-570. <https://doi.org/10.1111/eoj.12287>
- Wilson, D., Howe, N., Kemp, D. & Tolputt, H. (2011). Servicing the media's needs at arm's length: Police-media relations during high-profile murder investigations. *Policing: A Journal of Policy and Practice*, 5(4), 343-355. <https://doi.org/10.1093/police/par046>
- Wilson, J. & While, A. E. (1998). Methodological issues surrounding the use of vignettes in qualitative research. *Journal of Interprofessional Care*, 12(1), 79-86. <https://doi.org/10.3109/13561829809014090>
- Wixted, J. T., Mickes, L. & Fisher, R. P. (2018). Rethinking the reliability of eyewitness memory. *Perspectives on Psychological Science*, 13(3), 324-335. <https://doi.org/10.1177/1745691617734878>
- Åstedt-Kurki, P. & Heikkinen, R. L. (1994). Two approaches to the study of experiences of health and old age: The thematic interview and the narrative method. *Journal of Advanced Nursing*, 20(3), 418-421. <https://doi.org/10.1111/j.1365-2648.1994.tb02375.x>

8 Vedlegg

Vedlegg 1: Intervjuguide

Innleiing

- Takka for at informanten deltar.
 - Presentasjon av meg, prosjektet og intervjuet
- Fortel om
 - Anonymitet og frivilligheit
 - Korleis dataene blir behandla
 - At det ikkje skal bli snakka om informasjon underlagt teieplikt.
- Høyra om informanten har spørsmål til prosjektet, intervjuet, informasjonsskrivet eller samtykkeskjema.

Om informanten

- Kva stilling har du i politiet?
- Kor mykje erfaring har du med valds- og/eller drapssaker?
- I ca. i kor mange etterforskingar av denne sakstypen har du vore involvert der de har vurdert å bruka media som eit verktøy?
- I ca. i kor mange etterforskingar av denne sakstypen har du vore involvert der de har brukt media som eit verktøy?
- Kva formalkompetanse har du som er relevant for etterforsking og/eller media?
- Korleis har du lært om bruken av media i etterforsking?

Spørsmål til vignetten:

Til del 1:

- Korleis ville du handtert medietrykket i denne saka?
- Kvifor/kvifor ikkje ville du brukt media som eit verktøy i denne saka?
 - Eventuell oppfølgingsspørsmål: kva må til for at du ville brukt media som eit verktøy i denne saka?
- Kva ville du brukt media til?
- Kva informasjon ville du gått ut med? Kvifor?
- Kva informasjon ville du haldt tilbake? Kvifor?
- Korleis ville du praktisk gått fram ved bruken av media i denne saka?
 - Eventuelt oppfølgingsspørsmål: Korleis ville du formidla denne informasjonen gjennom media?

- Kva media ville du brukt? Kvifor?
- Kva dilemma kan oppstå ved bruken av media i denne saka?
- Kva er dine tankar om kva som ville skjedd vidare, dersom du tok kontakt med media?
- Har du andre ting å påpeika om korleis media kan bli brukt innleiingsvis i denne saka?
- Manglar du informasjon i vignetten, som ville hatt betydning for vurderingane dine
 - Eventuelle oppfølgingsspørsmål: Kva? kvifor?

Til del 2:

- Tenkjer du noko har endra seg rundt korleis du ville brukt media som eit verktøy no, eventuelt kva?
 - Eventuelt oppfølgingsspørsmål: Kvifor gjer du andre vurderingar no enn tidlegare?
 - Følg evt. opp med spørsmål knytt til refleksjonane gjort til del 1.
- Kunne dei initielle vurderingane vore annleis dersom desse opplysingane hadde vore tilgjengeleg tidlegare, eventuelt kva?
 - Eventuelle oppfølgingsspørsmål: Korleis? Kvifor?
 - Følg evt. opp med spørsmål knytt til refleksjonane gjort til del 1.
- Er det nokre nye dilemma som har oppstått angående bruken av media?
- Er det noko informasjon du manglar i del 2 av vignetten, som ville hatt betydning for vurderingane dine?
 - Eventuelle oppfølgingsspørsmål: Kva? Kvifor?
- Kva vurderingar gjer du deg rundt bruken av media seinare i saka?

Generelle spørsmål om bruken av media:

Vurderingar og konsekvensar

Berre dersom informantane ikkje har svar utfyllande tidlegare.

- Kva meiner du er viktig for politiet å tenkja over når det blir vurdert å bruka media som eit etterforskningsverktøy i saker som omhandlar grov vald og drap?
 - Eventuelt oppfølgingsspørsmål: Kva positive og negative sider kan bruken av media ha? (For etterforskinga, for dei involverte, for samfunnet elles, andre?).
- Kva tankar har du rundt korleis digitaliseringa av media og sosiale media kan påverka politiet sin bruk av media i ei etterforsking?

Kunnskap og erfaring

- Kva form for kunnskap og/eller erfaring brukar du når du svarer på spørsmåla over, samt brukar eller vurderer å bruka media i etterforskinga av grov vald og drap?
- Forventar du at andre med di rolle i politiet vil vera einige med tankane dine om bruken av media i etterforskinga av grov vald og drap?

Strategi og retningslinjer:

- Kva kjenner du til av retningslinjer, instruksar og lovverk som politiet i Noreg har og nyttar for bruken av media som eit etterforskningsverktøy – både nasjonalt og lokalt?
- Dersom du brukar desse, korleis brukar du dei?

Eventuelle ekstraspørsmål:

Politiet sin kompetanse

- Korleis opplev du politiet generelt sin kompetanse om korleis politiet kan bruka media?
 - Eventuelt oppfølgingsspørsmål: Korleis kan ein eventuelt forbetra politiet sin bruk av media i etterforsking?
- Dersom de har gjennomført evaluering av mediearbeidet i ei straffesak, fortel om denne evalueringa.

Samarbeid

- Kven er involvert når ein skal bruka media i etterforskinga av grov vald og drap?
- Kva tenkjer du er dei ulike si rolle i dette arbeidet?
- Korleis opplev du samarbeidet mellom desse aktørane?
 - Eventuelt oppfølgingsspørsmål: Korleis opplev du samarbeidet med media i desse sakene?
- Har samarbeidet med media endra seg dei siste åra, eventuelt korleis?

Avslutning

- Nemn 3-4 ting av det vi har snakka om som du meiner er viktigast.
- Er det noko meir du tenkjer er viktig å få fram om politiet sin bruk av media som eit etterforskningsverktøy?
- Er det nokre spørsmål som eg ikkje har stilt som du meiner det er viktig at eg stiller i neste intervju?
- Har du andre tips til neste intervju?
- Er det noko du lurar på om forskingsprosjektet?

- Kan eg kontakta deg igjen dersom det blir aktuelt?
- Takk for intervjuet.

Vil du delta i forskingsprosjektet

Politiet sin offentlege bruk av media i etterforsking av grov vald og drap
– eit verkemiddel for å skapa framgang i straffesaker

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt, der formålet er å sjå på korleis politiet kan bruka offentlege media som eit verktøy i etterforskinga av grov vald og drap, samt vurderingane som blir gjort rundt dette. I dette skrivet gir vi deg informasjon om måla for prosjektet og kva ei deltaking vil innebera for deg.

Formål

Eg går no siste året på studiet «Erfaringsbasert master i etterforsking» ved Politi høgskolen i Oslo. Studiet er eit deltidsstudium, og eg tar det ved sidan av full jobb som etterforskar på valdsavdelinga på Bergen sentrum politistasjon i Vest Politidistrikt. Sjølv om eg jobbar som politi, vil eg gjennomføra denne undersøkinga i kraft av at eg er masterstudent.

Masteroppgåva har følgjande problemstilling:

Korleis brukar politiet media offentleg for å skapa framgang i draps- og grove valdssaker?

Internasjonal forskning indikerer at media kan vera eit eigna, men utfordrande middel for å skapa framgang i saker. På bakgrunn av dette er formålet med prosjektet å sjå nærmare på korleis norsk politi meiner ein kan nytta media som eit verktøy i etterforskinga av grov vald og drap, og kva vurderingar som blir gjort i dette arbeidet. Dette ikkje i form av at politiet brukar opne sosiale media til å sjølv leita opp tilgjengeleg informasjon, men i form av at politiet forsøker å kontakta publikum og involverte i ei sak gjennom offentlege media for å få respons som kan skapa framgang i saka. Det er berre dei tilfella der politiet gjer dette i det offentlege der det er tydeleg at det er politiet som er «avsendar», som vil bli sett på i denne oppgåva. Formålet er også å auka politiet sin kunnskap om media som verkemiddel.

Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?

Det er Politi høgskolen som er ansvarleg for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

I undersøkinga ønskjer eg å snakka med personar tilsett i politiet som har erfaring med å bruka media til å ta offentleg kontakt med befolkinga, i håp om å skapa utvikling i saker som omhandlar grov vald og drap. Du får spørsmål om å delta på bakgrunn av at du har erfaring med dette. I første omgang ønskjer eg å gjennomføra intervju av 5-6 tilsette i politiet. Deretter vil eg vurdere om det er behov for, og tid til, å intervju fleire.

Kva inneber det for deg å delta?

Dersom du vel å delta i prosjektet, inneber det at eg vil intervju deg. Intervjuet vil truleg ta mellom 1 time og 1,5 timar. Dersom det dukkar opp relevant informasjon i ettertid, kan eg ta kontakt for å stilla deg nokre enkeltspørsmål.

Eg vil gjennomføra intervju slik:

- Innleiingsvis vil eg spørja deg om nokre personopplysingar, som alder, stilling, erfaring i politiet, utdanning, osv.

- Deretter vil eg stilla deg spørsmål rundt 1-2 vignettar. Vignetten/ane er casar som presenterer ei fiktiv sak som omhandlar grov vald eller drap. Du vil få mogelegheit til å respondera på denne/desse og vurdera korleis du eventuelt kan bruka media i desse sakene, og kva vurderingar som ligg bak det.
- Etter dette vil eg stilla deg nokre generelle spørsmål om bruken av media under etterforskinga av saker som omhandlar grov vald og drap, og vurderingane som blir gjort rundt bruken av media.

Intervjua blir tatt opp på lyd ved hjelp av ein lydopptakar.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig for deg å delta i prosjektet. Viss du vel å delta, kan du når som helst trekka samtykket utan å oppgi nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje ha nokre negative konsekvensar for deg viss du ikkje vil delta eller seinare vel å trekka deg.

Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og brukar opplysningane dine

Eg, masterstudent Solveig Sæther Skeidsvoll, og rettleiar og forskar ved Politihøgskolen, Guro Flinterud, har tilgang til opplysningane. Vi vil berre bruka opplysningane om deg til formåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

I etterkant av intervjua overfører eg lydopptaka frå lydopptakaren til Politihøgskolen sin sikre lagringsplass OneDrive. Når eg har lagra dei der, slettar eg dei frå lydopptakaren. Deretter transkriberer eg intervjua og anonymiserer dei. Namnet og kontaktopplysingane dine erstattar eg med ein kode. Namnelista lagrar eg skilt frå øvrige data.

I masteroppgåva vil du bli anonymisert. Dersom det likevel dukkar opp informasjon som kan leia til indirekte identifisering, vil du få mogelegheit til å kommentera og få fjerna det. Det vil vera mogeleg for deg, før publisering, å sjå gjennom opplysningane som er presentert frå ditt intervju. Dette for at du skal kunne kontrollera at du i minst mogeleg grad vil bli gjenkjent.

Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?

Opplysningane blir anonymisert når prosjektet blir avslutta/oppgåva er godkjent, noko som etter planen er 15. januar 2023. Ved prosjektslutt vil personopplysingane dine, samt lydopptaka, bli sletta.

Dine rettar

Så lenge du kan bli identifisert i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva personopplysningar som er registrert om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane,
- å få retta personopplysningar om deg,
- å få sletta personopplysningar om deg, og
- å senda klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysningane dine.

Kva gir oss rett til å behandla personopplysningar om deg?

Vi behandlar opplysningar om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå Politihøgskulen har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kvar kan du finna ut meir?

Viss du har spørsmål til studien, eller ønskjer å nytta deg av dine rettar, ta kontakt med:

- Politihøgskolen ved studieleiar Nina Jon, tlf. 23199746, e-post: nina.irene.jon@phs.no, eller rettleiar og forskar Guro Flinterud, tlf. 99243106, e-post: guro.flinterud@phs.no.
- Vårt personvernombud: personvernombud@phs.no

Du kan også retta spørsmål til meg på tlf. 95420479 eller e-post: solveig.saether.skeidsvoll@phs.no

Hvis du har spørsmål knyta til NSD si vurdering av prosjektet, kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS på e-post (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 55 58 21 17.

Med venleg helsing

Guro Flinterud
Forskar/rettleiar

Solveig Sæther Skeidsvoll
Student

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet «*Politiet sin offentlege bruk av media i etterforskning av grov vald og drap – eit verkemiddel for å skapa framgang i straffesaker*», og har fått anledning til å stilla spørsmål. Eg samtykker til:

å delta i intervju

Eg samtykker til at opplysningane mine blir behandla fram til prosjektet er avslutta, ca. 15. januar 2023.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

Vedlegg 3: Retningslinjer for datainnsamlingssøknad til distrikta (Oslo politidistrikt)

Vedr. datainnsamling ved politidistrikter

Det forventes at en datainnsamlingssøknad til distriktet bl.a. skal inneholde:

- En presentasjon av prosjektet – institusjon og veileder
- En angivelse av hva det ønskes bistand til, og angivelse av ønsket tidspunkt for oppstart, tidsforbruk og omfanget av involvering fra politidistriktets side.
- En redegjørelse omkring taushetspliktproblemstillinger – enten hvorfor dette ikke er relevant for prosjektet, eller hvilke tillatelser som er innhentet (POD/riksadvokat mv) og som også vedlegges søknaden.
- En vurdering av de forskningsetiske aspekter ved prosjektet/forholdet til kolleger/ledere/politidistriktet

Det forventes også at søknaden fremstår på en slik måte at studenten forstår at han/hun i denne sammenhengen er å anse som en ekstern. Ikke bruk politiets brevark, epostadresse osv. Å opplyse at nærmeste leder allerede er kontaktet og stilt seg positiv osv. er dermed ikke hensiktsmessig, og for å unngå rolleblandinger bør interne kontakter og avklaringer utstå til anmodningen er behandlet.

Søknad om tilgang til politidistriktets ressurser eller informasjon skal stiles til politimesteren.

Saksgang:

Søknaden vil bli vurdert, og dersom det er grunnlag for å bistå, vil driftsenhetsleder ved den aktuelle enheten bli kontaktet og forespurt om det er kapasitet og forsvarlig ressursutnyttelse å medvirke. Noen områder/avsnitt er særlig etterspurt, og en søknad kan dermed bli avslått som følge av "overretterspørsel". Selv om slike anmodninger blir behandlet så fort som mulig, bør søknaden sendes i god tid. Dette vil gi tid til å evt. besvare tillegsspørsmål, men også gi tid til å endre planer om politidistriktet ikke kan bistå med prosjektet som ønsket.

Vedlegg 4: Døme på søknad til politidistrikt



POLITIHØGSKOLEN

Politimeisteren i XXX
Namn politimeister
Post. [REDACTED]@politiet.no

NORWEGIAN POLICE UNIVERSITY COLLEGE

Bergen, 24.03.22

SØKNAD TIL XXX POLITIDISTRIKT IFM INTERVJU I MASTERSTUDIE

BAKGRUNN

I samband med masterstudiet «Erfaringsbasert master i etterforskning», søker eg om tilgang til å samla data hos XXX politidistrikt i prosjektperioden. «Erfaringsbasert master i etterforskning» er eit masterstudie ved Politihøgskolen i Oslo. I samband med studiet skal eg skriva ei masteroppgåve rundt eit valfritt tema. Eg ber med dette om tillating til å intervjuja tilsette i XXX politidistrikt, samt om tilgang til lokale skriftlege instruksar og veiledarar rundt emnet.

OM PROSJEKTET

Eg, masterstudent Solveig Sæther Skeidsvoll, leiar forskingsprosjektet. I tillegg til å studera, jobbar eg 100% som etterforskar på valdsavsnittet i Bergen sentrum i Vest Politidistrikt. Guro Flinterud, som er forskar ved Politihøgskolen i Oslo, er rettleiar for prosjektet.

I masteroppgåva mi, ønskjer eg å sjå nærmare på korleis politiet brukar media som eit etterforskningsverktøy under etterforskinga av saker som omhandlar grov vald og drap. Dette i form av at politiet forsøker å kontakta publikum og involverte i ei sak gjennom offentlege media for å få respons og reaksjonar som kan skapa framgang i saka. Det er berre dei tilfella der politiet gjer dette i det offentlege, der det er tydeleg at det er politiet som er «avsendar», som vil bli sett på i denne oppgåva.

For å undersøka dette, ønskjer eg å intervjuja tilsette i politiet som under etterforskinga av denne sakstypen har nytta offentlege media, som aviser, TV, sosiale media, og liknande, i eit forsøk på å få framgang i saker.

KVA DET SØKAST OM

Eg ber med dette om tillating frå politimeisteren i XXX til å samla inn data. Datainnsamlinga vil bli gjort gjennom intervju av politifaglege etterforskningsleiarar og påtalefaglege etterforskningsleiarar. Det kan også bli aktuelt å intervjuja tilsette ved kommunikasjonsavdelinga. Dette avhenger av kva som kjem fram under dei første intervjuja. Det er ønskjeleg med intervju av ca. fem til seks informantar, men berre nokre av desse vil vera tilsett i XXX politidistrikt. Intervjuja vil truleg vara ca. 1-1,5 timar. Det er ønskjeleg å gjennomføra intervjuja i perioden april-juni 2022. Dette med forbehold om at eg er i stand til dette, grunna

POLITIHØGSKOLEN

Pb.5027 Majorstuen, 0301 Oslo
Slemdalsveien 5
Tlf: 23 19 99 00 /Faks: 23 19 99 01
Org. nr: 974 761 017 / Giro: 7694.05.08335
www.phs.no /postmottak@phs.no

Avdeling Bodo

Pb. 6004, 8002 Bodo
Slekkåsveien 1
Tlf: 75 58 80 00
Faks: 75 58 80 30

Utdanningscenter

Kongsvinger
Pb. 100, 2201 Kongsvinger
Motjemsvegen
Tlf: 62 82 59 00
Faks: 62 82 59 50

Justissektorens kurs- og øvingscenter Avdeling Stavern

Pb. 204, 3291 Stavern
Fredriksvern Verft
Tlf: 33 13 43 00
Faks: 33 13 43 02

graviditet. Dersom det oppstår komplikasjonar vil alle eller nokre av intervjuia føregå på eit seinare tidspunkt.

Eg søker også tilgang til interne retningslinjer og instruksar rundt emnet. Dette grunna at desse truleg har betydning for korleis politiet brukar media som eit etterforskningsverktøy. Eg ber ikkje om dokument som er «unntatt offentlighet».

PERSONVERN OG TIEIPLIKT

Prosjektet er meldt til Norsk senter for forskningsdata, NSD, og blir berre gjennomført dersom dei godkjenner det.

I forskingsprosjektet skal eg ikkje samla inn og behandla teiepliktsopplysningar knyta til straffesaker. Ingen personopplysningar om tredjeperson vil bli notert ned eller registrert. All data vil bli behandla etter gjeldande retningslinje for handtering av sensitivt forskingsmateriale, og data vil bli anonymisert slik at personvernomsyn blir ivaretatt og etatsinterne forhold ikkje kjem til uvedkomande. Alle deltakarane vil bli anonymisert både undervegs i arbeidet med oppgåva og i den endelege skriftlege oppgåva.

Det er frivillig for informantane å delta på studien. Alle informantane vil motta informasjon om korleis opplysningar om dei vil bli handtert. Dei vil også motta eit informasjonsskriv som inneheld tema for oppgåva, samt korleis dei kan trekka seg frå studien dersom dei ønskjer det.

FORSKINGSETIKK

Det kan føreliggja etiske utfordringar rundt det å, som polititilsett, forska på eigen etat. Blant anna kan det for informantane, sidan eg også er politi, opplevast utfordrande å ikkje snakka om saksdetaljar. Det kan også vera utfordrande å innhenta reelle samtykke. For å førebygga dette ønskjer eg å forska i distrikt der eg ikkje sjølv jobbar, samt intervjuia informantar eg ikkje kjenner. På denne måten vil det bli tydelegare at eg under intervjuia er til stades som forskar, ikkje som kollega. Dette er også noko informantane vil få tydeleg informasjon om før intervjuia. Vidare har eg ingen leiande stilling i Vest politidistrikt, og det er derfor liten grunn til å tru at stillinga mi vil føra til at informantane kjenner på eit press for å delta.

Vidare er det viktig at metodeforskning ikkje skadar politiet sin effektivitet. På bakgrunn av dette ønskjer eg, som skrive over, ikkje tilgang til dokument «unntatt offentligheten». Då eg i dette forskingsprosjektet ønskjer å sjå på korleis politiet brukar/kan bruka offentlege media for å få framgang i saker, er det i utgangspunktet svært liten grunn til å tru at forskingsprosjektet skadar effektiviteten. Ny kunnskap, eller det å spreia allereie eksisterande kunnskap om bruken av media, kan kanskje heller leia til at politiet seinare kan bruka media på ein meir effektiv og gjennomtenkt måte.

Alle dei etiske utfordringane som kan oppstå, vil bli belyst inngåande i den skrifteleg masteroppgåva.

POLITIHOØGSKOLEN
Pb. 5027 Majorstuen, 0301 Oslo
Slemdalsveien 5
Tlf: 23 19 99 00 / Faks: 23 19 99 01
Org. nr: 974 761 017 / Giro: 7694.05.08335
www.phs.no / postmottak@phs.no

Avdeling Bodø
Pb. 6004, 8002 Bodø
Slekkåsveien 1
Tlf: 75 58 80 00
Faks: 75 58 80 30

**Utdanningscenter
Kongsvinger**
Pb. 100, 2201 Kongsvinger
Motjernsvegen
Tlf: 62 82 59 00
Faks: 62 82 59 50

**Justissektorens kurs- og
øvingssenter Avdeling Stavern**
Pb. 204, 3291 Stavern
Fredriksvern Verft
Tlf: 33 13 43 00
Faks: 33 13 43 02

Med venleg helsing

Solveig Sæther Skeidsvoll
Masterstudent

Kontaktinformasjon:
E-post: solveig.saether.skeidsvoll@phs.no
Telefon: 95420479

Guro Flinterud
Forskar ved Politihøgskolen

Kontaktinformasjon:
E-post: guro.flinterud@phs.no
Telefon: 99243106

POLITIHØGSKOLEN

Pb.5027 Majorstuen, 0301 Oslo
Slemdalsveien 5
Tlf: 23 19 99 00 /Faks: 23 19 99 01
Org. nr: 974 761 017 / Giro: 7694.05.08335
www.phs.no /postmottak@phs.no

Avdeling Bodø

Pb. 6004, 8002 Bodø
Slekkåsveien 1
Tlf: 75 58 80 00
Faks: 75 58 80 30

Utdanningscenter

Kongsvinger
Pb. 100, 2201 Kongsvinger
Motjernsvegen
Tlf: 62 82 59 00
Faks: 62 82 59 50

**Justissektorens kurs- og
øvingssenter Avdeling Stavern**

Pb. 204, 3291 Stavern
Fredriksvern Verft
Tlf: 33 13 43 00
Faks: 33 13 43 02

Vedlegg 5: Søknad og godkjenning frå NSD

Det er gjort nokre endringar i prosjektet som ikkje er meldepliktig. Derfor ser innhaldet i søknaden noko annleis ut enn den ferdige avhandlinga.

10.11.2023, 10:29

Meldeskjema for behandling av personopplysningar



[Meldeskjema](#) / [Korleis brukar politiet media offentleg for å skapa framgang i etterforskin...](#) / Eksport

Meldeskjema

Referansenummer

134694

Hvilke personopplysningar skal du behandle?

- Navn
- Kontaktinformasjon
- Nettidentifikator
- Stemme på lydopptak
- Bakgrunnsopplysningar, som i kombinasjon vil kunne identifisere en person
- Straffbare forhold

Beskriv bakgrunnsopplysningene

Eg har tenkt å intervju personar som jobbar i politiet. For å koma i kontakt med desse må eg ha namn, telefonnummer og e-postadresse. Det kan bli aktuelt å behandla opplysningar rundt kva stilling dei har i politiet, kva politidistrikt dei jobbar i, kva kjønn dei har, kor lang erfaring dei har i politiet, og liknande. I oppgåva vil eg anonymisera personane. I tillegg til å samla informasjon om dei eg intervjuar, ønskjer eg i oppgåva å visa til artiklar og liknande i dei digitale media som illustrerer at politiet har brukt media som eit etterforskningsverktøy. I desse artiklane kan det også vera informasjon om at ein avbilda og namngitt person er mistenkte/sikta eller tiltalt i ei pågåande straffesak. Formålet med oppgåva mi er ikkje å presentera slike personar, men det kan bli ein konsekvensar av at eg ønskjer å illustrera korleis politiet jobbar.

Prosjektinformasjon

Tittel

Korleis brukar politiet media offentleg for å skapa framgang i etterforskinga av grov vald og drap?

Sammendrag

Formålet med prosjektet er å presentera korleis nokre i politiet brukar media i eit håp om å skapa framgang i saker, og gjennom dette auka kunnskapen om korleis politiet brukar/kan bruka tradisjonelle media og eventuelt sosiale media som eit verktøy i etterforsking av grov vald og drap. Dette ikkje i form av at politiet sjølv leitar opp informasjon gjennom desse media, men at dei går offentleg ut med informasjon, i håp om at det skal føra til framgang i saka.

Dersom personopplysningene skal behandles til flere formål, beskriv hvilke

Skal berre brukast til behandling i prosjektet.

Begrunn behovet for å behandle personopplysningene

Når det gjeld informasjonen som er knyta til informantane, vil nokre av personopplysningane vera nødvendige for at eg skal kunne ha kontakt med informantane, til dømes namn og kontaktinformasjon. Personopplysningane som omhandlar stilling, kor lenge dei har jobba i politiet, kva utdanning dei har og liknande, er av interesse for å sjå om personar med ulik bakgrunn vektlegg ulike ting. Til dømes kan ein påtalejurist og ein etterforskningsleiar har ulikt syn. Det kan også ein person med lang erfaring versus ein person med kort erfaring. Dette kan vera aktuelt å ta opp i drøftingsdelen dersom det viser seg at informantane har veldig ulike tankar og syn. Personopplysningar om potensielle lovbrøt og at personar er mistenkt/sikra/tiltalt er i seg sjølv ikkje nødvendig for prosjektet, men vil bli truleg ein bieffekt av informasjon som er nødvendig. Ei medieanalyse vil blant anna potensielt kunne sannsynleggjere eller usannsynleggjere refleksjonar som politiet kjem med, det kan bidra til å illustrera det som kjem fram i intervju, og bidra til å belysa ulike poeng. Ei medieanalyse kan trug i større grad visa korleis politiet faktisk har gjort noko, ikkje berre seia noko om kva politiet meiner dei gjer. I ei slik analyse vil eg henta informasjon frå opne nettsider, som til dømes nettaviser og politiet sine sosiale media. I sjølve oppgåva vil eg som utgangspunkt forsøka å anonymisera personane som er omhandla i aktuelle artiklar, men ved nokre tilfelle vil dette vera umogeleg då det er snakk om kjente saker som har fått svært mykje mediemerkeemd.

Prosjektbeskrivelse

[Prosjektskisse til NSD.docx](#)

Ekstern finansiering

Ikke utfyllt

Type prosjekt

Master

Kontaktinformasjon, student

Solveig Sæther Skeidsvoll, solveig.saether.skeidsvoll@phs.no, tlf: 95420479

Behandlingsansvar**Behandlingsansvarlig institusjon**

Politihøgskolen

Prosjektansvarlig

Guro Flinterud, guro.flinterud@phs.no, tlf: 99243106

Er behandlingsansvaret delt med flere institusjoner?

Nei

Utvalg 1**Beskriv utvalget**

Personar tilsett i politietaten som har brukt media som eit etterforskningsverkrøy under etterforskinga av grov vald og/eller drap.

Beskriv hvordan du finner frem til eller kontakter utvalget

Eg tenkjer å gjennomføra eit strategisk utval. Eg har nokre distrikt eg ønskjer å ta kontakt med, blant anna Oslo pd, Øst pd, Trondheim pd og Kripos. Eg har valt å ikkje ta kontakt med mitt eige politidistrikt, og eg vil heller ikkje interjua personar eg arbeider med. Dette grunna utfordringar med å forska på eigen arbeidsstad.

Aldersgruppe

22 - 68

Hvilke personopplysninger vil bli behandlet om utvalg {{i}}? 1

- Navn
- Kontaktinformasjon
- Nettidentifikator
- Stemme på lydopptak
- Bakgrunnsopplysninger, som i kombinasjon vil kunne identifisere en person

Hvordan innhentes opplysningene om utvalg 1?**Personlig intervju****Vedlegg**

[Intervjuguide.docx](#)

Lovlig grunnlag for å behandle alminnelige personopplysninger

Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)

Informasjon til utvalg 1**Mottar utvalget informasjon om behandlingen av personopplysningene?**

Ja

Hvordan mottar utvalget informasjon om behandlingen?

Skriftlig (papir eller elektronisk)

Informasjonsskriv

[Informasjonsskriv til deltakarane.doc](#)

Utvalg 2**Beskriv utvalget**

Personar som er omhandla i nyhendeartiklar og liknande som illustrerer at politiet har nytta media som eit verktøy, og kva informasjon politiet då har gått ut med.

Beskriv hvordan du finner frem til eller kontakter utvalget

Søk på internett der ein finn relevante artiklar og informasjon i sosiale- og tradisjonelle media.

Aldersgruppe

18 - 106

Hvilke personopplysninger vil bli behandlet om utvalg {{i}}? 2

- Navn
- Bakgrunnsopplysninger, som i kombinasjon vil kunne identifisere en person
- Straffbare forhold

Hvordan innhentes opplysningene om utvalg 2?**Sosiale medier - åpent forum****Lovlig grunnlag for å behandle alminnelige personopplysninger**

Allmennhetens interesse (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav e)

Begrunn valget av behandlingsgrunnlag

Som skrive tidlegare, er ikkje opplysningane om lovbrøt i seg seg sjølv naudsynte for analysa, men artiklar som presenterer naudsynt informasjon kan innehalde denne informasjonen. Eit døme kan vera ei etterlysing av ein person med namn og/eller bilete. Ein slik artikkel kan bidra til å illustrera at politiet blant anna nyttar etterlysing av personar, og kva informasjon det er naturleg å gå ut med i ei etterlysing. Eit anna eksempel er Hagen-saka. I denne saka har politiet nytta media svært aktivt. Mange av artiklane handlar i utgangspunktet om andre ting enn at Hagen er/har vore mistenkt. Døme på dette er at politiet har spurt i media kven som kjenner til ein falsk ID på eit pass og kven som kjenner til miljø som har kunnskap om kryptovaluta. Likevel vil det truleg av artiklane koma fram at Hagen er/har vore mistenkt. Uansett kjenner "alle" til denne saka. Ved å henvisa til artiklar, vil stort sett alle vita kven som er/har vore mistenkt. Likevel ønskjer eg å gjennomføra ei medieanalyse. Som skrive i førre avsnitt viser artiklane så mykje meir enn kven som eventuelt har gjort noko straffbart. Gjennom ei medieanalyse kan eg i større grad underbygge "påstandane" som kjem fram i intervju. Samtidig kan dei i større grad visa kva politiet faktisk har gjort, ikkje berre kva politiet seier at dei gjer. Artiklane kan også bidra til å aktualisera problemstillinga, ved å visa til at dette faktisk er noko som blir brukt. I den grad det er mogeleg vil eg forsøka å anonymisera personane som er omhandla i artiklane, men i mange tilfeller vil dette vera umogeleg. Meir informasjon etter tilbakemelding: Av sosiale media som kan vera aktuelle er politiet sine sosiale media-sider, blant anna Facebook, Twitter-kontoar og evt. Snapchat (Nyhendesider, og liknande er omhandla nedanfor under "annet"). Andre offentlege aktørar som Åsted Norge og andre nyhendeorgan og frivillige organisasjonar sine sosiale media-sider, kan også bli aktuelt å visa til. Dette avhenger av kva søka på nett vil avsløra om korleis og gjennom kven informasjonen frå politiet har spreidd seg. Det blir ikkje aktuelt å nytta privatpersonar sine kontoar på sosiale media. Metodisk, kjem eg til å ta printscreen, der eg sladdar bort eventuelle opplysingar om tredjeperson (journalistar, forfattarar, og liknande). Opplysningane, vil som intervju, bli lagra på Politihøgskolen sin godkjente OneDrive. Eventuelle opplysingar om tredjepersonar (forfattarar, journalistar og liknande) vil bli sletta fortløpande, men kan vera synleg dersom lesarane av masteroppgåva går inn i litteraturlista. Dette fordi eg ikkje har høve til å redigera artiklar og lignande som er publisert på internett.

Lovlig grunnlag til å behandle opplysninger om straffbare forhold

Allmenn interesse eller offentlig myndighet (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav e, jf. art. 10)

Begrunn valget av behandlingsgrunnlag

Det vil truleg vera umogeleg/uhensiktsmessig å skaffa samtykke frå dei som er omtalt som mistenkte, sikta og tiltalt i media. Viser til avsnitta under "Redegjør for valget av behandlingsgrunnlag" for kvifor det er naudsynt. Eg ønskjer sjølv sagt å avgrensa personverulempen. Det kan vera utfordrande, då informasjon ofte vil koma tydeleg fram i artiklane. Det eg vil vera tydelg på, er at dei som er omhandla i sakene ikkje nødvendig er skuldige eller dømt. Eg vil ikkje henga nokon.

Annet**Beskriv**

Nettviser, nyhender på TV og lignende.

Lovlig grunnlag for å behandle alminnelige personopplysninger

Allmennhetens interesse (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav e)

Begrunn valget av behandlingsgrunnlag

Same som for sosiale media. Meir informasjon etter tilbakemelding: Her kan alle typar offentlege nettviser (vg.no, nrk.no, tv.no, osv) vera aktuelle. Det kan også bli aktuelt å visa til offentlig tilgjengelege tv-program som til dømes Åsted Norge, nyhendesendingar og -kanalar, og liknande.

Lovlig grunnlag til å behandle opplysninger om straffbare forhold

Allmenn interesse eller offentlig myndighet (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav e, jf. art. 10)

Begrunn valget av behandlingsgrunnlag

Same som for sosiale media.

Informasjon til utvalg 2**Mottar utvalget informasjon om behandlingen av personopplysningene?**

Nei

Begrunn hvorfor utvalget ikke mottar informasjon om behandlingen

Det framstår uhensiktsmessig å ta kontakt med alle personane som er nemnt i artiklane. Det vil truleg også vera uforholdsmessig å ta kontakt med og leita opp kontaktinformasjonen deira. Dersom ein person berre er etterlyst med bilete, vil eg truleg heller ikkje vita kven det er, og har derfor ikkje mogelegheit til å ta kontakt.

Tredjepersoner

Innhenter prosjektet informasjon om tredjepersoner?

Nei

Dokumentasjon

Hvordan dokumenteres samtykkene?

- Manuelt (papir)

Hvordan kan samtykket trekkes tilbake?

Informantane kan trekka samtykket ved å ta kontakt med rettleiar, studieleiar eller meg. Dette, saman med kontaktinformasjon, kjem fram av informasjonsskrivet som blir sendt til deltakarane.

Hvordan kan de registrerte få innsyn, rettet eller slettet personopplysninger om seg selv?

Informantane kan få innsyn i dei registrerte opplysningane som seg sjølv, ved å ta kontakt med rettleiar, studieleiar eller meg. Dette, saman med kontaktinformasjon, kjem fram av informasjonsskrivet som blir sendt til deltakarane.

Totalt antall registrerte i prosjektet

1-99

Tillatelser

Vil noen av de følgende godkjenninger eller tillatelser innhentes?

- Annen godkjenning

Annen godkjenning

Godkjenning frå Politimeisterane/leiarane i politidistrikta der informantane arbeider, truleg Oslo pd, Øst pd og Kripos. Søknad til dei er under arbeid. Eg og rettleiar har drøfta om vi må søkja til POD og/eller Riksadvokaten, med då eg verker er interessert i å samla saksopplysingar eller teieopplysingar om metodebruk, har vi vurdert at det ikkje er naudsynt.

Sikkerhetstiltak

Vil personopplysningene lagres atskilt fra øvrige data?

Ja

Hvilke tekniske og fysiske tiltak sikrer personopplysningene?

- Fortløpende anonymisering
- Adgangsbegrensning

Hvor blir personopplysningene behandlet?

- Databehandler
- Mobile enheter

Hvem har tilgang til personopplysningene?

- Student (studentprosjekt)
- Prosjektansvarlig
- Databehandler

Hvilken databehandler har tilgang til personopplysningene?

Databehandlar er PolitiHøgskulen sin OneDrive - høgskulen sin sikre datalagringsstad.

Overføres personopplysninger til et tredjeland?

Nei

Avslutning

Prosjektperiode

01.04.2022 - 29.02.2024

Hva skjer med dataene ved prosjektslutt?

Data anonymiseres (sletter/omskriver personopplysningene)

Hvilke anonymiseringstiltak vil bli foretatt?

- Personidentifiserbare opplysninger fjernes, omskrives eller grovkategoriseres
- Lyd- eller bildeopptak slettes

Vil enkeltpersoner kunne gjenkjennes i publikasjon?

Ja

Begrunn

I utgangspunktet vil eg sørge for at ingen kan bli indirekte identifisert, men det kan bli utfordrende ved nokre spesialtilfelle. Dersom nokre av informantane har spesialutdanning innan media, noko eg vil tru er sjeldant, kan ein risikera at dei kan identifiserast av personar som kjenner dei. Det kan også koma fram annan informasjon som kan identifisera. Dersom dette er tilfelle, og det viser seg å ha vitenskapleg betydning, vil eg ta det opp med kvar enkelt deltakar. Dersom det ikkje er greitt for den enkelte deltakaren, vil informasjonen bli fjerna. Personar omtalt i media vil kunne bli identifisert og namngitt ved å referera til mediedekkinga.

Tilleggsopplysninger

Vedlegg 6: Forklaring til forkortingar

PÅL: Forkorting for påtalefagleg etterforsningsleiar. Person med juridisk utdanning som har det overordna ansvaret for etterforskinga. Er ein del av etterforsningsleiinga.

PEL: Forkorting for politifagleg etterforsningsleiar. Person med politifagleg utdanning som har ansvar for den praktiske gjennomføringa av etterforskinga. Er ein del av etterforsningsleiinga.

KOM: Forkorting for kommunikasjonsrådgivar. Ein person som ofte har mediefagleg bakgrunn og som støttar politiet i mediespørsmål.

E-KO: Forkorting for etterforsningskommandoplass. E-KO etablerast ved mistanke om ekstraordinære hendingar. I E-KO samlast etterforsningsleiing, fagansvarlege og metodeansvarlege, for å sikre rask oppstart av etterforsking og riktig ressursbruk.

FSI: Forkorting for Felles straffesaksmottak. FSI har ansvar for å ta imot straffesaker, og for å sikre kvalitet og effektivitet i initialfasen av etterforskingar.